

STRANDA
KOMMUNE
-til å vere stolt av



ÅRSMELDING 2017

Innhold

FORORD	4
RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR	4
HENDINGAR 2017	6
POLITIKK	6
Politisk organisering:	6
Viktige saker som er blitt handsama i 2017	7
VERDIGRUNNLAG	7
PLANVERK OG STYRING	8
DEMOGRAFI	11
ØKONOMI 2017	13
RAMMETILHØVE	14
ÅRSREKNESKAPEN	14
DRIFTSREKNESKAPEN	15
.....	16
RAMMEOMRÅDA	16
LÅNEGJELD	17
.....	18
KOMMUNE OG STAT – RAPPORTERING, KOSTRA	18
KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR	18
RÅDMANNEN SI LEIARGRUPPE	23
STAB/STØTTE	24
OPPVEKST	27
Barnehage:	27
Alle barn med rett til barnehageplass fekk retten oppfylt både i 2015, 2016 og 2017	28
Indikatorer	28
Oversikt antall barn	29
Minoritetsspråklige barn	29
Skule	30
HELSE OG OMSORG	31
Nokre trekk ved folkehelsa i Stranda kommune	32
Helse og omsorg	34
.....	37

Årsmelding 2017

PLAN OG UTVIKLING.....	38
VEDLEGG 1 – ÅRSMELDING FRÅ EININGANE	40
STAB; PERSONAL OG LØN - 1021.....	41
SERVICEKONTORET - 1030.....	43
IKT - 1023.....	45
RINGSTAD SKULE - 2010	47
SUNNYLVEN SKULE - 2020.....	50
GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE - 2030	53
LIABYGDA SKULE - 2040	56
LIABYGDA BARNEHAGE – 2040	59
HELSTAD BARNEHAGE - 2050.....	62
STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING.....	65
RINGSTAD BARNEHAGE - 2110.....	71
SUNNYLVEN BARNEHAGE - 2120.....	74
PPT- 2200.....	77
STRANDA DISTRIKT – 3010 - 3014	80
SUNNYLVEN DISTRIKT - 3020.....	84
GEIRANGER DISTRIKT - 3030	87
EINING FOR HABILITERING/REHABILITERING, - 3040 - 3042	89
HELSETENESTA – 3050.....	92
SOSIALTENESTA – 3060 - 3065	94
NAV-STRANDA - 3070.....	98
KULTUR OG FRITID – 4010 - 4014.....	101
PLAN/MILJØ/NÆRING - 5010	104
KOMMUNALTEKNIKK - 6010	106
BRANNVERN - 6010	108
VAKTMEISTERTENESTA - 7010	111
VEDLEGG 2 – ÅRSMELDING FRÅ UTVAL	113
PAU – PARTSSAMANSETT UTVAL	113
FHU – FORHANDLINGSUTVALET.....	113
ALF – ADMINISTRATIVT LØNS- OG FORHANDLINGSUTVAL.....	114
AMU – ARBEIDSMILJØUTVAL	115
ATU – ADMINISTRATIVT TILSETTINGSUTVAL	116

FORORD

Årsmeldinga er rådmannen sin presentasjon av kommunen sitt offisielle regnskap og skildring av verksemda for kommunestyret. Årsmeldinga fungerer i tillegg som eit informasjonsdokument for innbyggjarane, næringslivet og andre lesarar.

Årsmeldinga skal seie noko om oppnådd resultat, ressursbruk, kvalitet og omfang av ulike tenester innanfor ulike einingar og hendingar i 2017.

Årsmeldinga er detaljrik og omfattande. Dette er gjort for at politikarane og tilsette skal få ein grundige informasjon om kommunen når det gjeld overordna styringssystem og kommunal tenesteyting innafor dei ulike einingane.

Hovudfokus i årsmeldinga er å tydeliggjere at kommunen er til for å dekkje innbyggjarane sine behov for ulike tenester.

RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

2017 har vore eit aktivt, krevjande og utfordrande år for Stranda kommune. Vi alle opplever at kravet til kommunal sørvis og tenesteproduksjon aukar for kvart år. Vi skal yte og levere tenester av høg kvalitet til rett tid og med rett kompetanse.

Stranda kommune hadde eit netto driftsresultat på NOK 21.252.085- i 2017. Dette er ein auke frå eit netto driftsresultat på NOK 20.792.937 i 2016. Einingane kan syne til eit mindreforbruk på NOK 16.107.945. Budsjettert mindreforbruk for 2017 var NOK 0.- Tett samarbeid og god dialog mellom politikk, administrasjon og einingane, samt innføring av rutinar for god økonomistyring og kontroll, har bidrege til dette gode resultatet. Ei utfordring er å oppretthalde motivasjon, vilje og struktur innanfor dei ulike einingane til å halde fram som no. Det er svært krevjande å tilpasse drifta med krav om god kvalitet og nye tiltak innanfor tronge rammer.

Forpliktande plan bygger på at ein i 2017 skal dekkje inn NOK 6.000.000.- av tidlegare akkumulert meirforbruk, og det målet nådde kommunen for 2017.

Lånegjelda til Stranda kommune er framleis svært høg. Den totale lånegjelda for kommunekonsernet var per. 31.12.2017 NOK 799.860.377. Total lånegjeld utgjør NOK 174.000.- per innbyggjar, noko som er ein nedgang på NOK 3.000.- sidan avslutninga av rekneskapen for 2016.-

Det er viktig å vere merksam på at kommunen ikkje har økonomisk handlingsrom for å løyse ytterlegare store og naudsynte investeringar i tillegg til å skulle dekkje dei aukande utgiftene på drifta. Krav til vedlikehald av kommunal bygningsmasse, vegar, vatn og avløp er ei utfordring. Asfaltering av kommunale vegar var eit prioritert område i 2017. Utbygging av vatn og avløp i Svemorka var ei av dei store oppgåve i 2017 utanom oppstart av mange og viktige planar som til dømes reguleringsplan i Geiranger og kommunaplanen sin samfunnsdel. Planlagt renovering av Solbakken var òg ei viktig sak og fekk eit anna utfall enn fyrst tenkt. Dette førte til innleige av eit konsulentfirma som saman med tilsette i pleie og omsorg skal sjå på framtidig dimensjonering av tenestetilbod innanfor helse, pleie- og omsorg. Rapporten skal vere ferdig juni 2018. Sak om

Årsmelding 2017

skulestruktur og tal skular i kommunen var til handsaming hausten 2017, og saka held fram i 2018.

Stranda kommune er ein sterk region innanfor næringsmiddelindustri og turisme. Kommunen er den største bedrifta gjeld tall tilsette, og alle bedriftene er avhengig av god tilgang på arbeidskraft. Folketalet i Stranda kommune har dei seinare åra hatt ein svak vekst. Den største auken er relatert til arbeidsinnvandring. Stranda kommunen har mange arbeidsinnvandrarak som er tilsette i ulike bedrifter. Skal vi i framtida klare å oppretthalde god kvalitet på tenestene våre, vert det viktig å ha fokus på rekruttering og at kommunen skal vere konkurransedyktig med tanke på kompetansesarbeidsplassar. Vi vil i åra som kjem ha tettare kontakt med næringslivet.

Stranda kommune har dei siste åra hatt positiv utvikling i sjukefråveret. Det totale sjukefråveret i 2017 var på 5,9%, ein lite oppgang frå 2016(5,6%) og er eit fantastisk og svært gledeleg godt resultat. Rapportering frå tenesteeiningane syner at Stranda kommune jamt over yter gode tenester. Dei skildrar også om ein arbeidskvardag som ein balansegang mellom fag og økonomi- kva skal prioriterast?

Stranda kommune har tilsette med god kompetanse og utgjer ei stabil arbeidskraft. Kommunen sin tilsette har både kapasitet til og syner vilje til omstilling. Dette er verdifullt for å evne vidareutvikling og nytte det potensialet som ligg i Stranda kommune, både som organisasjon og som samfunn. Rekruttering av høgskuleutdanna fagpersonar er ei utfordring og vil vere eit satsingsområde i åra som kjem.

God eigenkontroll er ein føresetnad for å kunne byggje oppom og oppretthalde eit godt omdøme. Positivt omdøme og god eigenkontroll er viktig for å framstå som truverdig overfor innbyggjarane, brukarane og utanfor kommunen. Vi opplever jamt over å få gode tilbakemelding frå både næringslivsaktørar, innbyggjarar, politikarar og tilsette om at vi er på rett veg kva gjeld informasjon, organisering og struktur. Vi har eit mål om å bli betre på digitalisering og brukardialog.

Eg er oppteken av å ha fokus på og bruke energien på det som skal skje framover. Samtidig er det viktig å reflektere over kva som er gjort for å lære og kunne endre og forbetre praksis i notid og i framtida. System og rutiner for betryggande internkontroll har vore eit prioritert arbeid og har resultert i fleire dokument som vart godkjent i kommunestyret desember 2017. Dette vil gjelde for heile organisasjonen, både for kommunestyret og for administrasjonen.

Vi vil halde fram med arbeidet for å vidareutvikle rutinar og bruken av kvalitetssystemet Compilo.. Dette er verktøy til bruk for kartlegging og måling av tenester som ledd i systematisk kvalitetsutvikling av tenestene. Dette skal gi oss eit kunnskapsgrunnlag og betre styringsinformasjon for så igjen å kunne vurdere og analysere konsekvensar av kommunestyret sin politikk. Fleire einingsleiarar skriv at avvikshandtering vil vere ei prioritert oppgåve framover. Vi gjennomførte 2 svært lærerike og nyttig dialogmøter våren og hausten mellom politikarane og administrasjonen. Desse møta er eit viktig fora for erfaringsutveksling og gjensidig informasjon.

Takk til leiarar, einingsleiarane og den einskilde tilsette som dagleg leverer tenester med god kvalitet til kommunen sine innbyggjarar. Dei har gjort ein framifrå stor og god innsats i ein krevjande situasjon. Ei takk også til tillitsvalde og politikarar for godt samarbeid i året som har gått. Vårt felles mål er å skape ei kommune som yter gode tenester og møter innbyggjarane på ein engasjert og respektfull måte med vekt på dialog, samspel og samhandling.

Stranda 30 mars 2017

Åse Elin Hole
Rådmann

HENDINGAR 2017

Vi hadde både store og små hendingar i 2017 som gav oss fine opplevingar og gode minner.

29. mar. 2017, historisk dag for Stranda. Orkla med storsatsing der Orkla vil gjere den største enkeltinvesteringa nokon gong i konsernet si historie i Stranda.

27.april 2017, vart Liabygda ferjekai opna med talar og barnesong. Sambandet Stranda-Liabygda har no to nye ferjekaier som gjer det mogeleg med større ferjer i framtida.

August 2017 var det storstilte jubileumsarrangement for feiring av Liabygda kyrkje 100 år og Geiranger kyrkje 175 år.

8 oktober 2017 var det offisielt opning av den nyrestaurerte Ljøkaia.

POLITIKK

Politisk organisering:

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ. Kommunestyret har all mynde til å ta avgjerder og treffe vedtak på vegne av kommunen. Skal andre ha mynde til å ta avgjerder og treffe vedtak må det fylgje av lov eller av delegasjon.

Kontrollutvalet har det løpande tilsynet med den kommunale forvaltning.

Under følgjer eit kort oversyn over tal handsama saker i året 2017 samanlikna med tidlegare år.

Politiske utval:

Utval	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Kommunestyre	140	196	114	151	130	141	118
Kontrollutvalet	21	37	30	24	22	20	15
Formannskap	143	205	181	140	130	132	130
Miljø og kommunelteknikk	120	135	119	103	92	75	73
Faste utval for plansaker	87	104	114	108	104	99	97
Helse, oppvekst og kulturutval	45	122	60	63	55	90	50
Partssamansett	10	15	5	2	0	12	6

Årsmelding 2017

utval							
Forhandlingsutval	10	16	10	11	9	12	8
Viltnemnda	14	3	15	19	21	12	28
Eldreråd	16	21	10	22	19	18	15
Råd for funksjonshemma	17	18	8	18	24	15	14
Ungdomsrådet	5	19	13	11	14	10	17

Administrative utval:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Arbeidsmiljøutval	24	19	26	41	42	31	57
Administrativt tilsettingsutval	82	93	71	60	75	65	83
Administrativt løns- og forhandlingsutval	26	33	34	24	21	11	33

Viktige saker som er blitt handsama i 2017

Arbeid med utvikling og tilrettelegging av areal Svemorka industriområde

Lien hyttegrend

Reguleringsplan ny veg/bru Fursetreset

Skulestruktur

Reguleringsplan Geiranger

Oppstart reguleringsplan Geiranger

VERDIGRUNNLAG

Stranda kommune – til å vere stolt av, er ein slagkraftig og flott visjon. Grunnverdiar og verereglar utgjer verdidokumentet som er vedteke i kommunestyret. Dette skal synleggjere kommunen sin vilje og evne til å bygge oppom og vidareutvikle eit godt omdømme. Skal innbyggjarane og andre samarbeidspartar ha tillit til kommunen, må etisk kvalitet på tenesteutøving og det å fatte gode vedtak vere grunnsteinen. Målet er at alle tilsette og folkevalte skal ha felles forståing og vere seg bevisst dette verdidokumentet. God etisk standard skal prege oss alle i møtet med omverda, og vi skal sjå til at det vert etterlevd i regelverk og kontrollsystem i heile organisasjonen.



PLANVERK OG STYRING

Kommunen sine oppgåver er regulert i kommunelova, plan- og bygningslova og andre lover og føreskrifter, nasjonale føringar og politiske vedtak. Mange av oppgåvene blir operasjonalisert og implementert gjennom planar som inngår i kommunen sitt plansystem. Alle planar skal vedtakast av kommunestyret. Det skal vere ein samheng og konsistens i kommunen sine styringsdokument ved at styringsdokument på eit lågare nivå skal vere ei operasjonalisering av styringsdokument på eit høgare nivå – den raude tråden i det kommunale plan- og styringssystem.

Fyrste steg er å starte med **planstrategien** som minst ein gong i kva valperiode skal rullerast. Målet med planstrategien er å vurdere kva planar som skal utarbeidast og reviderast i valperioden. For å vurdere planbehovet skal planstrategien drøfte kommunen sine strategiske val for samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar og dei ulike tenestområda sine utfordringar. I tillegg skal det vurderast om det er behov for å revidere delar av eller heile kommuneplanen.


Årsmelding 2017

Tabellen nedanfor syner planstrategi i Stranda kommune som var til politisk handsaming desember 2016, men enno ikkje vvedteken.

Planoppgåver							
	PLANGRUPPE OG TEMA	VEDTEKE	2016	2017	2018	2019	2020-
1.0	Kommuneplan						
1.1	Kommuneplan Samfunnsdel - med ROS	NY		X			Rullering
1.2	Kommuneplan - Arealdel med ROS	1992			X		Rullering
1.3	Planstrategi.	2012	X				Rullering
2.0	Kommunedelplanar						
2.1	Kommunedelplan Hevsdalen	2007					X
2.2	Kommunedelplan Stranda sentrum	1993					X
2.3	Kommunedelplan Strandadalen	1993					X
2.4	Kommunedelplan Hellesylt	1993					X
2.5	Kommunedelplan Geiranger	2005					X
2.6	Kommunedelplan Liabygda	2006					X
2.7	Kommunedelplan Vassdrag	2011					X
2.8	Kommunedelplan Landbruk	2008					X
2.9	Kommunedelplan fv63 - Rv15		X				
2.10	Kommunedelplan sjøareal	NY					X
3.0	Årlege planprosessar						
3.1	Økonomiplan/Årsbudsjett	2015	X	X	X	X	X
3.2	Forpliktande plan	2015	X	X	X	X	X
4.0	Større sektorplanar.						
4.1	Hovedplan for vassforsyning			X			
4.2	Hovedplan for avløp og vassmiljø	2009					X
4.3	Vassressursplan - regional plan						X
4.4	Avfallsplan - ÅRIM						
4.5	Pleie- og omsorgsplan	2016				X	
4.6	Strategisk næringsplan	NY		X			
4.7	Kommunedelplan idr. og friluft	2016				X	
4.8	Plan for brannvernet	2016				X	
4.9	VA- Hevsdalen				X		
5.0	Sektorovergrepande planar						
5.1	Nasjonal transportplan						
5.2	Plan for beredskap og krise	Kontinuerleg	X	X	X	X	X
5.3	Trafikktryggingssplan	2003			X		
5.4	Energi- og klimaplan	2011					X
5.5	Ruspolitisk handlingsplan	2016				X	
5.6	Bustadsosial handlingsplan			X			
5.7	Plan for integrering			X			
5.8	IKT-Plan				X		
5.9	Kulturminneplan		X				
5.10	Beredskapsplan Åknes/Tafjord		X	X			
6.0	Reguleringsplanar						
6.1	Geiranger sentrum/Sjøområde		X				
6.2	Stranda Sentrum	2011					X
6.3	Hellesylt Sentrum	2015					X
6.4	Liabygda						X
6.5	Barlia m/gangveg Svingen - Fv60				X		
6.6	Svemorka III		X				
6.7	Gangveg Langlo - Ødegård - Sentrum		X				
6.8	Motorcrossbane			X			
6.9	Skytebane, Liabygda		X				

X= år for oppstartsarbeid.

Årsmelding 2017



Figuren over illustrer korleis plan- og styringssystem i kommunen skal vere og korleis prosessen skal gjennomførast. Det er gjennom god leiing og gode plan – og styringsprosessar at kommunen best kan ivareta rolla som tenesteytar, samfunnsutviklar og som demokratisk arena.

Plansystemet består av kommunen sine overordna og politiske vedtekne planar som skal sikre gjennomføring av politiske mål og prioriteringar.

Styringssystem er meint som rådmannen sine verkty for å kunne iverksetje og følgje opp politiske vedtak, mål og prioriteringar.

Leiing er utøving og iverksetjing av tiltak for å nå måla i planane gjennom gode prosessar basert på ein arbeidskultur for læring og kontinuerlig forbetring av praksis. Gjennom samhandling og gjensidig dialog vil ein kunne leie arbeids- og endringsprosessar tufta på verdidokumentet som er retningsgjevande for oss alle.

Kommuneplanen er kommunen sitt strategisk styringsdokument og inneheld mål og retningsval for kommunen si utvikling. Kommuneplanen består av samfunnsdel og ein arealdel. Planen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og interesser. Det er vanleg at kommuneplanen blir utarbeidd for ein periode på inntil 12 år, men skal reviderast kvart fjerde år. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel (økonomiplan) som skal seie noko om korleis planen skal bli følgd opp i denne fire års perioden. Målet vårt i kommunen er å innarbeide kommuneplanen sin handlingsdel i handlingsprogrammet (eitt – års verksemdsplaner)

Før ein kjem dit må kommunen utarbeide eit **planprogram** som skal skildre kva tema som vert planlagt revidert i kommuneplanen, utgreiingsbehov og prosessar for medverknad.

Samfunnsdelen skal konkretisere mål, strategiar og ynskt utvikling for Stranda kommune som organisasjon og samfunnet.

Arealdelen skal syne samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, samtidig syne til avveging mellom vern og utbygging. Denne planen er juridisk bindande.

Økonomiplanen har eit fire- års perspektiv med årsbudsjett som fyrste år. Planen blir rullert kvar år.

Årsbudsjettet er kommunen sitt dokument som syner kva ramme kommunestyret har vedteke at dei ulike einingane/verksemdene har det komande året – rammene er bindande for rammeområda.

Dei økonomiske rammene byggjer på rammefaktorar i kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Økonomiske konsekvensar knytt til mål og tiltak i kommunen sine ulike temaplanar

Handlingsplanen er eit administrativt dokument som skal sikre samanheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, samt oppfølging av politiske vedtak, lover og føreskrifter. Mål og tiltak frå handlingsprogrammet, felles gjennomgåande planar og anna relevant planverk som fylgje av planstrategien, skal vidareførast og følgjast opp i ulike handlingsplanar.

Utfordring for Stranda kommune er at vi har ein kommuneplan frå 1975 og ein arealplan frå 1992.

Vi er godt i gang med planarbeidet og prosessar knytt til det arbeidet og målet er betre tverrfagleg koordinering av dette arbeidet.


Felles gjennomgåande planar som skal gjelde for heile organisasjonen er til dømes arbeidsgjevarstrategi 2020 som er vedteken i Stranda kommune. Vi har eit mål å utarbeide ein strategisk kompetanseplan og ein strategisk IKT plan.

DEMOGRAFI

Innbyggjartall og fordeling av aldersgrupper har betydning for kommunen sin økonomi. Det er også viktig for å kunne gi eit realistisk anslag for kva inntekter og utgifter ein kan vente seg i åra som kjem. Det vil også ha betydning for kva utfordringar kommunen vil kunne få med tanke på tenestenivå, bygningsmasse og infrastruktur. Vi blir fleire eldre og færre yngre. Dette vil få konsekvensar fordi at tal personar i arbeidsføre alder blir redusert. Ein auke i talet av eldre vil føre til auka etterspurnad spesielt etter helse – og omsorgstenester. Utfordring blir på kva tenester ein vil måtte ha i framtida, omfang av tenester og korleis ein skal innrette dei ulike tenestetilboda. Folketalsutviklinga i Stranda syner til ei svak vekst. Sjølv om Stranda kommune har ein svak folketalsauke, var det likevel fleire personar som flytta frå Stranda enn talet på personar som flytta til kommunen. Folketalsveksten kan i stor grad knytast til innvandring frå utlandet. Mykje av tilflyttinga skjer gjennom auka aktivitet i næringslivet.

Folketal Stranda kommune per 1 januar 2018

Aldersfordeling
[per 1. januar]




Kilde: Folkemengde, Statistisk sentralbyrå

År	2007	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Folketal	4500	4575	4602	4610	4618	4605	4608	4623	4587

Tabellen nedanfor syner kva land Stranda har mest arbeidsinnvandring frå:

Personer med innvandrerbakgrunn. Utvalgte land.



Kilde: Innvandrere og norskfødte med innvandrerforeldre, Statistisk sentralbyrå.

ØKONOMI 2017

Stranda kommune hadde eit netto driftsresultat på NOK 21.252.085.- i 2017. Dette var ein auke frå eit netto driftsresultat på NOK 20.792.937.- i 2016. Driftsrekneskapen omfattar heile kommunen sin verksemd, inkludert sjølvkostområda innanfor vatn, avlaup og renovasjon (VAR).

Driftsrekneskapen er gjort opp med eit mindreforbruk på NOK 16.107.945.- Dette er ein auke frå eit mindreforbruk på NOK 11.396.263.- i 2016. Budsjettert mindreforbruk for 2017 var NOK 0.-

Forpliktande plan bygger på at ein i 2017 skal dekke inn NOK 6.000.000.- av tidlegare akkumulert meirforbruk. I tillegg vart det ved handsaminga av rekneskapen for 2016 i juni 2017 disponert NOK 9.888.958.- av mindreforbruket i 2016 til inndekning av akkumulert meirforbruk. Det inneber at ein i rekneskapen for 2017 totalt har ført NOK 15.888.958.- til inndekning av meirforbruk tidlegare år.

Ved avslutninga av rekneskapen for 2017 har Stranda kommune dekt inn totalt NOK 34.010.258.- av samla akkumulert meirforbruk frå åra 2009-2012 på NOK 50.650.100.-

Det er ikkje ført avsetningar til disposisjonsfondet ved avslutninga av rekneskapen for 2016. Det er ført bruk av disposisjonsfond med NOK 600.000.- i rekneskapen for 2017. Disposisjonsfondet utgjer ved avslutninga av rekneskapen for 2017 NOK 5.470.593.-

Årsmelding 2017

Det vart i 2017 brutto investert for 35,2 MNOK. Budsjetterte bruttoinvesteringar var 49,6 MNOK. Avvik mellom faktisk og budsjettert investering skuldast i det vesentlege prosjekt som ikkje er slutførte i 2017 og kor midlane er rebudsjetterte i 2018.

Samla låneopptak til investeringar var i 2017 23 MNOK. Det er brukt 21,2 MNOK av lånemidlar til å finansiere investeringar i rekneskapsåret 2017. Ubrukte lånemidlar frå årets låneopptak er ført over til finansiering av investeringar påfølgjande år.

Stranda kommune har sidan sommaren 2011 vore ført opp i Register for betinga godkjenning og kontroll (ROBEK). Det inneber at Kommunal- og Moderniseringsdepartementet v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal godkjenne alle nye låneopptak og langsiktige leigeavtalar.

Stranda kommune har sidan sommaren 2011 vore ført opp i Register for betinga godkjenning og kontroll (ROBEK). Det inneber at Kommunal- og Moderniseringsdepartementet v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal godkjenne alle nye låneopptak og langsiktige leigeavtalar.

RAMMETILHØVE

Regjeringa la i statsbudsjettet for 2017 opp til ein realvekst i dei frie inntektene til kommunane i 2017 på 0,1%. Prisstiginga vart prognostisert til 2,6%. Dei frie inntektene består av rammetilskot og skatteinntekter, og utgjer dei inntektene som kommunane kan rå fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk.

I budsjettet for 2017 la Stranda kommune opp til ein vekst i dei frie inntektene i 2017 på 3,9 MNOK i høve revidert rekneskap for 2016. Dette tilsvara ein nominell vekst på 1,4% og ein negativ realvekst på -1,2% sett opp mot kommunal deflator for 2017 på 2,6%.

Rekneskapen for 2017 syner at ein i røynda hadde ein vekst i dei frie inntektene i 2017 på 14,1 MNOK frå rekneskapsåret 2016 til rekneskapsåret 2017. Dette tilsvarar ein nominell vekst på 4,9% og ein realvekst på 2,3% sett opp mot kommunal deflator på 2,6%.

Den viktigaste grunnen til at kommunen sine frie inntekter i rekneskapen vart høgare enn budsjett var ekstraordinære skatteinntekter på 4 MNOK og rammeoverføringar på 2,1 MNOK over budsjett.

ÅRSREKNEKAPEN

Denne årsrekneskapen omfattar Stranda kommune. Det vert i tillegg avlagt særrekneskap for det kommunale føretaket Stranda Hamnevesen KF. Årsrekneskapen for Stranda kommune og Stranda Hamnevesen KF utgjer tilsaman rekneskapen for Stranda kommune – konsern. Dei to rekneskapane vert politisk handsama separat.

Utover Stranda Hamnevesen KF har Stranda kommune tre heileigde aksjeselskap som avlegg eigen rekneskap etter aksjelova: Stranda Energi AS, Stranda Eigedomsselskap AS og Byrg Kompetanse AS. Desse vert ikkje konsoliderte inn i konsernrekneskapen.

Årsmelding 2017

DRIFTSREKNESKAPEN

Tabell 1 på neste side syner driftsrekneskapen for Stranda kommune for dei siste fem åra. Driftsrekneskapen inneheld alle inntekter og utgifter i kommunen. Dvs. at utover kommunekassa er også inntekter og utgifter innanfor sjølvkostområda vatn, avlaup, renovasjon og feiing, samt avsetning til og bruk av fond på desse områda, tekne med.


Brutto driftsresultat er resultatet av drifta før finanspostar er tekne med, netto driftsresultat syner kor mykje som kan disponerast til avsetjingar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. Stranda kommune oppnådde i 2017 eit netto driftsresultat på NOK 21.252.085.- Dette tilsvarar 5,2% av kommunen sine samla driftsinntekter. Utviklinga i netto driftsresultat for Stranda kommune er synleggjort i figur 1 på neste side.

For å forsikre ei forsvarleg forvaltning av formua er kommunane rådde til å leggje seg på eit netto driftsresultat som over tid utgjer minimum 1,75% av samla driftsinntekter. Som ein ser ligg Stranda kommune godt over dette målet for 2017.

Driftsrekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Budsjett(just)	Budsjett(oppr)
(løpande tall)	2013	2014	2015	2016	2017	2017	2017
Brukarbetalingar	-21 440 139	-21 271 738	-21 851 802	-22 291 103	-23 604 762	-20 345 516	-19 997 902
Andre sals- og leigeinntekter	-45 190 965	-42 460 759	-36 084 936	-42 507 463	-45 964 817	-44 080 242	-43 347 642
Overføring med krav til motyting	-41 042 121	-31 783 750	-34 003 432	-36 649 459	-37 967 016	-22 573 003	-22 573 003
Rammetilskot	-132 790 228	-140 749 461	-147 842 374	-143 596 773	-146 507 561	-144 426 000	-144 426 000
Andre statlege overføringar	-4 310 558	-4 229 688	-4 597 996	-8 086 651	-14 987 799	-11 306 131	-11 306 131
Andre overføringar	-1 339 491	-1 226 541	-1 465 821	-2 416 573	-1 816 159	-837 583	-837 583
Skatt på inntekt og formue	-103 953 915	-102 920 415	-104 689 659	-117 534 471	-121 163 186	-117 148 000	-117 148 000
Eigedomsskatt	-7 203 018	-13 493 388	-14 086 609	-14 358 569	-14 928 302	-14 800 000	-14 800 000
Andre direkte og indirekte skattar	-157 238	-170 741	-170 741	-171 382	-289 208	-20 000	-20 000
Sum driftsinntekter	-357 427 673	-358 306 481	-364 793 370	-387 612 444	-407 228 809	-375 536 475	-374 456 261
Lønnsutgifter	165 981 572	172 007 133	181 840 880	192 406 366	204 831 516	205 423 809	205 068 042
Sosiale utgifter	39 472 047	42 647 412	43 692 386	44 665 621	47 445 634	45 418 725	46 278 278
Kjøp av varer og tenester	75 225 677	72 419 885	69 624 374	68 124 472	72 162 109	80 294 649	78 810 649
Overføringar	28 936 374	22 262 548	28 270 148	28 732 971	30 785 739	8 658 802	8 558 802
Avskrivningar	24 710 279	26 683 228	25 761 194	22 402 259	22 650 191	-	-
Fordelte utgifter	-738 271	-648 239	-879 505	-901 191	-845 803	-3 133 265	-3 133 265
Sum driftsutgifter	333 587 678	335 371 966	348 309 476	355 430 499	377 029 386	336 662 720	335 582 506
Brutto driftsresultat	23 839 995	22 934 515	16 483 893	32 181 945	30 199 423	38 873 755	38 873 755
Netto rente og utbytte	10 052 473	15 859 287	15 960 516	8 657 995	6 806 182	7 302 842	7 302 842
Netto avdrag	21 278 404	27 581 840	25 654 611	25 133 272	24 191 351	26 000 000	26 000 000
Utlån	0	-	-	-	600 000	25 825	25 825
Motpost avskrivningar	-24 710 279	-26 683 228	-25 761 194	-22 402 259	-22 650 195	-	-
Netto driftsresultat	17 219 398	6 176 616	629 960	20 792 937	21 252 085	5 545 088	5 545 088
Bruk av avsetningar	5 461 727	8 876 205	13 576 952	6 755 938	18 440 254	5 309 555	5 309 555
Overført til investeringsrekneskapen	10 224 792	1 371 615	-	-	-	-	-
Avsett til dekning tidlegare underskudd	-	2 929 396	6 684 678	8 507 226	15 888 958	6 000 000	6 000 000
Avsett til disposisjonsfond og bundne fond	10 068 297	5 592 204	6 014 929	7 645 386	7 695 435	4 854 643	4 854 643
Rekneskapsmessig mindreforbruk	2 388 035	5 159 606	1 507 305	11 396 263	16 107 945	-	-
Rekneskapsmessig meirforbruk	-	-	-	-	-	-	-

Tabell 1: Driftsrekneskap Stranda kommune 2013-2017.

Årsmelding 2017



Figur 1: Driftsresultat i % av driftsinntekter og anbefalt minimum driftsresultat i % av driftsinntekter.

RAMMEOMRÅDA

Stranda kommune sitt budsjett vert lagt fram, handsama og vedteke politisk som netto rammebudsjett for kvar einskild driftseining. Det er den einskilde einingsleiar sitt ansvar å styre eininga økonomisk innanfor den ramma han/ho har fått tildelt. Opphavleg budsjett for komande år vert vedteke av kommunestyret i desember kvart år. Det vert gjennomført ein budsjettendring for samtlege einingar kvar haust kor midlar avsett på eit eige ansvar vert ombudsjettert til einingane for å dekkje auka utgifter som følgje av lønnsoppgjeret. I tillegg vert det gjennomført budsjettjusteringar i løpet av året dersom det er naudsynt. Budsjettjusteringar kor midlar vert flytta mellom ansvar kan kun gjennomførast etter vedtak av kommunestyret. Stranda kommune har ikkje vore i ein økonomisk posisjon kor ein kan auke storleiken på budsjettbalansen i løpet av året.

Rekneskapan skal leggjast fram for politisk handsaming på same nivå som budsjettet er vedteke, dvs. som nettoutgift for kvar eining. Tabell 2 nedanfor syner utviklinga i nettoutgift for dei ulike einingane/rammeområda i Stranda kommune i perioden 2009-2017. Tabellen inneheld også eit oversyn over justert budsjett for året 2017. Kommenterar til meir-/mindreforbruk er gitt under gjennomgangen av dei einskilde einingane i kommunen si årsmelding.

Figur 2 på neste side syner utviklinga i nettoutgift for dei tenesteproduserande einingane i perioden 2009-2017.

Årsmelding 2017


Rammeområdene (Tall i legende kroner)	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Budsjett (just.) 2017
Kommunleing, stab, FAG	13 709 893	12 744 430	29 415 541	33 654 563	46 904 430	34 759 650	44 968 095	41 258 860	42 155 757	38 100 381
Ringstad Skule	19 244 843	20 313 610	21 052 112	21 553 801	21 238 501	21 429 218	22 202 546	23 405 481	23 471 341	23 738 323
Sunnylven Skule	8 525 189	8 736 589	8 611 546	8 085 691	8 058 021	8 066 001	8 439 782	8 944 516	9 058 602	9 300 705
Geiranger Skule og Barnehage	4 993 247	5 352 977	6 271 020	5 991 107	6 021 238	6 506 074	6 692 518	6 705 510	6 332 824	6 625 607
Liabygda Skule og Barnehage	3 147 811	3 383 857	3 986 194	3 731 451	3 757 517	3 865 802	3 968 116	4 094 137	4 211 102	3 859 772
Helstad Skule og Barnehage	4 008 325	4 049 767	5 759 294	4 379 128	2 413 472	2 549 154	2 953 703	2 729 029	3 074 050	3 161 146
Stranda Ungdomsskule og Vaksenopplæring	13 685 589	14 858 014	15 130 893	16 622 412	16 676 004	13 716 382	14 566 582	15 963 581	16 817 966	17 523 170
Ringstad Barnehage	1 216 537	1 865 646	6 251 069	6 484 403	6 246 229	6 931 735	6 504 343	6 660 333	7 074 394	7 455 567
Sunnylven Barnehage	475 256	591 260	3 010 115	2 868 322	2 783 525	2 841 286	2 457 435	2 266 893	2 607 669	2 629 067
PP-Kontoret	1 341 267	1 455 795	1 607 593	1 556 733	1 617 327	1 668 090	1 613 923	1 608 901	1 671 140	1 887 451
Stranda Distrikt	38 508 624	43 293 341	43 413 835	47 933 294	44 456 613	47 453 436	45 427 979	48 826 956	50 921 699	53 767 790
Sunnylven Distrikt	10 310 230	10 763 437	11 158 565	11 348 953	10 678 763	11 040 144	10 677 535	11 600 971	12 696 069	14 121 805
Geiranger Distrikt	3 937 285	4 093 383	4 103 664	4 243 329	4 373 369	4 721 478	4 075 221	4 177 903	4 365 158	4 475 599
Habilitering/Rehabilitering	-	-	-	7 467 948	5 731 880	6 223 144	8 884 151	12 096 470	14 113 895	13 120 403
Helsetenesta	8 173 570	9 526 225	9 895 846	10 213 957	15 175 080	16 806 146	11 577 386	11 668 485	12 630 571	12 767 218
Sosialtenesta	8 291 320	8 877 491	11 737 531	6 097 213	5 825 702	7 076 571	7 268 464	5 107 425	5 549 110	9 110 615
NAV	-	-	-	279 479	502 979	928 192	1 233 286	1 137 305	1 174 771	1 211 714
Kultur og fritid	4 952 573	5 450 358	4 375 693	4 070 266	3 835 663	3 811 433	3 986 714	4 428 227	4 333 407	4 343 082
Plan, Miljø, Næring	3 861 233	4 456 200	4 573 047	3 411 543	1 782 177	4 762 638	3 983 531	3 107 478	2 807 449	4 528 197
Kommunalteknikk/Brannvern	9 456 648	15 545 220	8 205 829	10 009 238	9 609 517	9 980 341	13 835 828	13 123 967	12 524 913	12 648 054
Vaktmestertenesta	-	-	-	2 378 863	2 346 160	2 305 400	2 470 768	3 253 304	3 263 272	3 142 199
Hus til utleige	-	-	-	-	-	-54 639	-26 934	25 150	19 616	-
SUM	157 839 440	175 357 600	198 559 387	212 381 694	220 034 167	217 387 676	227 760 972	232 190 882	240 874 775	247 517 865

LÅNEGJELD

Total lånegjeld for kommunekonsernet var per 31.12.2017 NOK 799.860.377.- Totalgjelda består av følgjande komponentar:

- Stranda kommune – investeringar eks. VAR NOK 580.908.373.-
- Stranda kommune – investeringar VAR NOK 132.908.892.-
- Stranda kommune – formidlingslån NOK 13.756.912.-
- Stranda Hamnevesen KF NOK 72.286.200.-

Total lånegjeld utgjer NOK 174.000.- per innbyggjar, noko som er ein nedgang på NOK 3.000.- sidan avslutninga av rekneskapen for 2016.- Dersom ein kun ser på lånegjelda knytta opp mot kommunen sine investeringar eks. VAR, formidlingslån og Stranda Hamnevesen KF utgjer dette NOK 126.642.- per innbyggjar, noko som tilsvarar ein nedgang på NOK 4.134.- per innbyggjar i høve situasjonen for eitt år sida.



Figur 2: Utvikling nettoutgift tenesteproduserande einingar 2009-2017.

KOMMUNE OG STAT – RAPPORTERING, KOSTRA

Kostrat er eit nasjonalt informasjonssystem som samlar inn, registrerar og publiserar styringsinformasjon om kommunal – og fylkeskommunal verksemd. Informasjonen skal tene til betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og såleis gi grunnlag for å vurdere om nasjonale og kommunal mål blir nådd.

KOMMUNEN SOM ARBEIDSGJEVAR

Stranda kommune- «til å vere stolt av»

Arbeidsgjevarpolitikk er verdier, kultur og handling som Stranda kommune står for og praktiserar i forholdet til sine medarbeidarar kvar dag.

Utøving av arbeidsgjevarpolitikken skal medverke til fornøgde brukarar av kommunale tenester, og til meningsfylte og gode arbeidsplassar for medarbeidarane våre.

Stranda kommune skal stå fram som ein attraktiv arbeidsgjevar både internt og eksternt. Ein ynskjer å utvikle verksemda som ein god arbeidsplass med eit mangfaldig og inkluderande miljø.

Stranda kommune har i 2017, 418 fast tilsette fordelt på 318 årsverk. Til samanlikning var tala i 2016, 407 fast tilsette fordelt på 297 årsverk *Kjelde: Lønssystemet*. Hovudtyngda av auken i årsverk har som i 2016 kome i eining for habilitering/ rehabilitering og innan pleie og omsorg. Årsverka er knytt til lovpålagde tenester som brukarstyrt personleg assistent (BPA) og ressurskrevjande brukar.

Helse, miljø og tryggleik (HMT):

Stranda kommune arbeider aktivt både intern og i samarbeid med NAV og bedriftshelsetenesta i forhold til HMT og sjukefråvær. Målet er eit sunt og helsefremjande arbeidsmiljø der ingen vert skada eller sjuke som følgje av arbeidsplassen.

Nye verneombod fekk nødvendig og lovpålagt opplæring i 2017- totalt fire personar.

Årsmelding 2017


Nesten samtlige verneområde/ einingar gjennomførte vernerunde i løpet av våren 2017. Vernerundane vart handsama i arbeidsmiljøutvalet. Årsaka til at det ikkje er gjennomført i absolutt alle einingane er skifte av einingsleiar. AMU har fulgt opp einingane særskilt med krav om at det vert gjennomført. Plan med oversikt over fullførte tiltak og avvik som er lukka vart lagt fram i AMU på hausten. Overordna risikovurdering er gjennomført i alle einingane etter felleskurs i regi av bedriftshelsetenesta (Stamina helse) i april 2017. Bedriftshelsetenesta følger opp dette arbeidet saman med arbeidsgjevar inn i 2018.

Vi har stadig fokus på Compilo, kvalitetssystemet i Stranda kommune for å forbetre rutinar, prosedyrar og praksis. Hausten 2017 oppretta rådmannen kvalitetsutval i Stranda kommune. Utvalet si hovudoppgåve er å hjelpe rådmannen på eit overordna nivå i det førebyggjande og kvalitetsfremjande arbeidet i kommunen. Dette omfattar mellom anna internkontroll, dokumentstyring, avvikshandtering, risikoanalyse og interne tilsyn. Vidare i 2018 skal det opprettast kvalitetsgrupper på kvar eining/ tenesteområde.

Bedriftshelseteneste – Stamina Helse

Stranda kommune kjøper bedriftshelseteneste frå Stamina helse kvar år. I 2017 var det kjøpt tenester for kr. 310.000,-. Stamina helse leverer tenester til Stranda kommune innan systematisk HMS, sjukefråvær, arbeidshelse, ergonomi, psykososialt arbeidsmiljø, organisasjonsutvikling, fysisk-, kjemisk-, biologisk arbeidsmiljø og inneklima. Tabellen under viser Stamina helse sin aktivitet innan dei ulike områda i Stranda kommune i 2017.

Aktivitetsoversikt 2017:



Inkluderande arbeidsliv (IA)

Stranda kommune er IA- bedrift. IA- avtalen forpliktar alle involverte og stiller krav om eit sterkt leiarengasjement, og systematisk samarbeid mellom partane.

Årsmelding 2017

Det er etablert **IA- utval** i Stranda kommune. IA- utvalet er eit underutval til arbeidsmiljøutvalet. Hausten 2017 vedtok PAU (partsamansett utval) IA- utvalet sitt forslag til retningsliner for «*mogleg brot på psykososialt arbeidsmiljø*». Etter Forskrift om systematisk helse- miljø- og sikkerhetsarbeid pliktar ein å ha interne rutinar for dette.

AKAN (Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk): AKAN kontakta i Stranda kommune er hovudverneombodet. AKAN kontakta kan nyttast som rådgjevar og samtalepartner i forhold til rus- og speleavhengigheit. Leiarane skal handtere sakene i si eining. Dei kjenner rutine kommunen har i slike saker og kva støtteapparat som kan koplast inn. Retningsliner når det gjeld alkohol, narkotika og andre rusmiddel i Stranda kommune er nyleg revidert og vedtekne i PAU.

Sjukefråvær

Det totale sjukefråværet (eigemeldt og sjukemeldt) i Stranda kommune for 2017 var på 5,9 %. I 2016 var sjukefråværet på 5,8 %. *Kjelde: Lønssystemet*. Der det variasjonar i sjukefråvær mellom einingane og tenesteområda. Einingsleiarane har i eigen rapport til arbeidsmiljøutvalet kommentert fråvær i eiga eining for 2017. Dei melder tilbake at kortids- fråværet er mest utfordrande og at det er lite av sjukefråværet som er relatert til arbeidet/ arbeidsplassen.

AMU (arbeidsmiljøutvalet) følgjer sjukefråværsutviklinga nøye og har sjukefråvær som fast sak til kvart møte. Ein veit at fråværsstatistikk vert påverka av komplekse variablar og ein må forvente at fråværsprosenten vil svinge noko, både gjennom året og frå år til år. Sjukefråværet var høgast første halvdel i 2017. For einingsleiarane er det viktig å ha stadig fokus på oppfølgingsarbeidet og kome tidleg i gong med oppfølging og tiltak. AMU gjennomførte 4 møter i 2017 og handsama 57 saker.

Seniorpolitikk

Seniortiltaka gjeld for tilsette som har vore tilsett i Stranda kommune i minst 5 år og som ikkje tek ut heil eller delvis AFP. Ein kan velje mellom eit lønstilllegg eller ekstra fridagar. Næraste leiar skal drøfte tiltaka med den tilsette i ein årleg seniorsamtale. Formålet er å legge til rette for at arbeidstakarar skal stå lengre i arbeid.

I 2017 har totalt 27 tilsette inngått avtale om seniortiltak. Av desse er 15 avtalar knytt til lønstilllegg, og 12 avtalar er knytt til ekstra fridagar.

Rekruttering og kompetanse

Å sikre arbeidskraft med rett kompetanse vert avgjerande for å løyse oppgåver og utfordringar tilfredsstillande i åra framover. Eit satsingsområde framover er å få tilsett personar med nødvendig og etterspurt kompetanse i dei stillingane som er, og vert ledig. I løpet av 2017 har ein hatt utfordringar med å rekruttere kvalifisert personell innan helse og omsorg, då spesielt sjukepleiarar, spesialsjukepleiarar, helsesøster og psykolog.

Stranda kommune vil vere avhengig av godt kvalifiserte medarbeidarar i framtida, og fleire medarbeidarar vektlegg moglegheita til kompetanseutvikling høgt. Dette vil vere eit viktig tiltak både for å rekruttere og behalde arbeidstakarar. Ein må både kartlegge behovet for framtidig kompetanse

Årsmelding 2017

samt sjå på utvikling av den noverande. Deretter må ein vurdere om ein framover kan finne rom for å løyve meir midlar til dette enn i dag slik ein kan tilby stimulerande tiltak.

Våren 2017 bytta Stranda kommune rekrutteringssystem frå Acos ansatt til WebCruiter. Nytt system vart tatt i bruk frå mars månad. Frå mars 2017 og ut året hadde vi 68 stillingsannonser/ utlysingar og totalt 624 innkomne søknadar (388 kvinner og 236 menn). I tillegg kjem stillingar som har vore lyst ut internt i kommunen.

Etter og vidareutdanning fullført i 2017:

- Seks lærarar fullførte vidareutdanning i faga engelsk, norsk og matematikk
- Ein lærar fullførte PPU (praktisk pedagogisk utdanning)
- Ein barnehagelærar fullførte veiledning for praksislærar (mentorutdanning)
- Ein tilsett ved PPT fullførte vidareutdanning i læringsmiljø og gruppelæring
- To einingsleiarar fullførte styrarutdanning
- To tilsette fullførte rektorutdanning
- Ein tilsett ved sosialtenesta/ barnevern fullførte PMTO sertifisering (Formålet med PMTO er å stoppe, redusere eller førebyggje adferdsvanskar hos born ved å endre samspelet mellom foreldre og born)
- Ein tilsett fullførte vidareutdanning i akutt sjukepleie
- Ein tilsett fullførte vidareutdanning i politikk, helse og livsløp
- 28 tilsette i pleie og omsorg fullførte Demensomsorgens ABC

Lønspolitikk:

Ramma for det sentrale oppgjeret i 2017 var 2,4% (inkludert overheng og glidning). Det blei avtalt sentrale tillegg med verknad frå 1.7.2017, og samstundes sett av ein lokal pott på 0,9% av lønsmassa for 2016, med verknadstidspunkt 1.8.2017. Potten utgjorde kr. 1.188.000,-. Samordning av høgskulestigane (Hovudtariffavtalen (HTA) kap. 4B) med lærarstigen (HTA kap. 4C) til nytt kap. 4 i HTA var fullt innfasa frå 1.7.2017. Lokale forhandlingar/ lønsregulering for tilsette som er omfatta av HTA kap. 3.4.1 (kommuneleiing), 3.4.2 (einingsleiarar) og 5.1 (ingeniørar og legar) blei gjennomført på hausten. Administrativt løns og forhandlingsutvalet hadde 14 møter og behandla 33 saker i 2017.

Likestilling

Kommunelova § 48 nr 5 seier følgjande:

«Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i fylkeskommunen eller kommunen. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å hindre forskjellsbehandling i strid med likestillings- og diskrimineringsloven, samt for å fremme formålene i likestillings- og diskrimineringsloven når det gjelder etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.»

Av 418 tilsette i Stranda kommune er 99 menn og 319 kvinner *Kjelde: Lønssystemet*

Årsmelding 2017

Antal tilsette fordelt på kjønn 2016		Antal tilsette fordelt på kjønn 2017	
Kvinner	308	Kvinner	319
Menn	99	Menn	99
Totalt	407		418

- Kommuneleiinga har i 2017 3 menn og 3 kvinner
- På einingsleiarnivå er det 12 kvinner og 5 menn (inkl. NAV)
- Ein opplever at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går igjen i kommunen: Stort sett kvinner i omsorg og reinhaldaryrke. Kvinner overtek meir i skuleverket/ undervisning medan menn er overrepresentert i tekniske stillingar

Heiltid/ deltid

Kvinner arbeider mest deltid. Ein stor del av dette er frivillig som følgje av ansvar for små barn. Det vert arbeidd jamleg med å redusere andelen av ufrivillig deltid. Når stillingar vert ledige forsøker ein så langt drifta tilseier at det er forsvarleg, å auke opp stillingsstorleiken for dei som ynskjer det. I tillegg vurderer den enkelte einingsleiar jamleg eigne stillingsressursar og løysingar innanfor eiga eining. Ein ser også på alternative løysingar på tvers av einingar/ fagområder. I 2017 var ei leiarar og tillitsvalde på konferanse om heiltidskultur. Det skal settast ned ei gruppe som skal utarbeide lokale retningslinjer med formål om å auke i tal på heiltidstilsette.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik pr. 2016 i Stranda kommune fordelt på kjønn		Gjennomsnittleg stillingsstorleik 2017 i Stranda kommune fordelt på kjønn	
Kvinner	78	Kvinner	77,3%
Menn	86%	Menn	78,2%
Alle	80%	Alle	78%

Kjelde: Kommunenes arbeidsgivarmonitor 2016 og 2017

I rekrutteringsprosessar skulle vi gjerne sett fleire menn søkje til stillingar innan helse/ omsorg og barnehage, og på den andre sida at kvinner i større grad søker seg til dei tekniske stillingane. I kvardagen handlar det om å få kvalifiserte søkjarar (både formelt kvalifisert, men også personleg eigna). Ein er sjeldan i ein situasjon der ein kan velje det kjønn som er underrepresentert. Om ein skal oppmode det eine kjønn særskilt (der det er klart underrepresentert) i den enkelte stillingsannonse vert drøfta mellom einingsleiar, personalavdeling og tillitsvalde før utlysing.

Gjennomførte tiltak:

- Like moglegheiter til etter/ vidareutdanning.
- Seniortiltak: Tilrettelegging av oppgåver/ arbeidstid, nødvendig kompetanseheving, ekstrasfridagar eller lønnstillegg, gjeld alle tilsette.
- Tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne eller av andre årsaker har behov for tilrettelegging (arbeidstid, arbeidsoppgåver, anna tilrettelegging på arbeidsplassen, hjelpemiddel).
- Trakassering, diskriminering og mobbing: Rutinar for mobbing og trakassering.
- Tilsette i foreldrepermisjon og langtidssjukemeldte vert vurdert på lik linje med andre tilsette i lokale forhandlingar.
- Det blir gitt særskilte tillegg om ein oppdagar urimelege skeivskapar i løn.

- Arbeider for å redusere ufrivillig deltid.

Stranda kommune har ikkje eige likestillingsutval. Saker innanfor dette området vert handsama av det partsamansette utvalet (PAU).

RÅDMANNEN SI LEIARGRUPPE

Rådmannen har det overordna administrative ansvaret og skal syte for å følgje opp og sete i verk vedtak gjort i folkevalde organ, og bestille desse tenestene hos rette vedkomande i organisasjonen. Rådmannen er bindeleddet mellom kommunen si politiske leiing og kommunen sine tilsette. Kommunalsjefane opptrer med rådmannen sitt mynde i dei politiske utval dei vert tildelt ansvaret for, og i den del av organisasjonen dei vert tildelt leiaransvar for. I fellesskap skal vi bidra til å skape god dialog og samhandling mellom det politiske og administrative nivå.

Rådmannen si leiargruppe omfattar rådmann, kommunalsjef helse og omsorg, kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef plan og utvikling, økonomisjef og personalsjef. Leiargruppa skal syte for strategisk, heilskapleg og langsiktig utvikling av Stranda kommune til beste for innbyggjarane. Leiargruppa skal gi råd til, legge til rette for og gjennomføre politikarane sine vedtak. Leiargruppa skal stå fram som gode rollemodellar og syte for tryggleik, samhandling og tilbakemelding gjennom heile organisasjonen.

Rådmannen si leiargruppe har bl.a. følgande oppgåver:

- Koordinere og drøfte strategiske valg
- Legge den langsiktige "kurs" og prioritere aktuelle tema
- Organisere verksemda
- Koordinere prosessar
- Sikre god ressursutnytting.
- Legge til rette for rådmannen sine beslutningar
- Drøfte aktuelle saker, sikre gode prosessar, syte for gjennomføring av vedtak og evaluere prosessar og tiltak
- Vurderingar av løpande drift
- Gi råd til, tilrettelegge for og gjennomføre politiske vedtak
- Ansvar for å tilrettelegge for leiarutvikling på alle nivå


Bemanning: (Rådmann og 3 kommunalsjefar)

	2013	2014	2015
tal tilsette	4	4	4
tal årsverk	4	4	4

Årsmelding 2017

UTGIFTER OG INNETEKTER POLITISK LEIING OG RÅDMANNSKONTORET 2007-2017 PER ARTSGRUPPE

Artsgruppe	Tekst	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017
0	Lønn	3 536 436	2 317 784	5 299 426	7 085 101	6 415 785	384 107	5 755 676	-224 287	10 013 987	5 565 721	6 107 055
1-4	Drift	11 596 287	14 105 954	14 643 054	14 836 447	15 020 873	19 425 089	22 989 519	14 346 376	12 948 778	13 078 103	12 182 002
5	Finans	-	105 000	-	2 238 198	4 398 500	5 451 572	10 231 401	762 692	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	15 132 723	16 528 738	19 942 480	24 159 747	25 835 157	25 260 767	38 976 595	14 884 780	22 962 765	18 643 824	18 289 058
6	Salsinntekter	-1 731 838	-1 725 099	-3 842 084	-5 576 033	-4 693 505	-4 508 934	-4 463 841	-4 790 180	-3 378 503	-3 417 491	-2 436 285
7-9	Overføringer til einingane	-9 072 193	-15 210 146	-16 739 638	-14 272 692	-13 416 081	-10 920 457	-15 101 630	-2 102 461	-2 169 027	-1 683 845	-1 869 690
	Driftsinntekter	-10 804 031	-16 935 245	-20 581 722	-19 848 725	-18 109 586	-15 429 391	-19 565 471	-6 892 641	-5 547 530	-5 101 336	-4 305 975
	Netto utgifter	4 328 692	-406 506	-639 242	4 311 022	7 725 571	9 831 376	19 411 124	7 992 140	17 415 235	13 542 488	13 983 083



STAB/STØTTE

Under rådmannen ligg stab og støttefunksjonane som personal- og lønsavdelinga, økonomiavdelinga med rekneskap og skatteoppkrevjar, ikt-avdeling, politisk- og fellesekretariat og servicekontor med politisk sekretæriefunksjon med ansvar for saker som skal leggjast fram for folkevalde organ.


Utvikling årsverk stab/ støtte

	2011	2012	2013	2014	2015
Økonomi, rekneskap, skatt	5,44	4,5	4,5	4,5	4,10
Personal/ lønn	4	3	2	2	2
Servicekontor	5,8	4,8	3,8	3,8	3,8
IKT	2	2	2	2	2
Totalt	17,24	14,3	12,3	12,3	11,9

Årsmelding 2017

UTGIFTER OG INNTEKTER STABEN 2007-2017 PER ARTSGRUPPE

Artsgruppe	Tekst	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017
0	Lønn	7 084 229	8 227 080	8 643 927	7 617 824	8 433 110	9 117 516	8 488 213	8 748 733	8 252 769	7 740 466	7 262 343
1-4	Drift	4 301 172	3 804 820	5 160 820	4 651 119	4 408 300	5 151 527	10 045 763	7 401 904	7 117 888	6 381 699	6 114 365
5	Finans	152 785	131 727	12 171	3 652	1 879	6 487	40 459	85 117	92 545	154 805	171 236
	Driftsutgifter inkl. finans	11 538 186	12 163 627	13 816 919	12 272 594	12 843 288	14 275 530	18 574 435	16 235 754	15 463 202	14 276 971	13 547 945
6	Salsinntekter	-83 846	-235 518	-669 245	-317 227	-96 446	-59 301	-115 088	-128 664	-171 634	-124 721	-129 451
7-9	Overføringer til einingane	-2 602 265	-2 939 480	-2 774 780	-2 824 229	-2 738 199	-3 033 037	-4 494 476	-3 826 464	-3 875 201	-1 973 666	-1 698 501
	Driftsinntekter	-2 686 111	-3 174 998	-3 444 024	-3 141 456	-2 834 645	-3 092 338	-4 609 564	-3 955 128	-4 046 835	-2 098 387	-1 827 952
	Netto utgifter	8 852 075	8 988 629	10 372 894	9 131 139	10 008 644	11 183 192	13 964 871	12 280 626	11 416 367	12 178 583	11 719 993



ØKONOMI, REKNESKAP OG SKATT

Økonomiavdelinga har ansvaret for følgjande arbeidsoppgåver:

- Rekneskap for Stranda kommune, Stranda Hamnevesen KF og Åknes/Tafjord Beredskap IKS, inkludert avslutning og presentasjon av desse. Økonomistyring i samarbeid med rådmannen og einingsleiarane.
- Utarbeiding av budsjett og økonomiplan i samarbeid med rådmannen og einingsleiarane, arbeid med oppfølging av forpliktande plan.
- Skatteoppkrevjing, eigedomsskatt, finans/låneadministrasjon, kostra – hovudkontakt for rapportering, innkjøp – kontakt i.f.t. innkjøpsarbeidet, forsikring – person og skade, brukaradministrasjon Visma Enterprise og ARENA.

PERSONAL OG LØN

Personal og løn er ein del av rådmannen sin stab som skal yte personal -og utviklingstenester til heile organisasjonen, herunder ansvar for rekruttering og avlønning. Avdelinga skal utvikle og gjennomføre kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk og overordna personalforvaltning samt etablere velfungerande system, prosedyrar og retningslinjer for at dette kan ivaretakast. Avdelinga har ansvaret for det

Årsmelding 2017

løpande lønsarbeidet, rett lønn og godtgjeringar skal utbetalast til avtalt tid. Hovudtillitsvalde og hovudverneombod med frikjøp er lønsmessig organisert under personal og lønn.

Personal:

Avdelinga har bistått kommunen sine einingar i saker som gjeld arbeidsgivarspørsmål, organisasjonsutvikling og overordna oppfølging av nærvær og sjukefråværsarbeid. Avdelinga har hatt oppgåver innan rekruttering og personalsaker (både individ og system), oppfølging av IA- avtalen, felles opplæringstiltak, overordna HMT og BHT- arbeid, lønsforhandlingar i kap. 3 og kap. 5 samt andre forhandlingar.

Avdelinga har sakshandsama totalt 150 saker til følgjande utval: Partsamansett utval (PAU), forhandlingsutval (FHU), administrativt løns og forhandlingsutval (ALF), arbeidsmiljøutvalet (AMU) og tilsettingsutvalet (ATU).

Det er gjennomført 6 samarbeidsmøte med hovudtillitsvalde og hovudverneombod i 2016. Det er ført referat frå samtlege møter.

Lønn

Avdelinga har ansvar for det løpande lønsarbeidet og køyrer lønn for om lag 400 tilsette, i gjennomsnitt ca. 6.800 lønsslippar for Stranda kommune i 2016. I tillegg har avdelinga ansvar for lønn og rapportering for Stranda Hamnevesen KF og Åknes/Tafjord Beredskap IKS. Det vert ført oversikt over sjukefråvær og anna fråvær, ser til at det vert kravd/ søkt sjukelønsrefusjon frå NAV og utarbeidar interne og eksterne statistikkar. Ein er kommunen sin rådgjevar i pensjonsspørsmål og føretekk innrapportering til pensjonskassene KLP og SPK samt a-ordninga.

Avdelinga gir råd om, foreslår og gjennomfører effektiviserings- og kvalitetssikrande tiltak for heile organisasjonen.

Dei tilsette er organisasjonen sin viktigaste ressurs for å få levert tenester av god kvalitet på rett nivå og til rett tid. Dette krev trygge medarbeidarar med rett kompetanse og dyktige leiarar. Avdelinga har svært lite sjukefråvær, men stort arbeidspress og få tilsette. Det er viktig å prioritere og fordele oppgåvene godt, slik ein unngår for stor belastning over tid. Tilsette må jobbe meir på tvers av sine kjerneoppgåver enn tidlegare, og ein tenker stadig på korleis ein kan jobbe smartare og meir effektivt.

SERVICEKONTORET

Servicekontoret skal vere eit naturleg kontaktpunkt for innbyggjarane og det politiske miljøet i Stranda kommune. Kontoret har kontinuerleg fokus på utvikling og drive effektiv og servicevennleg kundebehandling gjennom tilgang til nødvendige fagprogram og oppgradering av IT-verktøy og sentralbordsystem.

Service og tilgjengelegheit - Stranda kommune må i større grad synleggjere vektlegging på målstyring av eige servicearbeid.


Årsmelding 2017

IKT

Avdelinga støttar opp om IKT-bruken i alle tenesteeiningar. Det blir gitt støtte til i overkant av 940 brukarar der rundt 600 brukarar er innanfor oppvekst (lærarar og elevar). Totalt er det rundt 550 pc'ar og 60 serverar i daglig drift som avdelinga har ansvaret for. I tillegg kjem nettbrett, mobiltelefonar (smarttelefonar) og multimaskiner (skrivar/kopi/skann/fax). Vidare har Stranda kommune rundt 40 applikasjonar som avdelinga driftar heilt eller delvis. Avdelinga har også ansvaret for telefoniløysinga i kommunen som har rundt 220 brukarar.

OPPVEKST

UTGIFTER OG INNTEKTER OPPVEKST 2007-2017 PER ARTSGRUPPE												
Artsgruppe	Tekst	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017
0	Lønn	60 135 929	64 693 941	70 152 710	74 877 510	76 144 374	72 799 149	69 123 051	71 795 196	74 076 459	77 582 025	79 835 695
1-4	Drift	7 558 332	9 698 665	8 830 712	8 467 413	7 222 110	9 092 452	10 466 395	6 922 610	7 126 652	7 450 008	8 232 528
5	Finans	82 000	500 108	10 000	3 453	143 468	50 125	-	-	-	57 500	138 738
	Driftsutgifter inkl. finans	67 776 261	74 892 713	78 993 421	83 348 376	83 509 952	81 941 726	79 589 446	78 717 806	81 203 111	85 089 534	88 206 961
6	Salsinntekter	-4 398 344	-4 531 308	-4 676 366	-4 533 846	-4 923 799	-4 862 912	-4 986 586	-5 122 690	-5 390 750	-5 343 291	-5 457 753
7-9	Overføringar til einingane	-14 062 011	-16 353 013	-17 678 723	-18 207 012	-6 906 317	-5 805 766	-5 791 026	-6 021 373	-6 413 415	-7 367 860	-8 430 120
	Driftsinntekter	-18 460 355	-20 884 321	-22 355 089	-22 740 858	-11 830 116	-10 668 678	-10 777 612	-11 144 063	-11 804 165	-12 711 151	-13 887 873
	Netto utgifter	49 315 905	54 008 392	56 638 333	60 607 518	71 679 836	71 273 048	68 811 835	67 573 743	69 398 946	72 378 383	74 319 089



Barnehage:

Årsmelding 2017

Oversiktsrapport	2015	2016	2017
	Geiranger barnehage - Helstad barnehage - Liabygda barnehage - Ringstad barnehage - Sunnlyven barnehage (2015)	Geiranger barnehage - Helstad barnehage - Liabygda barnehage - Ringstad barnehage - Sunnlyven barnehage (2016)	Geiranger barnehage - Helstad barnehage - Liabygda barnehage - Ringstad barnehage - Sunnlyven barnehage (2017)
Antall barn totalt (0-6) år	129	127	124
tall ansatte totalt	51	48	45
tall styrere og pedagogiske ledere	17	15	14
Andel styrere og pedagogiske ledere med midlertidig dispensasjon	9,7 %	4 %	14,3 %
Andel styrere med godkjent utdanning	100 %	100 %	75 %
Andel pedagogiske ledere med godkjent utdanning	66,7 %	90,9 %	90 %
Antall kommunale barnehager	5	5	5

Alle barn med rett til barnehageplass fekk retten oppfylt både i 2015, 2016 og 2017.

Indikatorer

Strukturindikatorer	Sum 2015	Sum 2016	Sum 2017
Antall barn per voksen	5,76	6,18	6,11
Andel ansatte med pedagogisk utdanning	29,27 %	37,21 %	35,00 %
Andel ansatte med barne- og ungdomsarbeiderfag	36,59 %	32,56 %	22,50 %
Antall barnehager under normkrav - Pedagogisk lederressurs i forhold til antall barn (alle pedagogiske ledere)	3	3	4
Antall barnehager på normkrav - Pedagogisk lederressurs i forhold til antall barn (alle pedagogiske ledere)	1	2	0
Antall barnehager over normkrav - Pedagogisk lederressurs i forhold til antall barn (alle pedagogiske ledere)	1	0	1
Leke og oppholdsareal per barn (m2)	6,93	7,04	7,21

Årsmelding 2017

Oversikt antall barn

Oversikt antall barn i ordinære- og familiebarnehager	Sum2015	Sum2016	Sum2017
Antall barn totalt (0-6) år	129	127	124
Antall barn 0 år	1	1	0
Antall barn 1 år	19	22	21
Antall barn 2 år	22	21	28
Antall barn 3 år	25	28	23
Antall barn 4 år	29	25	26
Antall barn 5 år	33	30	25
Antall barn 6 år	0	0	1
Andel barn med avtalt oppholdstid på 40 timer eller mindre	15,5 %	13,4 %	12,9 %
Andel barn med avtalt oppholdstid på 41 timer eller mer	84,5 %	86,6 %	87,1 %

Minoritetsspråklige barn

Minoritetsspråklige barn	Sum2015	Sum2016	Sum2017
Antall minoritetsspråklige barn totalt	33	40	35
Antall 1 årige minoritetsspråklige barn	5	9	3
Antall 2 årige minoritetsspråklige barn	7	5	10
Antall 3 årige minoritetsspråklige barn	8	8	5
Antall 4 årige minoritetsspråklige barn	7	8	7
Antall 5 årige minoritetsspråklige barn	6	10	9
Antall 6 årige minoritetsspråklige barn	0	0	1
Andel minoritetsspråklige barn med avtalt oppholdstid på 40 timer eller mindre	0 %	5 %	0 %
Andel minoritetsspråklige barn med avtalt oppholdstid på 41 timer eller mer	100 %	95 %	100 %

Utfordringer:

- ny pedagognorm. Talet på pedagogar i barnehagane må aukast for å oppfylle forskrift om pedagogisk bemanning.
- høg andel minoritetsspråklege barn i sentrumskrinsen.

Skule

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Talet på elevar	577	554	529	518	494
Årsverk for undervisningspersonale	59,4	58,6	58,9	66,1	63,2
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	98,5	96,3	94,4	97,9	96,7

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
Lærertetthet 1.-7. trinn					
Stranda kommune skoleeier	11,7	10,5	10,6	10,2	10,1
Kommunegruppe 02	11,3	11,3	11,1	11,1	10,9
Møre og Romsdal fylke	12,7	12,6	12,5	12,4	12,0
Nasjonalt	13,3	13,4	13,4	13,4	13,0
Lærertetthet 8.-10. trinn					
Stranda kommune skoleeier	13,2	13,1	13,7	10,5	9,4
Kommunegruppe 02	12,8	13,0	12,4	12,1	12,0
Møre og Romsdal fylke	14,2	14,3	14,0	14,0	13,9
Nasjonalt	14,3	14,3	14,2	14,2	14,4
Lærertetthet i ordinær undervisning					
Stranda kommune skoleeier	14,4	13,2	14,8	13,4	13,3
Kommunegruppe 02	14,6	14,5	14,1	13,9	13,7
Møre og Romsdal fylke	16,1	16,2	16,2	16,0	15,6
Nasjonalt	17,0	17,0	16,9	17,0	16,8

Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	Stranda kommune skoleeier	Kommunegruppe 02	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Støtte fra lærerne	4,5	4,4	4,4	4,4
Vurdering for læring	4,1	3,9	3,9	3,9
Læringskultur	3,9	4,1	4,0	4,1

Årsmelding 2017

Mestring	3,6	4,1	4,1	4,1
Elevdemokrati og medvirkning	3,7	3,8	3,7	3,8
Mobbet av andre elever på skolen	1,2	1,3	1,3	1,3

Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2016-2017, Trinn 7, Begge kjønn

Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	Stranda kommune skoleeier	Kommunegruppe 02	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Støtte fra lærerne	4,4	4,0	4,0	4,0
Vurdering for læring	3,4	3,3	3,3	3,3
Læringskultur	3,7	3,8	3,8	3,8
Mestring	4,2	4,0	4,0	4,0
Elevdemokrati og medvirkning	3,8	3,3	3,3	3,3
Mobbet av andre elever på skolen	1,1	1,3	1,3	1,3

Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2016-2017, Trinn 10, Begge kjønn

Utfordringar:

- stadig meir av tida til undervisningspersonalet og rektor går til samarbeid og møter i høve barn i utfordring og til å ordne opp i episodar med elevar som skjer i fritid, men som har innverknad på skulekvardagen.
- dei nye krava til studiepoeng i basisfaga norsk, matematikk og engelsk for lærarar krev at langt fleire tek vidareutdanning enn det er i dag for å oppfylle krava. Det må vere balanse i kor mange som kan gå i vidareutdanning sett opp mot at ein får fylle opp stillingane i permisjonstida med kvalifiserte lærarar.
- høg andel barn med minoritetsspråkleg bakgrunn.

HELSE OG OMSORG

Kommunen har ansvar for å planlegge, utforme og organisere tenester til alle innbyggjarar med behov for helsetenester. Tenestetilbodet skal vere fagleg forsvarleg, og mest mogleg likeverdig uavhengig av bustad, alder og diagnose.

Tenestekjeda er lagt opp slik at den gir ulike alternativ, avhengig av kva behov den einskilde har. Brukarane skal takast med på råd i tenesteutforminga, slik at deltaking og

medbestemming rundt eigen kvardag blir sikra. Ei oppbygging av differensierte tenestetilbod står derfor sentralt, og er heilt naudsynt for å kunne yte rett tenester på rett nivå.

Tenestetilbodet i Stranda kommune er organisert med einingar i Geiranger, Stranda og Sunnlyven. Eining for sosiale tenester, NAV, helse og eining rehabilitering/habilitering.

Denne eininga har også ansvaret for koordineringa av pasientar / brukarar som mottek fleire tenester frå kommunen.

Dersom ikkje kommunen klarer å tilby deitenestene brukaren har krav på, skal det for brukarane vere lett å klage på vedtaket. Dei aller fleste tenestene som Stranda kommune tilbyr i dag er lovpålagte oppgåver, og er tildelt som enkeltvedtak etter ulike loververk.

Nokre trekk ved folkehelsa i Stranda kommune

Temaområda i folkehelseprofilen er valde med tanke på det helsefremjande og førebyggjande arbeid. Indikatorane tek høgde for alders- og kjønnsamansetnaden i kommunen. Utover dette må statistikken tolkast i lys av anna kunnskap om lokale forhold.

Befolkning

Tema	Indikator	Stranda Kommune	Fylke M/ R	Noreg
Befolkning	Befolkningsvekst	0,54 %	0,37%	0,85%
	<i>Personar som bur åleine 45 år +</i>	22,6%	23,6%	25,3%
	<i>Valdeltaking 2017</i>	78%	77%	78%

Levekår	Indikator	Stranda kommune	Fylke	Noreg
	<i>Vidaregåande høgare utdanning 30-39 år</i>	83%	81%	82%
	<i>Låginntekt 0-17 år hushaldning</i>	10%	10%	12%
	<i>Ulikskap inntekt P90/ P10</i>	2,4%	2,6%	2,8%
	<i>Vidaregåande høgare utdanning 30-39 år</i>	83%	81%	82%
	<i>Låginntekt 0-17 år hushaldning</i>	10%	10%	12%

Årsmelding 2017

	<i>Ulikskap inntekt P90/ P10</i>	<i>2,4%</i>	<i>2,6%</i>	<i>2,8%</i>
	<i>Bur trongt 0-17 år</i>	<i>13%</i>	<i>14%</i>	<i>19%</i>
	<i>Barn av einslege forsørjarar</i>	<i>9,3%</i>	<i>14%</i>	<i>15%</i>

<i>Miljø</i>	<i>Indikator</i>	<i>Stranda kommune</i>	<i>Fylke</i>	<i>Noreg</i>
	<i>God drikkevassforsyning</i>	<i>94%</i>	<i>82%</i>	<i>88%</i>
	<i>Forsyningsgrad drikkevatt</i>	<i>82%</i>	<i>91%</i>	<i>88%</i>
	<i>Skader behandla i sjukehus</i>	<i>11,7 per 1000</i>	<i>14,4</i>	<i>13,7</i>
<i>Skule</i>				
	<i>Trivst på skulen 10 klasse</i>	<i>91%</i>	<i>86%</i>	<i>86%</i>
	<i>Lågaste meistringsnivå lesing5 kl</i>	<i>42%</i>	<i>27%</i>	<i>24%</i>
	<i>Lågaste meistringsnivå rekn 5 kl</i>	<i>32%</i>	<i>25%</i>	<i>24%</i>
	<i>Fråfall til vidaregående skule</i>	<i>16%</i>	<i>19%</i>	<i>22%</i>
<i>Helse og sjukdom</i>				
	<i>Psykiske lidningar primærh 15-29år</i>	<i>112 pr 1000</i>	<i>144</i>	<i>152</i>
	<i>Muskel og skjelett primærhelse</i>	<i>332 pr 1000</i>	<i>341</i>	<i>319</i>
	<i>Hjarte og karsjukdommar</i>	<i>14,6 pr 1000</i>	<i>16,7</i>	<i>17,9</i>
	<i>Lungekreft nye tilfelle</i>	<i>54 pr 1000</i>	<i>55</i>	<i>58</i>
	<i>Antibiotiakabruk resepter</i>	<i>280 pr 1000</i>	<i>371</i>	<i>360</i>
	<i>Vaksinasjonsdekning meslinger</i>	<i>90%</i>	<i>95,2%</i>	<i>95,1%</i>

Ut i frå statistikken ser vi at Stranda kommune ved legekantoret nyttar mindre antibiotika enn elles i landet.

Utvikling og spreiding av antibiotikaresistente bakteriar er ein alvorleg trussel mot den framtidige helsa vår. Vi kan motverke antibiotikaresistens ved å førebyggje infeksjonar og bruke antibiotika berre når det trengst.

Innan skule ser vi at trivselen på skulane våre blant 10 klassingane er god, og ligg over landsgjennomsnittet.

Ser vi på lese og rekneferdigheitene til 5 klassingane, er det meir urovekkande. Her ligg vi godt under landsgjennomsnittet. Ei forklaring er at nokre skular har svært mange frå andre land, og som treng tid for å lære seg norsk.

Fylkeskommunen har ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta, og skal organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga og gi eit regelmessig og oppsøkjande tilbod til prioriterte grupper, Fylkeskommunen skal vere ein pådrivar og understøtte folkehelsearbeidet i kommunane, j.f. *Lov om folkehelsearbeid kap 4.*

Tannhelseresultat: Tannhelse til barn og unge i Stranda kommune er blitt gradvis betre, men i 2017 ser vi ein liten nedgang hos 3 og 12 åringar.

Årsmelding 2017

Årskull	3 åringer	5 åringer	12 åringer	18 åringer
Stranda	89	78	64	23
Sykkylven	88	80	48	10
Skodje	94	82	56	25
Sula	95	83	64	22

Prosentandel personar utan karies i enkelte årskull.


Sjølv om utviklinga i tannhelsestatus gradvis er blitt betre , syner landsgjennomsnittet ei langt betre tannhelse både hos 12 og 18 åringer enn i Møre og Romsdal. Tannhelsa hos innvandrarborn frå Aust Europa og andre verdsdelar er dårlegare enn hos norske born. Stranda kommune har ei relativt stor arbeidsinnvandring.

Helse og omsorg

Helsetenester Stranda kommune	2014	2015	2016	2017
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten, konsern	2957	2894	2953	3026
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger, konsern	59	107	115	135
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger, konsern	2348	2350	2384	2411
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,0	13,0	13,0	13,1
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	7,6	7,6	7,6	8,7
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	74,3	103,0	38,0	41,3
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,50	0,35	0,33	0,33
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,18	0,24	0,14	0,19
Brutto driftsutgifter per innbygger 0 - 5 år. Helsestasjons- og skolehelsetjeneste., konsern	9651	7720	8144	10756
Gjennomsnittlig listelengde	919	918	907	901
Årsverk jordmor pr 10 000 innbyggere kommunehelsetjenesten	187,5	44,4	128,2	162,2

Årsmelding 2017

F1. Konsern - Pleie og omsorg - grunnlagsdata (K) etter region, statistikkvariabel og år



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Kvalitet innen Helse - pleie og omsorg.	2014	2015	2016	2017
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,50	0,35	0,33	0,33
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,18	0,24	0,14	0,19
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100,0	100,0	100,0	97,7
Andel plasser i brukertilpasset enerom m/ eget bad/wc	97,7	97,7	97,7	95,3
System for brukerundersøkelser i institusjon	0	1	1	1
System for brukerundersøkelser i hjemmetjenesten	0	1	1	1
Andel årsverk i brukerretnede tjenester m/ fagutdanning	64	68	72	67
Andel årsverk i brukerretnede tjenester m/ fagutdanning fra videregående skole	39	39	41	37
Andel årsverk i brukerretnede tjenester m/ fagutdanning fra høyskole/universitet	25	28	31	31
Andel legemeldt sykefravær av totalt antall kommunale årsverk i brukerretnede tjenester	6,9	5,5	8,4	5,4
Andel langtidsbeboere 31.12 vurdert av lege siste år	48,5	75,6	87,5	60,5
Andel langtidsbeboere 31.12 vurdert av tannhelsepersonell siste år	63,6	51,2	27,1	51,2

I matrisa har vi teke med nokre variablar som måler kvaliteten på tenestene innan helse- plo. Andel langtidsbeboarar som er blitt vurdert av lege har gått ned frå 87,5- 60,5. Dette er noko vi må ta på alvor å sjå næramare på. Målsetting for 2018 er at alle beboarane skal ha bli vurdert av lege.

Det positive er at mange fleire beboarar er blitt vurdert av tannlege.

Årsmelding 2017

Barneverntenesta i Stranda kommune 2014-2017	2014	2015	2016	2017
Netto driftsutgifter til funksjon 244, 251, 252, konsern	3691	4157	3632	4262
Barn med melding	40	35	29	37
Meldinger i alt	44	36	31	41
Meldinger med behandlingstid innen 7 dager	44	36	31	40
Undersøkelser med behandlingstid over 3 måneder	14	8	15	3
Sum stillinger i alt	3,5	4,5	4,5	4,5
Innført internkontroll i barnevernstjenesten	1	1	1	1
Antall barn 0-22 år	1264	1218	1204	1163

Ut i frå oversikta ser vi at antal meldingar barn og meldingar totalt ha auka siste året frå 2016. Det er også ein trend i elles. Det kan tyde på at ein er blitt flinkare å melde frå til barnevernet (uromeldingar) fagetatar, publikum enn tidleg

Viktige saker som er blitt drøfta i Samhandlingsgruppa i Sunnmøre regionråd for 2017

1. Oppfølging handlingsplan – samarbeid om krise og katastrofeberedskap og den akuttmedisinske kjede.
2. Samhandlingsavtalen med helseforetaket . Drøftingar om korleis ein skal arbeide for å få gått nøye gjennom dei forslaga til nye delavtalar.
3. Velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering i dei ulike kommunane
4. Utviklingsplan 2018- 2021 Helse Møre og Romsdal (framtidretta pasientbehandling og god bruk av ressursar)
Utviklingsplanen skal peike på ønska utviklingsretning som svarar på framtidige behov for helsetenester i eit framtidsperspektiv.

Årsrapport frå krisesenter for Sunnmøre, Ålesund, avdeling kvinner og barn

Antal kvinner	Antal barn	Antal liggedøgn kvinner	Antal liggedøgn barn	Antal dagburkarar
49	47	1001	970	171

Krisesenteret er det einaste hjelpetiltaket med særleg kompetanse for å gi vern, tryggleik, råd og rettleiing til kvinner , menn og barn som blir utsett for vald i nære relasjonar. I Norge finns det 47 krisesenter fordelt over heile landet.

Året 2017 har antal kvinner og born som har søkt hjelp frå Krisesenter for Sunnmøre vore stabilt, og ligg om lag på same nivå som i fjor. Dette er ein trend over heile Norge.

18 kommunar i Møre og Romsdal nyttar Krisesenteret i Ålesund. Eit nedslagsfelt på 150 000 menneske.

Alle kommunar unntake ei, har nytta krisesenteret i fjord. Tal frå Stranda har ikkje vore tilgjengeleg.


I Norge er det fritt krisesenterval. Det gjer at Krisesenteret er lovpålagt å ta i mot kvinner og born over heile landet.

Den nye brukargruppa er eldre kvinner som har levd i voldlege tilhøve over fleire tiår.

I 2017 var det 47 barn som budde på det nye senteret. Gjennomsnittleg butid 20,6 døgn.

Årsmelding 2017

Artsgruppe	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Tekst	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	
0	Lønn	68 072 720	74 195 459	79 814 370	86 484 456	93 339 741	103 433 275	100 507 389	110 663 228	109 784 000	118 621 430	128 606 193
1-4	Drift	18 951 009	21 222 226	19 648 914	18 502 846	20 143 877	18 599 923	23 623 168	24 052 074	22 125 596	21 623 420	26 535 266
5	Finans	1 960 919	1 609 917	73 779	103 352	150 821	1 351 031	223 145	2 319 441	1 356 234	1 115 336	2 697 929
	Driftsutgifter inkl. finans	88 984 647	97 027 602	99 537 063	105 090 654	113 634 439	123 384 229	124 353 703	137 034 743	133 265 830	141 360 186	157 839 387
6	Salsinntekter	-12 863 212	-13 320 970	-13 846 513	-16 661 577	-19 975 751	-20 941 347	-21 862 560	-21 307 302	-22 329 857	-22 016 043	-23 725 914
7-9	Overføringer til einingane	-17 376 001	-20 539 035	-16 469 522	-11 875 201	-13 349 247	-14 858 708	-15 746 757	-21 478 330	-21 791 950	-24 728 627	-32 662 199
	Driftsinntekter	-30 239 213	-33 860 005	-30 316 035	-28 536 778	-33 324 999	-35 800 055	-37 609 317	-42 785 632	-44 121 807	-46 744 670	-56 388 113
	Netto utgifter	58 745 435	63 167 597	69 221 028	76 553 876	80 309 440	87 584 173	86 744 385	94 249 111	89 144 023	94 615 516	101 451 274



Ser vi på tabellen over syner den at driftsutgiftene frå 2014 – 2017 har auka: Kr 20 804 644,-
driftsinnteketene frå 2014 – 2017 har auka : Kr 13 602 481,-
Netto utgift Kr 7 202 163,-

Årsmelding 2017

I heile 2017 har det vore eit kontinuerleg arbeid med å finne ei god løysing for legevakt utanom

kontortid for Stranda kommune. Stranda kommune kjøper i dag fleire interkommunale tenester med Ålesund kommune. Legevakta er ei av tenestene. I dag kjøper vi nattlegevakt frå 22:00 -08:00. Heilt fram til desember månad var vi trygge på at vi skulle få utvide legevakt til også å gjelde kveld 15:30 22:00 samt helg og høgtidsdagar 08:00 – 08:00). Det var svært overraskande at vi fekk avslag på dette nær inn i jula.

I februar 2018 kom ei utsetting av gjennomføring av Akuttmedisinforeskrifta fram til 2020. Det er planlagt at sak om legevakt skal leggast fram for kommunestyret 18 april 2018

KOMMUNE	32504 - LEGEVAKT NATT objekt 5491 i	32504 - NØDNETT NATT objekt 5488	32505 - LEGEVAKT KVELD OG HELG objekt 5492	32505 - NØDNETT DAG objekt 5488	32505 - SYKEPLEIER DAGLEGEVAKT objekt 5000	32506 - AKUTT DØGNPLASSER DAG	32507 - AKUTT DØGNPLASSER NATT	32508 - OVERGREPSMOTTAK	TOTALT
Giske	782 685	354 181	-	393 429		-		92 598	1 622 893
Haram	865 609	395 658	998 617	439 502		1 669 444		102 667	4 471 497
Hareid								66 153	66 153
Herøy								100 591	100 591
Norddal	299 688	137 502		152 740		299 774		33 954	923 658
Sande	-	-						42 211	42 211
Skodje	522 217	234 224	660 951	260 179		838 351		60 973	2 576 896
Stordal	252 303	115 550		128 355		185 091		28 200	709 499
Stranda	520 568	239 079		265 573				60 773	1 085 992
Sula	847 015	386 468	980 333	429 294		1 624 442		100 409	4 367 960
Sykkylven		346 655		385 070				88 784	820 509
Ulstein								95 657	95 657
Vanylven								48 556	48 556
Vestnes	671 495	312 010		346 586		1 199 641		79 098	2 608 830
Volda								101 183	101 183
Ørsta								116 113	116 113
Ørskog	349 022	158 934		176 547		419 176		39 944	1 143 623
Ålesund	3 680 743	1 685 602	3 766 817	1 872 391	613 800	8 482 773		444 475	20 546 601
Totalt	8 791 345	4 365 863	6 406 719	4 849 665	613 800	14 718 692		1 702 339	41 448 422

Legevaktsamarbeid med Ålesund kommune. Oversikt over ulike utgifter i 2017 for Kommunar som tek del. Fordeling av utgiftene er 80/ 20. der 80 % går på innbyggjar i kommunen.

PLAN OG UTVIKLING

Denne eininga arbeider med drift, vedlikehald og utbygging av kommunen sin infrastruktur innanfor vatn og avløp, renovasjon, brann – og feieteneste, oppmåling, vegar, park. I tillegg arbeider dei med plan, miljø- og næringstenester med oppgåver innanfor arealplanlegging, byggesakshandsaming, jordbruk, miljøvern, grunnverv, næringsarbeid og skogbruk.

Det har vore stor aktivitet i 2017 innan områda plan/miljø/næring, kommunalteknikk og vaktmestertenesta. Av dei større oppgåvene i 2017 må nemnast utbygging av vatn og avløp i Svemorka med alt som høyrer inn under det. Det har også vore lagt ned store ressursar i arbeidet med reguleringsplanen for Geiranger.

Ofte er det utfordringar med å gjennomføre prosjekt som det er løyvt midlar til – fordi løyvingane i ein del tilfelle kjem før reguleringsplan er godkjent og grunn innløyst. I framtida bør ein endre på dette. Av investeringsmidlar som vart svært godt motteke var løyvingane til asfaltering.

Årsmelding 2017


Generelt er det store forventningar og svært mykje lovpålagde oppgåver. Ein del erfarne medarbeidarar slutta våren 2017 og fleire nyutdanna tok til på ettersommaren. Byggesak og delvis plan vart styrka med ei stilling meir enn året før. Samla sett har vi no god kompetanse og kapasiteten vert større etter kvart som alle vert betre kjende med kommunen og rutineane.

Elles opplever ein mangel på nyare kommuneplan med samfunnsdel og arealdel som ei utfordring både i planbehandling og i ein del byggesaker. Arbeidet er no godt i gang – men det vil ta noko tid.

I Hevsdalen har ein i fleire saker fått erfare at utbygging/drift av vatn og avløp er utfordrande fordi det er mange private som eig fordelingsnettene. Truleg må ein ha ein grundig gjennomgang for å finne ei betre organisering for framtida. I Hevsdalen har det vore og er fortsatt utfordringar med å få bygd ny avkøyring frå fylkesvegen til Fursetsida. Dette har det vore arbeidd mykje med og arbeidet vil fortsette i året 2018.

UTGIFTER OG INNTEKTER PLAN/MILJØ/NÆRING-KOMMUNALTEKNIKK-VAKTMESTERTENESTA 2007-2017 PER ARTSGRUPPE

Artsgruppe	Tekst	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017
0	Lønn	12 061 788	12 736 799	13 354 241	14 042 655	13 532 225	15 837 494	16 150 929	17 938 889	17 246 351	20 891 877	22 789 328
1-4	Drift	25 334 799	28 566 598	25 476 689	32 039 612	32 328 706	32 808 986	33 185 979	38 385 189	41 012 363	31 341 025	32 414 501
5	Finans	2 948 162	3 365 716	3 026 394	2 663 796	2 424 483	13 410 111	9 689 357	2 903 655	1 313 979	5 190 194	3 417 875
	Driftsutgifter inkl. finans	40 344 749	44 669 113	41 857 324	48 746 063	48 285 414	62 056 591	59 026 265	59 227 733	59 572 693	57 423 096	58 621 704
6	Salsinntekter	-19 019 635	-20 150 598	-19 146 050	-21 248 598	-29 659 333	-33 977 198	-35 135 423	-32 193 267	-26 395 600	-26 666 093	-29 146 273
7-9	Overføringar til einingane	-8 034 040	-10 857 879	-9 393 392	-7 496 045	-5 847 205	-12 279 748	-10 152 988	-9 986 086	-12 886 966	-11 241 376	-10 879 797
	Driftsinntekter	-27 053 675	-31 008 477	-28 539 442	-28 744 643	-35 506 538	-46 256 946	-45 288 411	-42 179 353	-39 282 566	-37 907 469	-40 026 070
	Netto utgifter	13 291 074	13 660 636	13 317 881	20 001 420	12 778 876	15 799 644	13 737 854	17 048 379	20 290 127	19 515 626	18 595 634



VEDLEGG 1 – ÅRSMELDING FRÅ EININGANE FAG 1022


Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,) :

FAG er eit utskild økonomisk område under Rådmannen.

Skuleskyss, spesialundervisning barnehage, overføring til andre kommunar (barn i fosterheim med skuleplass i anna kommune) og tilskot til private barnehagar er hovudpostane i utgiftene.

Økonomisk utvikling:

Artsgruppe	Tekst	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017
0	Lønn	1 202 825	1 493 209	1 413 790	822 584	926 164	971 059	1 434 507	1 516 696	1 827 036	1 842 589	2 159 166
1-4	Drift	8 241 782	8 986 063	11 798 274	11 656 493	12 774 844	12 326 979	12 793 206	13 403 824	14 866 248	14 354 460	15 675 530
5	Finans	-	624 000	1 659 283	72 158	-	-	-	30 000	-	1 068 183	1 231 638
	Driftsutgifter inkl. finans	9 444 607	11 103 272	14 871 347	12 551 235	13 701 008	13 298 038	14 227 713	14 950 520	16 693 284	17 265 232	19 066 334
6	Salsinntekter	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
7-9	Overføringer til einingane	-7 859 507	-8 204 068	-10 895 107	-13 248 966	-2 019 682	-658 042	-699 277	-463 635	-556 791	-1 727 443	-2 613 653
	Driftsinntekter	-7 859 507	-8 204 068	-10 895 107	-13 248 966	-2 019 682	-658 042	-699 277	-463 635	-556 791	-1 727 443	-2 613 653
	Netto utgifter	1 585 100	2 899 203	3 976 241	-697 731	11 681 325	12 639 996	13 528 436	14 486 885	16 136 493	15 537 789	16 452 681



Enkeltvedtak

	2015	2016	2017
Fullmaktsvedtak	19	34	31

Kommentar til drifta: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Tilskot til private barnehagar utgjør for 2017 NOK 11 227 657,-

Skuleskyss utgjør NOK 1 966 008,-

Det er ei sterk auke i omfang av spesialundervisning og styrking av bemanning i barnehagane. (om lag tre stillingar i snitt på året)

Nedgang i utgifter er forsteheimsbarn som går ut av grunnskulen og over i vidaregåande.

STAB; PERSONAL OG LØN - 1021

Kort skildring av verksemda:

Personal og løn er ein del av rådmannen sin stab som skal yte personal -og utviklingstenester til heile organisasjonen, herunder ansvar for rekruttering og avlønning. Avdelinga har ansvaret for det løpande lønsarbeidet, rett lønn og godtgjeringar skal utbetalast til avtalt tid. Hovudtillitsvalde og hovudverneombod med frikjøp er lønsmessig organisert under personal og lønn.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	2	2	2
Antal årsverk	2	2	2

Tal på saker til administrative utval

	2015	2016	2017	Auke/ reduksjon
Saker	147	150	187	+ 40 saker

Kompetansehevande tiltak:

- Felleskurs: «Arbeidsgjevar sin styringsrett» for leiarar og tillitsvalde
- Grunnkurs i arbeidsmiljø 40 timar gjennomført for fem tilsette- alle er nyvalde verneombod eller medlem i arbeidsmiljøutvalet
- Felleskurs/ orientering til tilsette over 55 år om pensjon og pensjonsrettar (januar 2018)
- Felleskurs for alle leiarar og verneombod i risikovurdering
- Kurs: Pensjonsordninga i Statens pensjonskasse
- Relasjonskompetanse v/Spurkeland
- Leiarutviklingsprogram

Kommentar til drifta frå leiar:

Personal:

Avdelinga har gitt råd og rettleiing til einingane og rådmannen i saker som gjeld arbeidsgivarspørsmål, organisasjonsutvikling og overordna oppfølging av nærvær og sjukefråværsarbeid. Avdelinga har hatt oppgåver innan rekruttering og personalsaker (både individ og system), oppfølging av IA- avtalen, felles opplæringstiltak, overordna HMT og BHT- arbeid, lønsforhandlingar i kap. 3, 4 og kap. 5 samt andre lønsforhandlingar.

Avdelinga har sakshandsama totalt **187** saker til følgjande utval: Partsamansett utval (PAU), forhandlingsutval (FHU), administrativt løns og forhandlingsutval (ALF), arbeidsmiljøutvalet (AMU) og tilsettingsutvalet (ATU). Dette er ein auke i saker på 40 samanlikna med 2015.

Årsmelding 2017

Det er gjennomført 6 samarbeidsmøte med hovudtillitsvalde og hovudverneombod i 2017. Det er ført referat frå alle møta.

Gjennomførte prosjekt:

Skifta rekrutteringsystem frå Acos ansatt til WebCruiter våren 2017. Nytt system tatt i bruk frå mars månad. Frå mars 2017 og ut året hadde vi 68 stillingsannonser/ utlysingar og totalt 624 innkomne søknadar. Starta prosjekt med å bygge opp organisasjonsstruktur i lønssystemet slik at vi kan innføre elektronisk personalmelding frå og med 2018.

Lønn

Avdelinga har ansvar for det løpande lønsarbeidet og køyrer lønn for om lag 550- 600 tilsette (inkludert vikarar og ekstrahjelper), i gjennomsnitt mellom 7000- 7200 lønsslippar for Stranda kommune i 2017. I tillegg har avdelinga ansvar for lønn og rapportering for Stranda Hamnevesen KF og Åknes/Tafjord Beredskap IKS. Det vert ført oversikt over sjukefråvær og anna fråvær, ansvar for å krevje/ søkje sjukelønsrefusjon frå NAV og utarbeide interne og eksterne statistikkar. Ein er kommunen sin rådgjevar i pensjonsspørsmål og føretekk innrapportering til pensjonskassene KLP og SPK samt a-ordninga.

Avdelinga hadde ikkje sjukefråvær i 2017, men er sårbar med kun to tilsette. Avdelinga arbeider for betre og tettare samhandling med andre stabseingar og då spesielt økonomiavdelinga. Dette er nødvendig for å redusere sårbarheita innanfor fleire område. Tilsette må jobbe meir på tvers av sine kjerneoppgåver enn tidlegare, og ein tenker stadig på korleis ein kan jobbe smartare og meir effektivt.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

Avdelinga har gjennomført vernerunde og overordna risikovurdering på det psykososiale arbeidsmiljøet. Dette vart gjort samla for lønn/personal, økonomi og rådmannen si leiargruppe.

Personal og lønn har oppdatert nødvendige rutiner og prosedyrar i kvalitetssystemet Compilo.

SERVICEKONTORET - 1030

Kort skildring av verksemda:

Servicekontoret skal vere eit naturleg kontaktpunkt for innbyggjarane og det politiske miljøet i Stranda kommune og yter tenester innanfor eit bredt fagfelt.

Servicekontoret har hatt eit hektisk, men likevel godt driftsår. På grunn av tidvis lav bemanning har vi ikkje kome i mål med alle planlagde arbeidsoppgåver.

Kontoret har kontinuerleg fokus på utvikling og drive effektiv og servicevennleg kundebehandling gjennom tilgang til nødvendige fagprogram og oppgradering av IT-verktøy. Digitalisering er eit middel for å skape betre tenester for innbyggjarar, tilsette og næringslivet.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antall tilsette -merkantilt	4	4	4
Antall årsverk	3,8	3,8	3,8
Antall tilsette -reinholdarar	3	3	3
Antal årsverk	1,8	1,8	1,8

Tal på saker(ved servicekontoret)

	2015	2016	2017
Politiske saker. Alkohollova	5	37	7
Delegerte saker. Alkohollova og Serveringslova	50	42	31
Delegerte saker. Fritak kommunale gebyr	13	12	10

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året, positivt og negativt)

I 2017 har det vore utfordringar i drifta, både når det gjeld den merkantile delen og på reinhaldsstillingane, dette grunna langtidssjukemeldingar.

Utnytte dei ressursane vi har både økonomisk og fagleg.

Servicekontoret leverer internoppgåver i heile organisasjonen.

Utfordring i forhold til flyt i tidsfristar og saksgang frå administrasjonen.

Innføring av Webcruiter og nytt skjemadesign har vore gjennomført
Stortingssval 2017 – Stor auke i førehandsrøystingar på Servicekontoret

Kontaktpunktet mellom innbyggjar og kommune er særskild viktig, både ved fysisk oppmøte og elektronisk samhandling. Dette gjeld også mot det politiske miljøet.

Årsmelding 2017

Det er viktig å gi innbyggjarane god service og vere tydeleg i kommunikasjonen. I ein stor organisasjon er god internkommunikasjon eit viktig verkemiddel for å levere gode resultat. God internkommunikasjon legg også godt grunnlag for god ekstern kommunikasjon, dette for å skape openheit og samhandling.

Servicekontoret har kontinuerleg fokus på digitalisering og fullelektroniske arkivløysingar.

Elektronisk arkiv- og saksbehandlingssystem legg grunnlaget for e-forvaltning og kommunen er på god veg til å bli eit nettbasert servicesenter.

Gjennomføring av digitalt arkiv har vore eit stor løft og pr. 31.12.2017 er alle arkivdelar i det offentlege post- og journalføringssystemet fullelektroniske .

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- **Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar**
Ingen registreret avvik i 2017
- **Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovurdering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m**
Medarbeidarsamtalar, vernerunde og risikovurdering
- **Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem**
Vi arbeider kontinuerleg med å få på plass internrutiner, men arbeidet har stoppa litt opp pga. sjukemeldingar osv.

Publikum og brukarar er ein del av arbeidsmiljøet og påvirkar dei tilsette. Ein føresetnad er at medarbeidarane kontinuerleg opprettheld både fagleg og personleg trygghet.

Å vere generalister med brei kompetanse er krevjande då det stadig er endring i regelverk, prosedyrer, skjemavelda osv.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017

Gjennomgang, kartlegging og klargjering til avlevering av eldre og avslutta arkiv til IKA Møre og Romsdal

Forarbeid til kjøp og implementering av ny møteportal, WebSakFocus, SvarUt/SvarInn

IKT - 1023

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Avdelinga støtter opp om IKT-bruken i alle tenesteeiningar. Det blir gitt støtte til i overkant av 910 brukarar der vel 620 brukarar er innanfor oppvekst (lærarar og elevar). Totalt er det i overkant av 700 datamaskiner og vel 70 serverar i daglig drift som avdelinga har ansvaret for. I tillegg kjem nettbrett, mobiltelefonar (smarttelefonar) og multimaskiner (skrivar/kopi/skann/fax).

Fagsystem innanfor omsorg, helsestasjon og PPT vert drifta av PC Support AS. Enkelte system er flytta til skya (eks. Visma Flyt, MinTimeplan). Dei resterande fagsystem og interne system vert drifta lokalt. IKT-Avdelinga har også ansvaret for telefoniløysinga i kommunen som har rundt 220 brukarar.

Arbeidsoppgåvene til avdelinga er primært:

- Innkjøp av maskin- og programvare.
- Forvaltning av programvarelisensar.
- Drift og vedlikehald av serverar og pc'ar.
- Drift og vedlikehald av nettbrett og smarttelefonar.
- Drift og vedlikehald av fag- og brukarstøttesystem.
- Drift av multimaskiner, skrivarar og kopimaskiner.
- Rådgjeving, støtte og opplæring ovanfor brukarane.
- Effektivisering, standardisering og kvalitetssikring av ikt-løysingane.
- Kontakt og koordinering ovanfor leverandørar.
- IKT-strategisk arbeid, organisasjonsutvikling knytt opp mot IKT.
- Prosjektarbeid ved innføring av IKT-system.
- Administrasjon, drift og vedlikehald av Netcom Trådløs Bedrift.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	2	2	2
Antal årsverk	2	2	2

I tillegg har avdelinga ein lærling.

Tal på enkeltvedtak/saker

Vi har ikkje statistikk på talet på saker vi har hatt tidlegare. Vi er no starta å registrere brukarstøttesaker i eige system.

Tal på brukarar/PC'ar, serverar

Totalt er det i overkant av 700 datamaskiner og vel 70 serverar i daglig drift som avdelinga har ansvaret for. Totalt er det vel 910 brukarar som får tjenester frå avdelinga. Talet på maskiner har auka ein del i forhold til tidlegare år. Dette kjem av investeringar til Chromebooks i oppvekst-sektoren.

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Vi har hatt fleire interne prosjekt på mellom anna Google Suite for Education og Citrix for å auke kompetansen internt.

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året, positivt og negativt)

IKT-avdelinga er ei lita avdeling og vi har historisk hatt sterkt fokus på drift. Det viser seg at det er utfordrande å ha kapasitet og kompetanse til å vere sparringpartner i prosjektgjennomføring, digitalisering og handtering av IKT-strategiske problemstillingar utan at dette går på bekostning av den daglege drifta. Vi har i 2017 i tillegg hatt utskiftingar på IKT-avdelinga og det har vore mykje nye arbeidsoppgåver både for konst. IKT-leiar og IKT-servicearbeidar. På den positive sida har drifta vore stabil, og fleire IKT-prosjekt har fått positiv tilbakemelding, mellom anna digitaliseringsprosjektet i skulen med Google Suite for Education.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

Avdelinga har ikkje gjennomført HMT-tiltak i 2017.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

Hovudmålsetninga som skissert opp i budsjett for 2017 var høg oppetid. Dette målet føler vi er oppnådd. Vi har hatt svært få episodar som har medført nedetid. Vi jobbar kontinuerleg for å oppretthalde god tilgang til tenestene våre og på sikkerheit. Vi har i 2017 skifta ut brannmur-løysinga vår og andre nettverkskomponentar vert skifta ut fortløpande. Vi vil ha eit auka fokus på overvåking av nettverksutstyr i 2018.

RINGSTAD SKULE - 2010

Ringstad skule har 14 klassar fordelt på 1.-7.klassesteg med tilsaman 265 elevar. Skulen har rektor og inspektør, og har 28,7 stillingar for lærarar og 5,1 stillingar for assistentar. "Firkløveren" skulefritidsordning ved Ringstad skule har dagleg leiar og sju assistentar, med tilsaman 3,47 stillingar dette året, i tillegg til utplassert arbeidstakar frå NAV og ein lærling.

Vaktmeister i heil stilling held til på skulen, men har også arbeidsoppgåver lagt til andre einingar. Tre reinhaldsbetjenter utgjer om lag to heile stillingar. Skulen har også sekretær / kontorphersonale i 50% stillingsstorleik.

Totalt har 45 personar arbeid ved skulen.

Ringstad skule har ein bygningsmasse på 2500 m², og skulen har sidan 1997 vorte fornya med nybygg, tilbygg og ombygging i fire omgangar.

Lokalisert i Stranda tettstad.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	45	47	47
Årsverk	37,4	40,2	40,2

Enkeltvedtak

(ant årsverk som går til enkeltvedtak)

	2015	2016	2017
Spesialundervisning	3,8	4,9	6,2
Norskopplæring	0,6	0,8	1,3

Tal på elevar

	2015	2016	2017
Elevar	269	261	264
Minoritetsspråklege	28	33	37
SFO	90	87	85

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Ringstad skule har vore med på den nasjonale satsinga «»Språkløypa» i regi av Lesesenteret i Stavanger med fokus på norsk lesing og skriving. Elles har tre lærarar vore på etterutdanning

Årsmelding 2017

i engelskfaget i regi av NTNU. Det neste faget som er tillyst i høve kompetanseheving ved Ringstad skule , er matematikkfaget.

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
2010	RINGSTAD SKULE					
0	Lønn	22 400 935	24 308 319	23 550 568	23 895 822	24 420 233
1-4	Drift	1 665 209	1 847 320	1 986 541	1 986 541	2 048 188
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	24 066 144	26 155 639	25 537 109	25 882 363	26 468 422
6	Salsinntekter	-1 405 446	-1 346 481	-1 236 040	-1 236 040	-1 485 937
7-9	Overføringer til eininga(ne)	-458 152	-1 403 678	-908 000	-908 000	-1 511 143
	Driftsinntekter	-1 863 598	-2 750 159	-2 144 040	-2 144 040	-2 997 080
	Netto utgifter	22 202 546	23 405 481	23 393 069	23 738 323	23 471 341
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-266 982

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

TILTAK GJENNOMFØRT I 2017:

Når det gjeld skuleutviklingstiltak for Ringstad skule, så ha har vi halde fram første halvåret med arbeid knytt til lese – og skriveopplæringa. Elles arbeider skulen systematisk med Lions sitt opplegg «Mitt val» i høve haldningsskapande arbeid. Ringstad skule har hatt tilsyn med Arbeidstilsynet, og det har også i 2017 vore arbeidd med oppfølging etter dette tilsynet, mellom anna har det vorte laga rutinar i høve handtering av elevar med utagerande åtferd. Ringstad skule har hatt tilsyn med Fylkesmannen i 2017 med tema skulebasert vurdering, og skulen har arbeidd med oppfølging etter tilsynet. Når det gjeld bygg og anlegg , er satsingsområda brannsikringsarbeid og ENØK-tiltak, og skulen er no godt igang med montering av system for sentral driftskontroll. Såleis håper ein no å få kontroll med inn klima og temperatur på alle rom.

TILTAK SOM MÅ GJENNOMFØRST:

Ringstad skule held fram med fokus på lesing og skriving. Elles har skulen fått midlar både i høve brannsikringstiltak og ENØK-tiltak, og vil også halde fram med dette arbeidet. Ringstad skule ønskjer seg framleis digitale tavler også på grupperom og spesialrom, og har også som mål å kunne kjøpe inn fleire lpadar / nettbrett til bruk i undervisninga. Skulen har framleis ei utfordring i høve norskopplæring og tilrettelegging av skulesituasjon for dei to-språklege elevane. Skulen får i 2018 to klassesett med chromebooks, og vil då ta i bruk «Google for education» for fullt for elevane i sjuande klasse, og det vert kurs for alle lærarar og assistentar. Våren 2018 skal det oppførast ballbinge på skulen i eit samarbeidstiltak mellom skulen og FAU, der foreldra skal montere ballbingen på dugnad. Det har vinteren 2018 vore svært stor lekkasje i symjebassenget ved skulen, og det må monterast ny duk i symjebassenget i løpet av sommarhalvåret 2018, så bassenget kan vere klart til bruk til etter haustferien . Det kjem stadig krav om auka ressursinnsats i høve arbeid med elevar som har særleg

behov for oppfølging, og Ringstad skule står føre store utfordringar i høve barn med særlege diagnosar og behov.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

Ringstad skule si HMT-gruppe består av tillitsvald, verneombod og rektor.

Denne gruppa har særleg arbeidd med oppfølging av arbeid etter tilsyn med Arbeidstilsynet, der ein har arbeidd saman med Stamina i høve risikoanalyse, og så har skulen også fått laga nye rutiner i høve handtering av elevar med utagerande åtferd. Skulen har hatt oppfølgingskurs i høve Compilo, og det ser no ut til at dette systemet vert meir brukt enn tidlegare.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

Målet er å prestere likt eller betre med landsgjennomsnittet på dei nasjonale prøvene i norsk, engelsk og matematikk. Skulen har nulltoleranse for mobbing. Elevundersøkelsen viser at det er lite mobbing på skulen, men det eksisterer , og skulen må framleis arbeide målretta for god trivsel på skulen.

SUNNYLVEN SKULE - 2020

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Grunnskule 1.-10.klassesteg. Tilsaman 74 elevar fordelt slik: Småskulesteg 25 elevar, mellomsteg 25 elevar og ungdomssteg 24 elevar.

Skulefritidsordning for elevar i 1. – 4. klasse. Ope fem dagar etter skuletid, totalt 16 brukarar.

Lokalisert på Hellesylt

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	20	19	21
Årsverk	14,75	14,03	14,33(13,95)*

Totalt 14,33 % stilling som arbeider ved skulen. Ein lærar er i etterutdanning og har eit frikjøp/permisjon på 37,5%. Dette gjer at det er 13,95 % stilling i arbeid. Dette gjev ein reell nedgang dei tre siste åra på 0,8 stilling undervisning eller ca 20 undervisningstimar. Dette gjer at ein er pressa på ressursane til undervisning.

Enkeltvedtak

(ant årsverk som går til enkeltvedtak): Antal timar til spesialundervisning har gått opp i perioden 2015-2017. Ca 80% stilling er dekkja gjennom refusjonar frå anna kommune. Det er også her den relativt store auken i årsverk til spesialundervisning har vore.

	2015	2016	2017
Spesialundervisning	0,82	1,14	1,32
Norskopplæring	0	0	0

Tal på elevar:

	2015	2016	2017
Elevar	77	76	74
Minoritetsspråklege	0	0	0
SFO	17	17	16

Tal elevar er bra stabilt, nedgang på tre elevar i perioden 2015-2017.

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Ein lærar tek skuleåret 2017/2018 etterutdanning i matematikk.

Alle i kollegiet ved skulen har vore med på skuleutviklingsprogrammet Ungdomssteg i utvikling (UIU) i perioden 2015-17. Sunnylvn skule har i UIU hatt lesing som satsingsområde. Gjennom arbeidet med UIU har administrasjon, ressurslærar og heile kollegiet fått tilført ny

Årsmelding 2017

kunnskap. Ein har i UIU hatt samlingar der erfaringsdeling/utveksling mellom skulane har vore sentralt, ein har hatt egne samlingar for skuleleiarar og ressurslærarar.

Ressursinnsats:

2020 SUNNYLVEN SKULE		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	8 681 211	9 005 790	8 647 437	8 788 827	9 299 565
1-4	Drift	786 661	1 002 672	990 343	990 343	1 030 719
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	9 467 872	10 008 462	9 637 780	9 779 170	10 330 284
6	Salsinntekter	-166 055	-224 974	-228 465	-228 465	-181 060
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-862 035	-838 972	-250 000	-250 000	-1 090 622
	Driftsinntekter	-1 028 090	-1 063 946	-478 465	-478 465	-1 271 682
	Netto utgifter	8 439 782	8 944 516	9 159 315	9 300 705	9 058 602
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-242 103

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Teneste 2100, Grunnskule: Mindreforbruk 310 000. Kjem i all hovudsak frå refusjonar frå anna kommune som kan vere vanskelg å berekne, og meir i sjukelønsrefusjonar enn prognosen tilsa. Ser ein på dei andre driftspostane har det jamt over vore meirforbruk til materiell som elevane nyttar i undervisninga. Desse postane bør justerast opp for å kome i mål. Det har vore svært nøktern bruk av midlar i budsjettåret, både når det gjeld lønsmidlar og innkjøp elles.

Teneste 2120, Skulelokale: Meirforbruk på 71 000. Skuldast meirforbruk på energi på 95 000. Kan sporast tilbake til for lavt budsjett i høve forbruk tidlegare år, og ein skulebygning som «lek» varme.

Teneste 2300, Sfo: Meirforbruk 19 000. Skuldast i all hovudsak tal brukarar som som gjorde at ein måtte nytte to vaksne i delar av opningstida, og at to sommaropne veker ikkje låg inne i lønsbudsjettet.

Ein bør kunne seie at eininga har fått mykje ut av pengane og har vore svært nøkterne i bruk resursar. At ein totalt kjem ut med eit mindreforbruk skuldast timeressursar som har gått til speialundervisning som ein får refundert. Ein del av desse timane er henta frå ordinær undervisning, slik at ein er svært «pressa» her.

Elles har vi utfordringar i høve bygget, som tidlegare år. Det er vanskar med temperaturstyring, så det er ofte kaldt på skulen og i klasseromma. Reparasjon av feil på motor på varmegjennvinnar har betra situasjonen i forhold til kalde klasserom. Ventilasjon og varmeanlegget lever på lånt tid. Vi har hatt nye lekkasjar frå taket, særleg hausten 2017 har vore krevjande, med nedplukka himmling og kar i gangen for å samle opp vatn som kjem gjennom taket. Reinhold på skulen er også vanskeleg, då bygget er i den forfatning som det er. Trass dette, gjer reinholdarane ein svært god jobb og skulen framstår som rein og triveleg.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- **Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar**
Antal avvik som har vore meldt i Compilo er eit for hausten 2017. Dette var eit samleavvik for taklekkasjar som har vore eit gjentakande problem ved nedbør og snøsmelting på skuletaket. Det er tre plasser vatnet kjem ned inne i bygget som har vore gjentakande og utfordrande/utriveleg. Midlertidig reperasjonar kring desse punkta er planlagde no når snø/ is smeltar vekk.
- **Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovurdering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m**
Vernerunde vart ikkje gjennomført hausten -17. Medarbeidarsamtaler er gjennomført og vernerunde med verneombod er planlagt i veke 12. Risikovurdering må gjennomførast vårhalvåret -18.
Eininga hadde besøk av El-tilsyn Møre. Elektriker blei leigt inn og gjennomførte tilsyn ved eininga.
- **Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem:** Rektor bruker Compilo og informerer om oppdateringar av rutiner og anna informasjon som vert lagt ut frå kommunen i felles personalmøter. Kollegiet har lita bevisstheit kring bruken av Compilo. Dette er eit område ein må arbeide meir med i 2018 for å kunne få alle til å nytte Compilo.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017

- **Mål og vurdering:**
-Sjukefråversprosent under eller= 2,5%: Oppnådd. Vi har hatt svært lite sjukefråver gjennom sjukmeldingar dette budsjettåret. Talet på eigenmeldingar stabilt, men ikkje nokon er ralatert til arbeidsmiljøet ved skulen.

- Skulen startar ut med «ungdomstrinn i utvikling», målet for dette er å få til ein god start og nå langsiktig mål i 2018 om å ha fullført utviklingsprosjektet med ynskja effekt inn i klasserom og bland personalet.
Målet er oppnådd, men skuleutvikling er ein prosess ein ikkje vert ferdig med. Evalueringa i personalet i forhold til UIU og ønska effekt viste at kollegiet sat igjen med mykje ny kunnskap. Motivasjonen for å arbeide vidare med problemstillingar som har kome opp undervegs i UIU er god.

- Elevundersøkinga skal gje tilbakemelding om ein «mobbefri skule».
Fleire spørsmål som er stilt elevane til emnet i år, totalt kjem ein ut med ein score på 4,95 av totalt 5,0 på dei fire spørsmåla som høyrer til emnet Trygt miljø. Det er ein nøgde med.

GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE - 2030

Kort skildring av verksemda: Grunnskule 1. – 10. klassesteg.

SFO

Barnehage

Lokalisert i Geiranger

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	15	15	13
Årsverk	11,62	11,73	9,43

Enkeltvedtak

(ant årsverk som går til enkeltvedtak)

	2015	2016	2017
Spesialundervisning	0,07	0,09	0,04
Norskopplæring	0,04	0	0

Tal på elevar

	2015	2016	2017
Elevar grunnskule	21	22	19
Minoritetsspråklege	1	0	0
Barnehageplassar i drift	22	17	14
SFO	9	10	7

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

- Ungdomstrinn i utvikling: Påbegynt 2016, avslutta desember 2017. Alle lærarar
- Kursdag med Jan Spurkeland: Relasjonsbygging. Alle lærarar+ styrar barnehage
- Kursdag med Øyvind Kvello: Tverrfagleg samarbeid. Barnehagetilsette
- Kurs for verneombud og leiar

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
2030	GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE					
0	Lønn	6 798 892	7 019 361	6 476 054	6 584 390	6 637 984
1-4	Drift	512 627	463 244	535 017	535 017	580 563
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	7 311 519	7 482 605	7 011 071	7 119 407	7 218 546
6	Salsinntekter	-512 811	-485 506	-413 800	-413 800	-444 295
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-106 190	-291 589	-80 000	-80 000	-441 427
	Driftsinntekter	-619 001	-777 095	-493 800	-493 800	-885 722
	Netto utgifter	6 692 518	6 705 510	6 517 271	6 625 607	6 332 824
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-292 783

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

- Vikarsituasjonen i barnehagen har vore utfordrande dei to siste åra. Vi har hatt fleire langtidssjukmeldingar og det er vanskeleg å ha tilgang på nok vikarar.
- Trykket på uteområdet i turistsesongen er ei utfordring både med omsyn til slitasje og trygghet. Det er også ei stor belastning for dei tilsette i barnehagen.
- Behov for vedlikehald blir større for kvart år. I 2017 fekk vi skifta ein del innvendige dører og lagt nytt golvbelegg på eitt av klasseromma. Viktig at der er midlar på budsjettet til å få gjort litt kvart år.
- Vi opplever no ein nedgang i barnetal i Geiranger som er svært negativ både for barnehage, skule og bygda ellers. Vi har nedbemanna både i barnehage og skule dei to siste åra og dette vil vi også måtte gjere i 2018.
- Dei nye kompetansekrava i skulen er ei utfordring for så små skular som vi er. Det vil ikkje vere mulig å imøtekomme desse krava i eit så lite personale.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- **Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar**
18 melde avvik i 2017. Dei aller fleste av dei gjeld uteområdet, hovudvekt på porten. Eit av avvika er eit «samle-avvik» på funn gjort på uteområdet i turistsesong.
- **Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovurdering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m**
 - Vernerunde i april-mai
 - Medarbeidarundersøking barnehage vår
 - Risikovurdering i forb med handlingsplan haust
 - Elevundersøking haust

- **Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem**

- Har hatt kursing for personale i å melde avvik. Vanskeleg å få dette til å fungere i praksis. Det blir meldt for få avvik.
- Har gjort lite når det gjeld å legge inn dokument og planar i Compilo

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

-Uteområdet: Vi laga rutiner for vaktmestertenester knytt til uteområdet i turistsesong. Ordninga med slik teneste kom i gong i 2016 og fungerte bra det året. I 2017 fungerte det berre delvis då vedkommende sommarvikar vart brukt i andre deler av kommunen enkelte dagar i veka. Kommunikasjonen var ikkje god nok i dette tilfelle.

Vi slit med å finne gode løysingar for bruken av uteområdet vårt i turistsesongen.

-Ungdomstrinn i utvikling vart gjennomført etter planen med oppsette kurs og samlingar. Det har vore tatt i bruk nye arbeidsmåtar knytt til lesing som grunnleggande ferdigheit og vi ser at undervisninga er blitt meir variert.

-Tverrfagleg samarbeid i barnehagen: Kursdag har vore gjennomført innanfor temaet.

2 tverrfaglege møte med PPT, Helsestasjon og Barnevern har vore arrangert i 2017.

Dette er nyttige møte, men det er krevande å få til datoar der det passar for alle å reise til Geiranger. Av same grunn har vi ikkje lykkast å arrangere det BTI-møtet for foreldra som alle banehagar skal ha.

-Vedlikehald: Vi har fått lagt nytt golvbelegg på eit klasserom og skifta ut det meste av innvendige dører i barnehagen og på skulen.

LIABYGDA SKULE - 2040

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Grunnskule 1.-7.klassesteg.

Skulefritidsordning for elevar 1. – 4. klasse .

Lokalisert i Liabygda

Liabygda skule har 2 lærarar i 100% stilling, assistent i 90% stilling (fordelt på assistent med 50% og SFO med 40%), og rektor med om lag 60% undervisning og om lag 30% administrasjon. I tillegg har vi musikk lærar med 2 t/v og innleigd spesialpedagog med 2 t/v. Vi har reinhaldar i 25% stilling, og deler vaktmeister med andre kommunale institusjonar. Vi er svært nøgde med vaktmeistertenestene.

Skulen har til dags dato hatt god støtte i bygda. Dette merkar vi på bygdafolket si positive innstilling til elevar og personale på skulen, elevane si positive innstilling til skulen og dei som arbeider der, og bygdefolket si breie oppslutning om samlingar skulen skipar til. Mellom anna hadde vi om lag 50 gjester til lunsj på Sunn-mat-dagen vår i haust. Bønder i bygda har invitert oss til å vere med på gardsarbeid i form av våronn med potetsetjing og såing av grønsaker, og haustonn med potetopptaking og innhausting av frukt og grønsaker.

Elevane har også vore på besøk på aldersheimen, der dei har servert mat dei har laga på skulen, og hatt ei stund med høgtlesing for dei gamle, noko både elevane og pensjonæranne på heimen har sett pris på.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	7	7	7
Årsverk	6,15	6,2	6,2

Årsverktrekninga er cirka-tal. I året 2018 fram til august 2018 går det med ca 3,6 årsverk.

Enkeltvedtak

(ant årsverk som går til enkeltvedtak)

	2015	2016	2017
Spesialundervisning	0,1	0,1	0,1
Norskopplæring			

Tal på elevar

	2015	2016	2017
Elevar	18	17	15
Minoritetsspråklege	0	0	0
SFO	4	6	4 (2)

Skuleåret 2017-2018 starta 5 elevar i SFO om hausten. Etter utgangen av november 2 elevar i SFO. Skuleåret 2017-2018 starta med 15 elevar. I september slutta ein elev, og i november

Årsmelding 2017

2 elevar. Fram til 1. februar var det 12 elevar på Liabygda skule. 1. februar starta ein ny elev i 7. klasse.

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Ingen av personalet på Liabygda skule er på kompetansegevane tiltak

Ressursinnsats:

2040 LIABYGDA SKULE OG BARNEHAGE		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	3 965 590	3 757 429	3 533 326	3 601 526	3 915 794
1-4	Drift	436 584	606 712	422 723	422 723	560 262
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	4 402 173	4 364 141	3 956 049	4 024 249	4 476 056
6	Salsinntekter	-191 213	-200 616	-164 477	-164 477	-197 530
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-242 845	-69 388	-	-	-67 425
	Driftsinntekter	-434 058	-270 004	-164 477	-164 477	-264 955
	Netto utgifter	3 968 116	4 094 137	3 791 572	3 859 772	4 211 102
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					351 330

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Frå hausten 2017 er Liabygda skule og Liabygda barnehage to sjølvstendige einingar, kvar med eigen leiar. Begge einingane har som mål å utnytte tilkjende faglege og økonomiske ressursar for å skape gode oppvekstvilkår for borna i Liabygda. Personalet som er i dagleg kontakt med borna i skulekvardagen er den absolutt viktigaste ressursen vi har. Vi har godt kvalifisert personale med stor røynsle. Det gjer at drifta har hatt god kvalitet.

Vi legg vekt på god kontakt med heimane.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar:
 - Ingen avvik registrerte i Compilo.
- Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovudering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m.
 - Det er gjennomført vernerunde og brannøving i 2017.
- Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem
 - Er i gang med å setje meg inn i programmet.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

1. Vurdering og kartlegging

Skulen har ein plan for bruk av kartleggingar i Nasjonale prøver, Carlsten-testar og andre kartleggingar.

2. God kontakt mellom heim og skule.

Skulen har samtalar med foreldre gjennom kontaktlærer 2 gonger i året, og elles dersom det er behov for det. I tillegg til det får heimen skriftleg rapport om eleven 2 gonger i året – ved halvgått skuleår og årsrapport ved skuleslutt om våren.

3. Godt og tilstrekkeleg vedlikehald på hus og anlegg.

Har dette året hatt service på varmepumpe, og sett inn nye panelomnar(brukte) på musikkromet og på kontoret. Trudde vi skulle få tetta taket på leskuret, men det har ikkje vorte gjort.

Utfordringar

I tillegg til skulenedlegging er nedgang i barnetalet den største utfordringa for bygda. Då eg kom til Liabygda skule hausten 2000, var det 36 elevar på skulen. Etter det har elevtalet gått jamt ned, men heldt seg i mange år på 20 til 30 elevar. Det største årskullet var på 8 elevar i perioden. Hadde eitt år 12 elevar i 1. og 2. klasse. Så tok årskull til å dette ut. Elevtalet dags dato er 13. Hausten 2017 tok til med 15 elevar, men så flytta 3 elevar frå bygda, og vi vart 12 igjen. To av dei flytta etter at det vart klart at skulen skal nedleggast frå 01.08.2018, utan at eg kan seie at det hadde direkte samanheng med at skulen blir borte.

I dei 18 åra eg har vore tilsett på Liabygda skule, har eg frå kommunen si side sett lite og inkje av tilrettelegging for å skape bu-lyst og tilflyttings-lyst i Liabygda.

LIABYGDA BARNEHAGE – 2040

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Liabygda barnehage er ein kommunal barnehage med 12 plassar som ligg i naturskjønne omgivadar i Liabygda. Vi har ei avdeling med 6 barn i alderen 1-6 år, samt 2 vaksne. 3 dagar i veka er SFO saman med oss i barnehagen. Dei dagane er vi totalt 8 barn og 3 vaksne. Den vesle barnegruppa gjer personalet i stand til å gi ekstra merksemd til kvart einskild barn, og vår målsetting er at barnehagen skal vere ein fantastisk bra stad å vere for barn og vaksne. Opningstid: 07.45-16.15.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	4	5	3
Årsverk	2,1	2,1	2,2

Enkeltvedtak

	2015	2016	2017
Barn med enkeltvedtak	0	0	0

Tal på elevar

	2015	2016	2017
Barnehageplassar i drift	8	5	6
Minoritetsspråklege	0	0	0

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
2040	LIABYGDA SKULE OG BARNEHAGE					
0	Lønn	3 965 590	3 757 429	3 533 326	3 601 526	3 915 794
1-4	Drift	436 584	606 712	422 723	422 723	560 262
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	4 402 173	4 364 141	3 956 049	4 024 249	4 476 056
6	Salsinntekter	-191 213	-200 616	-164 477	-164 477	-197 530
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-242 845	-69 388	-	-	-67 425
	Driftsinntekter	-434 058	-270 004	-164 477	-164 477	-264 955
	Netto utgifter	3 968 116	4 094 137	3 791 572	3 859 772	4 211 102
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					351 330

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Det er utfordrande å få gjennomført planleggingstid for dei tilsette, noko som er naudsynt for å ha eit godt pedagogisk tilbod. I og med vi berre er to som arbeidar i barnehagen er vi avhengig av å legge planleggingsarbeid til timane når den tilsette frå SFO er tilstade i barnehagen, men vi må også hyre inn ekstra personale kvar veke for å få gjennomført tilstrekkelig planleggingstid. Dersom det då ikkje let seg gjere å hyre inn vikar, let det seg heller ikkje gjere å gjennomføre plantida.

Dei tilsette brukar mykje tid og energi på å rydde og organisere ein barnehage som ber preg av å vere nedprioritert og ikkje ha leiging tilstade på huset.

Noko eg vil nemne som positivt er at vi har ein liten pott med pengar på budsjettet som vi kan bruke på å oppgradere inventar, leiker mm. Vi ser desse pengane strekk til til mykje, og vi brukar dei med glede.

I forhold til barnegruppa held den seg stabil komande barnehageår.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- **Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar:** 1 avvik meldt i Compilo. Øydelagt gjerde og port ut mot hovudveg. Vurdert som høg risiko.
- **Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovurdering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m:** Har gjennomført vernerunde, brannøving, samt brukarundersøking for foreldregruppa ang. opningstid.
- **Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem:** Er i ferd med å sette oss inn i programmet.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

1) Vi skal utføre eit godt pedagogisk arbeid.

Lagar månadsplanar, månadsbrev og er i gang med å skriftleggjere aktivitetar. Deler barnegruppa tidvis. Grunna stort sjukefråvær hittil i 2018 har vi ikkje lukkast med å få til skriftleggjering og gruppedeling i den grad som var ønskelig. Vi skal arbeide vidare med dette.

2) Utbetre og oppgradere barnehagen sitt ute- og inneområde.

Vi er i god gang med dette. Vi har investert i nokre nye møblar, skal kjøpe inn meir etter kvart. Vi har også fått omorganisert avdelinga, samt nokre andre opphaldsrom og kontor, men med noko resterande arbeid. Vi har att å måle ferdig hus og gjerde, samt diverse anna arbeid for vaktmeisteren. Dette vil bli gjort i løpet av våren.

3) Redusere bruk av sjukevikar.

Her har vi lav måloppnåing. Vi har hatt mykje sjukefråvær, mykje vikarbruk. Dette resultera igjen i at planleggingstida vert redusert, at det pedagogiske tilbodet vert dårligare, og belastninga for dei tilsette vert større.

HELSTAD BARNEHAGE - 2050

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Barnehagen er ein kommunal barnehage som vert driven etter lov om barnehager. Formålet er at barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Helstad barnehage sin visjon : ***Felleskap og nye opplevingar er vårt fokus!***

Dei siste åra har Helstad barnehage fått fleire søkjarar og i 2018 utvida vi barnehageplassane på grunn av stor pågang (mykje søsken). Barnehagen er lokalisert i Strandadalen nær Svemoka Industriområdet, noko som gjer det lettare for foreldre og levere og hente barna sine då barnehagen er like ved.

Opningstida er: KL. 06.45-16.00, måndag til fredag.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette			
Årsverk	6,64	6,50	6,54

Enkeltvedtak

	2015	2016	2017
Barn med enkeltvedtak	3	1	1

Tal på barn

	2015	2016	2017
Barnehageplassar i drift	31,9	34,6	34,5
Minoritetsspråklege	10	10	10

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning):

Styrrar tok styrrarutdanning 30 stp. på masternivå fullført desember 2017.

Kommunal fagdag i Geiranger med Øyvind Kvello for heile personalet hausten 2017.

Årsmelding 2017

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
2050	HELSTAD BARNEHAGE					
0	Lønn	3 560 597	3 536 677	3 416 185	3 482 537	3 874 611
1-4	Drift	203 295	283 758	229 109	229 109	251 822
5	Finans	-	-	-	-	36 510
	Driftsutgifter inkl. finans	3 763 892	3 820 434	3 645 294	3 711 646	4 162 943
6	Salsinntekter	-628 584	-648 385	-550 500	-550 500	-664 868
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-181 605	-443 020	-	-	-424 025
	Driftsinntekter	-810 189	-1 091 405	-550 500	-550 500	-1 088 893
	Netto utgifter	2 953 703	2 729 029	3 094 794	3 161 146	3 074 050
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-87 096

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Vi driftar godt og gikk med eit mindreforbruk på underkant av 90.000,- kr. Den største delen av mindreforbruket er på grunn av pensjonsordninga til dei tilsette.

Vi har i 2017 opplevd ei auke i etterspørsel etter barnehageplassar hjå oss noko som er svært gledeleg. Dette har også vore ein motivator for oss som arbeider her og som viser igjen i medarbeidarundersøkinga til Helstad barnehage, der dei tilsette scora arbeidsmiljøet og arbeidet sitt svært høgt. Alle trivest med kvarandre og den jobbe dei har. Foreldregruppa til barnehagen er også svært positive og vi opplever at dei er gode på å «framsnakke» barnehagen vår. 2017 har vore eit godt år for Helstad barnehage.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovurdering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m: Vernerunde tatt og sendt til AMU. Ny risikovurdering for dei tilsette i forhold til arbeidsmiljø tatt i 2017. Medarbeidarundersøking (Betre Kommune) gjennomført juni 2017. Medarbeidar samtalar gjennomført i desember 2017. Gjennomgang av Brannrutinar i barnehagen og brannvarslingssystem. Gjennomgang i august og januar kvart år for personalt i forhold til brann og oppgåver ein har. Branntilsyn tatt hausten 2017.

Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem: Fast gjennomgang av Compilo og korleis melde avvik (august, desember og juni). Dei tilsette får ein gjennomgang av saksgang ved melding av avvik. Dei tilsette har blitt betre til å melde avvik i systemet no i 2018. Avvika går for det meste på funn ute på uteområdet vårt.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017:

Årsmelding 2017

- 1) Halde sjukefråvær nede 2) Minimum 4 turar i mnd for barna 3) Oppretthalde eit godt samarbeid mellom heim og barnehage.

Tiltak for å nå måla:

- 1) Følgje opp det som står i IA avtalen, ha oppfølgingsamtalar og medarbeidarsamtalar Vere ein leder som er tilstade.
- 2) Tydeleg planverk og vekeplanar, der ein har fokus på det å komme seg ut av bhg og få nye opplevingar.
- 3) Foreldremøter, foreldresamtalar og dagleg kontakt med foreldre både på norsk og på engelsk for dei som ønsker det. Personalmøter med fokus på vaksenrolla og samarbeid med heimen.

STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Stranda Ungdomsskule og vaksenopplæring driv grunnskuleopplæring på ungdomstrinnet for 128 elevar. I tillegg har skulen ansvaret for vaksenopplæringa i kommunen.

Vaksenopplæringa har ansvaret for norskopplæring for framandspråklege, inkludert flyktningane i Stranda, grunnskuleopplæring for vaksne og spesialundervisning for vaksne. Pr. 10.10.2016 er det 37 personar som deltek på språkopplæring. I tillegg er det 5 personar som mottok spesialundervisning for vaksne, to av dei frå Norddal kommune.

Grunnskule 8. – 10. .klasseteg.

Vaksenopplæring

Lokalisert i Stranda tettstad

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	29	30	30
Årsverk	25,7	27,2	27,1

Enkeltvedtak

(ant årstimar som går til enkeltvedtak)

	2015	2016	2017
Spesialundervisning			3517
Norskopplæring			4305

Tal på elevar

	2015	2016	2017
Elevar grunnskule	151	141	128
Elevar VO			
Minoritetsspråklege i grunnskulen	5	4	3

Kompetansehevande tiltak:

Stranda Ungdomsskule og Vaksenopplæring er heldig med at alle tilsette er godt kvalifiserte, inkludert alle lærarar.

Årsmelding 2017

Skulen ynskjer at lærarane held seg oppdatert og utviklar seg vidare, og det blir prioritert at to – tre lærarar er under vidareutdanning kvart år. I 2017 fullførte to lærarar vidareutdanning i eit eller fleire fag.

Skulen har vore med i den nasjonale satsinga «Ungdomstrinn i Utvikling» (UiU), og leing og enkelte lærarar har vore med på ulike kompetansehevande tiltak, samt at alle lærarane har delteke på obligatoriske samlingar i regi av dette programmet. Programmet er no avslutta Skulen satsa ekstra på bruk av skrivning som pedagogisk verkemiddel innanfor UiU. Samtidig har det vore sterkt fokus på skulebasert kompetanseutvikling.

Som vidareutvikling av UiU, har skulen satsa på bruk av IKT som pedagogisk hjelpemiddel. Skulen har kjøpt inn nye datamaskiner til elevane på 9. og 10. trinn av eige budsjett, og fire lærarar har vore på kompetansegivande kurs. Kurs og kompetanseheving som har kome heile skulen til gode gjennom interne [foredrag](#), [workshops](#) og [individuell rettleiing](#).

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
2060	STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING					
0	Lønn	15 608 867	17 003 577	17 353 199	17 620 203	18 149 702
1-4	Drift	1 575 876	1 226 916	1 240 796	1 240 796	1 398 931
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	17 184 743	18 230 494	18 593 995	18 860 999	19 548 633
6	Salsinntekter	-327 081	-314 859	-313 652	-313 652	-254 408
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-2 291 081	-1 952 053	-1 024 177	-1 024 177	-2 476 259
	Driftsinntekter	-2 618 161	-2 266 912	-1 337 829	-1 337 829	-2 730 667
	Netto utgifter	14 566 582	15 963 581	17 256 166	17 523 170	16 817 966
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-705 204

Skulen hadde eit budsjettoverskot i 2017 på kr. 705 204. Det er inntektssida som har vore spesielt mykje større enn det som vart budsjettert, i hovudsak skyldast det overføringar frå staten og private. Dei samla utgiftene er på kr. 945806,- meir enn budsjett. Det er to hovudgrunnar til det, auka lønsutgifter etter lønsoppgjeret våren 2017 og auka utgifter til vedlikehald av bygget. Det er også gjort innkjøp og montasje på bygget som ikkje det var teke høgde for i budsjettprosessen, men som det vart rom for med auka inntekter.

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Stranda Ungdomsskule er ei veldriven skule. Dei fysiske arbeidstilhøva til alle elevar og tilsette er svært gode. Skulen vart renoverert i 2013, og fungerer godt etter intensjonane. Det

vil ikkje vere behov for større investeringar i den fysiske bygningsmassen, men vanleg vedlikehald blir prioritert. Vi ser at det kjem større utfordringar på vedlikehald no når det har gått nokre år sidan alt var nytt.

Miljøet mellom elevane er godt, med lite trakassering og mobbing. Dei skulefaglege resultatane er gode. Inntakspoeng til vidaregåande opplæring ligg mellom dei aller beste i landet. Slik vil vi at det skal vere framover, og skulen har stor tru på at nye læremiddel og stor satsing på å vere i front pedagogisk gjer at det blir slik.

For skuleåret 2018/2019 er det på grunn av etterutdanning og seniortiltak fleire stillingar i form av vikariat. Skulen har god tru på at vi skal finne kvalifiserte lærarar som kan fylle desse.

Måloppnåing jfr oppsette mål for 2017:

- Utvikle ein god læringskultur mellom elevane, med gode skulefaglege og sosiale resultat.
 - UiU er nemnt tidligare. Skulen har Google Classroom som elektronisk læringsplattform, og i samarbeid mellom IKT avdelinga i kommunen er dei andre skulane også i ferd med å etablere det som ein standard . Det er starta eit arbeid med å sjå på vurderingspraksisen på skulen, slik at den er i tråd med sentrale lover og forskrifter, og slik at elevane får den beste undervisninga vi kan gi dei. Resultatane mellom elevane er gode, og vi må vere i front og halde oss oppdatert for at det skal vere slik framover også.
- Gje god tilpassa opplæring til dei som treng det.
 - Skulen har prioritert å ha god lærardekning. Det kjem alle elevane til gode. Dei som treng ekstra tilpassing får det i stor grad gjennom tilpassing av den ordinære opplæringa. Det er nokre elevar på kvart trinn som treng spesialundervisning ut over det som er mogleg å få til innanfor ein normal klasseromssituasjon. Her har skulen gode system og kvalifisert personell som gjer skulekvardagen meningsfull for desse elevane.
- Ha ein sunn, kunnskapsbasert tilnærming til utviklinga rundt læring og pedagogisk tenking.
 - Skulen har hatt god nytte av å vere med på UiU, og det er sett i gong gode prosessar for å utvikle den pedagogiske tenkinga vidare. Lærarane er opptatt av å halde seg oppdatert, og det er ei god haldning i kollegiet til utvikling.

- Leiinga opplever at det er god støtte frå kommuneliinga, og at samarbeidet med dei andre skulane i kommunen fungerer godt.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

Stranda Ungdomsskule vart renovert i 2013, og det fysiske arbeidsmiljøet for tilsette og elevar er av dei aller beste. Vi har enda litt problem med varme- og ventilasjonsanlegget. Det er nokre delar av bygget det er vanskeleg å få opp varmen i når det er spesielt kaldt ute. Vaktmeistertenesta har gjort og skal gjere ulike tiltak for å sjå om det er råd å rette på problemet.

Totalt er det gjeve 8 avvik frå brukarar til Compilo i 2017. På 3 av dei er det sett inn tiltak på Skulen. 5 er sendt vidare, i hovudsak til vaktmeistertenesta.

Erfaringane syner at Compilo ikkje blir brukt av lærarane. For det fyrste er det ikkje mykje å melde frå om . For det andre har det ikkje vore kultur å melde frå om hendingar til eit avvikssystem, men ordne opp i sakene der og då. Det har vore fleire påminningar og sesjonar der lærarane har fått opplæring og prøve seg i Compilo, utan at det nødvendigvis har auka bruken av verktøyet på det jamne.

Skulen nyttar Strandahallen til kroppsøvingundervisning. Det er oppgjennom åra påpeikt fleire feil og manglar med det bygningsmessige i Strandahallen. Melding er gjeve til einingsleiar for kultur og via Compilo. Noko er gjort , men det står igjen eit arbeid med å finne betre løysingar for oppbevaring av utstyr og oppgradering av utstyr som ikkje er teneleg eller held mål med tanke på tryggleik. Det er gjort eit arbeid med gangane utanfor sjølve hallen slik at det no er enklare å halde rømningsvegar opne og brannsikring enklare. Det står enda noko att med sikring og reparering av fast utstyr i hallen.

Stranda Ungdomsskule og Vaksenopplæring har ikkje større utfordringar med det psykososiale arbeidsmiljøet, korkje mellom elevar eller tilsette. Skulen har i fleire år jobba systematisk med førebygging av mobbing gjennom Zero –programmet og er særst nøgd med at det er veldig lite mobbing mellom elevane. Skulen har sett fokus på korleis elevane nyttar sosiale media på nett, og at mobbing ikkje skal skje der. Skulen har så langt ikkje sett alvorlige tilfelle av slik mobbing. Episodar har skjedd, men med årvakne lærarar har skulen tatt tak i dei tidleg og klart å nytte dei i den ordinære opplæringa.

Det kom ei endring i opplæringslova sin §9A i 2017. Det set større krav til skulane for å sikre gode læringsmiljø for elevane. Skulen ser i all hovudsak positivt på kva lova legg opp til og kva skulen konkret må gjere i saker der det er mistanke om eller stadfesta at elevar ikkje opplever at dei har eit trygt oppvekstmiljø. Mykje av det lova legg opp til er innarbeida som praksis og rutinar på skulen allereie.

Vi opplever likevel at vi har mykje større pågang no enn før av elevar eller frå foreldre på saker som går på at elevane ikkje har det bra. Dette skjer ikkje nødvendigvis med bakgrunn i den nye lova, vi ser at trenden generelt er i ferd med å forsterke seg når det gjeld å lene seg på skulen når det oppstår problem i kvardagen til ungdommane. Det er eit paradoks for oss som opplæringsinstitusjon at vi nyttar meir og meir tid og ressursar på utfordringar som ikkje har rot i skulen eller miljøet på skulen, som ikkje gjeld faglege utfordringar elevane har og som vi før har sett at foreldra har teke tak i privat. Veneproblematikk, utfordringar med fritidsaktivitetar, hjelp til handsaming av ungdommane si oppleving av familiekonflikter, livsstilsproblem, utfordringar med skjermbruk heime, søvn- og døgnrytmeproblem er eksempel på kva foreldre kjem til skulen for å be om hjelp til, og ikkje berre for å få råd om kva dei sjølv kan gjere, men med ei forventning til at skulen skal løyse problema for dei. På Stranda er ikkje dette eit stort problem, men vi ser at utviklinga går i den retninga her også, og ressursbruken mot slike arbeidsoppgåver mellom administrasjon og kontaktlærarar spesielt er mykje større no enn før.

Drift/utfordringar:

Stranda Ungdomsskule er ei veldriven skule. Dei fysiske arbeidstilhøva til alle elevar og tilsette er svært gode. Skulen vart renovert i 2013, og fungerer godt etter intensjonane. Det vil ikkje vere behov for større investeringar i den fysiske bygningsmassen, men vanleg vedlikehald blir prioritert. Vi ser at det kjem større utfordringar på vedlikehald no når det har gått nokre år sidan alt var nytt.

Miljøet mellom elevane er godt, med lite trakassering og mobbing. Dei skulefaglege resultata er gode. Inntakspoeng til vidaregåande opplæring ligg mellom dei aller beste i landet. Slik vil vi at det skal vere framover, og skulen har stor tru på at nye læremiddel og stor satsing på å vere i front pedagogisk gjer at det blir slik.

For skuleåret 2018/2019 er det på grunn av etterutdanning og seniortiltak fleire stillingar i form av vikariat. Skulen har god tru på at vi skal finne kvalifiserte lærarar som kan fylle desse.

Måloppnåing jfr oppsette mål for 2017:

- Utvikle ein god læringskultur mellom elevane, med gode skulefaglege og sosiale resultat.
 - UiU er nemnt tidligare. Skulen har Google Classroom som elektronisk læringsplattform, og i samarbeid mellom IKT avdelinga i kommunen er dei andre skulane også i ferd med å etablere det som ein standard . Det er starta

Årsmelding 2017

eit arbeid med å sjå på vurderingspraksisen på skulen, slik at den er i tråd med sentrale lover og forskrifter, og slik at elevane får den beste undervisninga vi kan gi dei. Resultata mellom elevane er gode, og vi må vere i front og halde oss oppdatert for at det skal vere slik framover også.

- Gje god tilpassa opplæring til dei som treng det.
 - Skulen har prioritert å ha god lærardekning. Det kjem alle elevane til gode. Dei som treng ekstra tilpassing får det i stor grad gjennom tilpassing av den ordinære opplæringa. Det er nokre elevar på kvart trinn som treng spesialundervisning ut over det som er mogleg å få til innanfor ein normal klasseromssituasjon. Her har skulen gode system og kvalifisert personell som gjer skulekvardagen meningsfull for desse elevane.
- Ha ein sunn, kunnskapsbasert tilnærming til utviklinga rundt læring og pedagogisk tenking.
 - Skulen har hatt god nytte av å vere med på UiU, og det er sett i gong gode prosessar for å utvikle den pedagogiske tenkinga vidare. Lærarane er opptatt av å halde seg oppdatert, og det er ei god haldning i kollegiet til utvikling.
 - Leiinga opplever at det er god støtte frå kommuneliinga, og at samarbeidet med dei andre skulane i kommunen fungerer godt.

RINGSTAD BARNEHAGE - 2110

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,) :78 plassar fordelt på 4,5 avdelingar. 13,3 årsverk på avdeling, 1,0 årsverk i adm. og 0,5 årsverk på reinhald, samt ekstra personalressurs på 93 % knytt opp mot barn med spesielle behov. Vi følgjer krav og pålegg som lover og retningslinjer gir oss, jfr. blant anna Barnehagelova og Rammeplanen for barnehagen. Opningstid: 06.40 – 16.15: 5 dagar pr. veke. I 2017 var bhg.en feriestengt i 4 veker (fellesferien).

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	20	20	20
Årsverk	14,8	14,8	14,8

Enkeltvedtak

	2015	2016	2017
Barn med enkeltvedtak	1	2	3

Tal på elevar

	2015	2016	2017
Barnehageplassar i drift	Ca. 78	Ca. 78	Ca. 78
Minoritetsspråklege	22	28	25

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning): Personalgruppa deltok på fagdag i temaet «Skader på barn- signal ein skal sjå etter..» v/ Øyvind Kvello. Denne fagdagen er eit ledd i arbeidet med implementeringa av BTI i barnehagen. Styrar gjennomførte styrarutdanning (30 studiepoeng) med avlagt eksamen des. 17, og ein pedagogisk leiar starta på rettleiarutdanning (30 studiepoeng) hausten 17, begge i regi Høgskulen i Volda.

Ressursinnsats:

2110 RINGSTAD BARNEHAGE		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	8 227 252	8 383 064	8 798 874	8 934 907	8 724 497
1-4	Drift	331 542	419 930	442 660	442 660	487 721
5	Finans	-	57 500	-	-	102 228
	Driftsutgifter inkl. finans	8 558 794	8 860 494	9 241 534	9 377 567	9 314 446
6	Salsinntekter	-1 634 278	-1 677 327	-1 602 000	-1 602 000	-1 756 601
7-9	Overføringer til eininga(ne)	-420 173	-522 834	-320 000	-320 000	-483 451
	Driftsinntekter	-2 054 451	-2 200 161	-1 922 000	-1 922 000	-2 240 052
	Netto utgifter	6 504 343	6 660 333	7 319 534	7 455 567	7 074 394
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-381 173

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt) Drifta i 2017 bar prega av stabilitet i personalgruppa og god tilgang på søkjarar til barnehagen. Personalet har vist fleksibilitet og lojalitet trass utfordringar med å spare der ein har muligheiter til det. Bhg.en gjekk i 2017 med eit mindreforbruk der hovudårsaka var tilbakebetalingar av pensjonsordninga for personalet. Utfordringar framover er vedlikehald av barnehagen, inne som ute. Det er stor slitasje på eit område som dagleg skal romme mange barn og vaksne, og vi ser behov for vedlikehald og investeringar på mange områder.

HMT: Helse- miljø- tryggleik:

- **Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar:**

6 meldte avvik, som har vorte registrert og behandla. IKT-personalet gav opplæring i fagsystemet til leiargruppa i bhg.en.

- **Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovudering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m :**

Dagleg dokumentert sjekkrunde på uteområdet. Vaktmeisteren utfører månadleg dokumentert kontroll av uteleikeapparata. Gjennomført kontroll av brannslukkingsutstyr, brannalarmsystem og ventilasjonsanlegg. Brannøving to gongar pr. år. Vernerunde inne og ute på våren. Medarbeidarsamtale på våren, samt medarbeidarundersøking. Livbergingskurs for to tilsette. Risiko- og sårbarheisanalyse av uteleikeapparat på personalmøte.

- **Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem:**

Compilo vert mest nytta i forhold til avviksmelding og oppdatering på informasjonar av ulike prosedyrar og områder. Kvalitetsgruppe er oppnemnt i barnehagen for å ivareta HMT-arbeidet.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017

1. **Halde sjukefråveret på landsgjennomsnittet:** Sjukefråveret i Ringstad bhg. var 5,2 % i 2017. Dette er godt under landsgjennomsnittet for barnehagesektoren og under på landsbasis generelt.
2. **Oppfyllle retten til barnehageplass:** Dette målet vart nådd ved at alle som hadde rett på barnehageplass fekk oppfylt retten sin.
3. **I snitt 4 tur dagar pr. mnd:** Dette målet vart nådd ved at alle avdelingane var på fleire enn 4 turar utanfor barehageområdet pr. mnd.

SUNNYLVEN BARNEHAGE - 2120

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Barnehage godkjent for 42 plassar over 3 år

Lokalisert i Rindalsvegen på Hellesylt

Opningstid: 0725 – 1625 dvs 45 t/veke

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	7	7	8
Årsverk	4,01	4,47	5,87

Enkeltvedtak:

	2015	2016	2017
Barn med enkeltvedtak	0	0	0

Tal på barn:

	2015	2016	2017
Barnehageplassar i drift	22	24	29
Minoritetsspråklege	0	0	0

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Felles plandag med Øyvind Kvello – barn som behøver støtte og beskyttelse

Arbeid med den nye Rammeplanen gjeldande frå 01.08.18

Arbeid med korleis gjere språkopplevingane av omgjevnadene rikare for barna i samarbeid med Kjellaug Bergh PPT Stranda

Ressursinnsats:

Årsmelding 2017

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
2120	SUNNYLVEN BARNEHAGE					
0	Lønn	3 025 181	2 718 648	2 871 260	2 929 216	2 885 330
1-4	Drift	157 094	177 385	176 311	176 311	232 480
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	3 182 275	2 896 033	3 047 571	3 105 527	3 117 810
6	Salsinntekter	-525 283	-445 145	-456 460	-456 460	-473 055
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-199 558	-183 995	-20 000	-20 000	-37 086
	Driftsinntekter	-724 841	-629 140	-476 460	-476 460	-510 141
	Netto utgifter	2 457 435	2 266 893	2 571 111	2 629 067	2 607 669
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-21 398

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Positivt at ein ser ein auke i barnetalet og har god oppslutning om barnehagen.

Positivt å få kunne tildele KS -merke til ein tilsett, og gavesjekkjar til fem tilsette for lang teneste i Stranda kommune.

Utfordringa er å rekruttere faglært pedagogisk personale. Negativt at den nye telleregelen kom og tok frå oss det innarbeidde justeringsopptaket som foreldre har forventning til skal finne stad.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- **Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar:** 3 avvik meldt og lukka, alle av einingsleiar. Forbetringspotensialet er stort, derfor vart det repetisjon for personalet i febr-18 i Compilobruk.
- **Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovudering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m:** vernerundar ute/inne er gjennomført, vi hadde tilsyn av Mattilsynet i juni, revisjon av fleire tiltakskort i Compilo, medarbeidarkartlegging via «Betre kommune» i juni og etterarbeid etter den, vedlikehald/utbetringar på utearealet: fjerna skog for meir lys/sol inn på arealet vårt, bygde uteskur for oppbevaring av sykklar, bytta ut stige med trapp på sklia så den vart tryggare for dei yngste som den er berekna for, ny sand i sandkassene, måla gjerdet/leikarhuset,
- **Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem:** einingsleiar brukar dette mest, og personalet har fått oppfrisking i bruken av det. Med tanke på alle tiltakskorta vi har lagt inn i systemet er eg fornøgd med dette. Godt reiskap å bruke!

Årsmelding 2017

- **Diverse:** ventilasjonsanlegget fekk skadar under toreveret i juli og måtte ha omfattande reparasjon. Denne vart slutført i september så det vart vel fire veker utan ventilasjonsanlegg i drift. I tillegg måtte vaskemaskina utskiftast etter 14 år.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

- Rekruttere og behalde fagpersonale : her kjem det utlysingar i samsvar med behov, jamfør ny pedagognorm no når opptaket er omme
- Språk/leik – kompetanseheving i personalgruppa: har tilgjengeleg faglitteratur for bruk i plantida, diskusjonar i møtetida, arbeidet gjort i samarbeid med Kjellaug Bergh
- Implementering av ny Rammeplan : diskusjonar i møtetida, lesetid i plantida

PPT- 2200

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

PP-tenesta er heimla i Barnehagelova § 19 og Opplæringslova § 5.6 som kommunen si rådgjevingsteneste og sakkunnig instans i opplæringsspørsmål.

Tenesta gir systemretta støtte til barnehagar og skuler i form av råd og rettleiing om pedagogisk leiing, gruppeleiing, læringsmiljø og spesialpedagogiske didaktiske spørsmål. PPT skal også støtte barnehagar og skular med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge betre til rette for barn og unge med særlege behov. Tenesta har ikkje mandat til å utføre behandling.

Bemanning:

	2015	2016	2017	2018
Antall tilsette	4	4	4	4
Antall årsverk	2,85(2,15)	2,85 (2,75)	2,85(2,45)	2,85

Tala i parentes er estimert tal på faktisk utnytting av stillingsheimlane, grunna sjukmeldingar og omsorgspermisjon (2015).

Saker:

I tillegg til meldte saker er det oppretta BTI (bedre tverrfagleg innsats)-grupper i alle barnehagane og skulane, til saman 11 grupper. Det blir gjennomført systemisk arbeid via desse gruppene.

	2015	2016	2017
Nye saker	35	38	39
Avslutta saker	62	19	48
Systemsaker	1		1
Aktive saker	81	207	136

Einingar PPT følger opp:

I tillegg til arbeid med å kartlegge enkelt barn sine behov, har PPT gjennomført tiltak for kompetanseheving i form av kurs og rettleiing til dei tilsette i barnehagar og skuler. På dei vidaregåande skulane blir det kvart år utarbeidd og sendt til fylket ein handlingsplan og ei evaluering av arbeidet til PPT.

I samarbeid med kommuneleiinga driv støttetjenestene i Stranda kommune utviklingsarbeid for å styrke tverrfaglege samarbeidsrutinar, dette arbeidet er avgjerande for å etablere god praksis for førebyggjande arbeid.

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Årsmelding 2017

Oppdatert kompetanse for dei tilsette i PPT er eit viktig tiltak for å sikre ei fagleg kompetent teneste, i dei siste tre åra ha Stranda PPT nytta Udir sitt program for etter- og vidareutdanning.

Stranda PPT innført nye prosedyrar for samarbeid med barnehagane og skulane, desse er knytt opp til Utdanningsdirektoratet sine føringar for spesialpedagogisk hjelp i barnehagane og spesialundervisning i skulane.

For å sikre at PP-tenesta har oppdatert kompetanse innanfor arbeid med læringsmiljø deltek Stranda PPT på Fylkesmannen si skulering for Beredskapsteam mot mobbing.

Ressursinnsats:

2200	PPT-KONTORET	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	1 807 934	1 849 161	1 985 131	2 032 573	1 927 979
1-4	Drift	344 162	322 032	415 691	415 691	365 820
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	2 152 096	2 171 193	2 400 822	2 448 264	2 293 799
6	Salsinntekter	-	-	-	-	-
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-538 173	-562 292	-560 813	-560 813	-622 659
	Driftsinntekter	-538 173	-562 292	-560 813	-560 813	-622 659
	Netto utgifter	1 613 923	1 608 901	1 840 009	1 887 451	1 671 140
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-216 311

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Stranda PPT organiserer arbeidet med utgangspunkt i Utdanningsdirektoratet sin veileder for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Med nye prosedyrar for dei ulike oppgåvene er målet å sikre god arbeidsflyt og kvalitet i tenesta.

Stranda PPT har auka arbeidsmengd som har ført til at tenesta har venteliste. Nye føringar via lovverk og komplekse samarbeidssaker er ei stor utfordring, for både PPT, skulane og barnehagane. Utviklinga siste år viser at ein har for liten kapasitet og ein klarar ikkje å holde saksbehandlinga nede på føringane frå Utdanningsdirektoratet, som er på 3 månadar. Dette skaper stor slitasje på personalet og ein har siste arbeidsår hatt langvarig sjukmeldingar som er relatert til arbeidsbyrda. Det er viktig for brukarane av tenesta at PP-tenesta er ei fagleg og operativ teneste med god kvalitet. Ein bør få vurdert om ein har tilstrekkeleg grunnbemanning for å møte desse utfordringane.

Sjukefråvær knytt til arbeidsbelastning er ei av dei største utfordringane tenesta står over for. Ei lita eining som PPT er sårbar for alt fråvær, og vi går også inn i arbeidsåret 2018 med sjukmeldingar. Grunna krav til kompetanse har det ikkje vore mogeleg å få satt inn vikar i sjukefråværet. Langtidsjukmeldingar over så lang tid utan bruk av vikarar medfører ekstra belastning på personalet, både dei som er i ein sårbar sjukmeldingsfase og dei som ikkje har sjukmelding. Dette har gått utover arbeidsflyten på eininga og det er nå ekstra stor arbeidsbyrde.

Årsmelding 2017

Det er stor vilje på eininga til å vere open for fleksible løysingar slik at vi kan få utført oppgåvene våre og dei tilsette viser forståing for kvarandre sine utfordringar. Vedvarande langtidsfråvær har blitt ei stor utfordring for eininga, for å komme desse utfordringane i møte treng nok eininga ekstern hjelp. Internt vil ein halde fram med prosessen med å vurdere organisering av arbeidsoppgåver og legge til rette for betre arbeidsflyt.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar

For kalenderåret 2017 er det registrert tre meldingar om avvik, desse avvika er knytt til låserutinar og er merka med lav alvorsgrad. Avvika er lukka.

Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovurdering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m

Eininga har ikkje verneombod, det er derfor ikkje gjennomført møte med verneombod/tillitsvalgt dei siste åra.

I samarbeid har dei tilsette på Helsestasjonen og PPT gått gjennom aktuelle punkt for risikovurdering, men grunna stort trykk på andre oppgåver er det utarbeida ein skrifteleg rapport etter dette arbeidet. Hovudutfordringar som kom fram i denne prosessen er stort arbeidspress på begge tenestene og dårlege fysiske arbeidsvilkår.

Via oppfølgingsamtalar med dei sjukmeldte ved eininga har det blitt lagt til rette slik at dei som er sjukmelde er delvis i arbeid. I tillegg til fysiske tilretteleggingar blir det i samarbeid med IKT-avdelinga lagt til rette for løysingar som kan vere med å lette arbeidsflyten. Det er likevel viktig å vurdere kapasiteten ved kontoret i høve til nye og aukane arbeidsoppgåver.

Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem

Dei tilsette på eininga kjenner til bruken av Compilo, den første tida etter innføring av verktøyet vart det i hovudsak nytta til avviksmeldingar. Det er nå oftare i bruk for å finne fram til rutinar og notat. PPT har utarbeida dokument som ligg tilgjengeleg under området oppvekst.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

Hovudmål er kompetanseheving for å sikre sikre ei fagleg kompetent teneste, alle saksarbeidarane har gjennomført eller er i gang med kompetanseheving i regi av Udir.

Opprusting av testmateriell og IKT-utstyr vart ikkje ferdigstilt og ein må vidareføre dette arbeidet.

STRANDA DISTRIKT – 3010 - 3014

Kort skildring av verksemda:

Stranda distrikt tilbyr tenester innan pleie- og omsorg, brukerstyrt personleg assistent og omsorgsstønad for personar over 18 år.

Stranda omsorgssenter er lokalisert på Lånemarka i Stranda tettstad. Her finn ein sjukeheimen, Dalane og Egga omsorgsbustader og sentralkjøkkenet. Heimetenestene og Dagsenteret har basen/lokala sine på omsorgssenteret.

Solbakken omsorgsbustader og Liabygda omsorgsbustader høyrer også til Stranda omsorgssenter, men er lokalisert høvesvis i Stadionvegen ved Mona stadion og i Liabygda.

Tilsaman har Stranda distrikt 43 omsorgsbustader og 37 sjukeheimplassar. Av desse er 5 korttids plassar. På korttids-/rehabiliteringsavdelinga er eit rom disponert for ei KAD-seng (kommunalt akutt døgntilbod). Dette på bakgrunn av ein samarbeidsavtale mellom Stranda kommune og Helse Møre og Romsdal HF basert på øyeblikkeleg hjelp tilbod som er etablert i kommunane.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	96	108	109
Antal årsverk	75,89	83,45	95,06

Kompetansehevande tiltak:

- Ressursperson innan O2 og laboratoriedrift har delteke på fagdag og kurs.
- Einingsleiar og ressursperson i Profil har delteke på fagsamlingar og kurs for vidare utvikling av dokumentasjonssystemet Profil. Er også med i nettverksam arbeidet på Sunnmøre for Profilkommuner.
- Einingsleiar har delteke på møter i Storfjordsamarbeidet; eit samarbeid for Profilkommuner som står utanfor e-kommuner på Sunnmøre.
- Einingsleiar og konsulent har delteke på «Arbeidsgjevar sin styringsrett».
- Alle tilsette har fått tilbod om e-læringskurs via NHI.no.
- To lærlingar starta ved sjukeheimen i september. Veiledarar har delteke på kurs og opplæring i forhold til å ta imot lærlingar og oppfølging av dei. Samt kurs i regi av Opplæringskontoret.
- Vi har hatt studentar frå høgskular og vidaregåande skular på sjukeheimen, i heimetenesta, Solbakken og på sentralkjøkkenet. Sjukeheimen har også hatt studentar frå Sverige utplassert i 1 måned. Dette er eit samarbeid som har pågått over fleire år.
- Ein tilsett har halde fram med vidareutdanning som kreftsjukepleiar.
- Ein tilsett har halde fram med vidareutdanning innan akuttsjukepleie og anestesi.

Årsmelding 2017

- Tilsette har vore på fagdagar innan:
 - Noklus (laboratoriearbeid)
 - Eldremat konferansen
 - Inkontinensprodukt
 - Palliasjon til pasientar med demenssjukdom og kommunikasjon og møter med pasientar som har anna kulturbakgrunn

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
3010-3014	STRANDA DISTRIKT					
0	Lønn	54 042 983	56 754 218	60 776 375	61 074 456	60 505 252
1-4	Drift	7 925 647	7 209 984	7 590 983	9 074 983	9 154 742
5	Finans	811 412	777 268	-	-	1 019 311
	Driftsutgifter inkl. finans	62 780 043	64 741 470	68 367 358	70 149 439	70 679 305
6	Salsinntekter	-12 209 536	-12 083 609	-11 332 296	-12 412 510	-12 817 565
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-5 142 528	-3 830 906	-3 969 139	-3 969 139	-6 940 041
	Driftsinntekter	-17 352 063	-15 914 514	-15 301 435	-16 381 649	-19 757 606
	Netto utgifter	45 427 979	48 826 956	53 065 923	53 767 790	50 921 699
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-2 846 091

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Det har vorte gjennomført ei tilstandsvurdering som resulterte i ein tilstandsrapport over bygget til Solbakken omsorgsbustadar. Konklusjonen er at bygget er lite tenleg til dagens drift, og at det blir anbefalt å rive bygget. Dette har ført til både glede og usikkerheit, spesielt blant dei tilsette. Dei ynskjer ei avklaring på kva som er framtida for arbeidsplassen deira.

Stranda distrikt har teke i bruk nye tryggleiksalarmar. Dette er alarmer som klarer å møte utviklinga vi står ovanfor når det gjeld velferdsteknologi. Alarmane er godt mottatt blant brukarane.

Stranda distrikt har starta arbeidet med nytt signalanlegg på sjukeheimen. Dette har som nemnt tidlegare ikkje fungert på ei stund. Grunna innkjøpsavtalar og anbod har dette teke tid, men mot slutten av året starta arbeidet, og brikker byrjar å falle på plass. Anlegget er også rusta til å møte utviklinga innan velferdsteknologi.

Til stor glede ser vi at fleire har dei eldre i tankane når det gjeld sosiale tiltak. Vi har pårørande, lag og organisasjonar og frivilljuge som ynskjer å gjere kvardagen meir gjevande for dei eldre. Dette set både brukarane og dei tilsette stor pris på.

Avdeling sjukeheimen har ei aktiv Pårørandeforeining som har faste arrangement gjennom året.

Avdeling sjukeheimen har eit stort overbelegg. Dette fører til at pasientar blir lagt på dobbeltrom. Dette er ikkje ei tilfredsstillande ordning for pasientane eller dei tilsette.

Pårørande synest det er uverdigg og frustrerande å ikkje kunne ha eit rom kor dei kan vere åleine med sine, der dei kan ha sine private ting.

Hovudvekta av pasientar som kjem til institusjonen er demente som ikkje kan bu åleine heime, kompliserte medisinske diagnosar og personar som skal ha ei verdigg avslutting på livet. Dei fleste som kjem inn på institusjonen kjem frå sjukehuset.

Å rekruttere personell er ei utfordring. Dette gjeld spesielt dei med høgskuleutdanning, men ein ser og at personell som skal arbeide ein-til-ein, er vanskeleg å rekruttere.

Stranda distrikt har fått oppretta ei stilling som BPA-leiar. Denne skal arbeide direkte mot brukarar som mottok BPA og dei tilsette. Dette er ei viktig stilling, og vil vere avgjerande i utviklinga av denne veksande tenesta. Stillinga vil vere i drift frå januar 2018.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- **Avvik i Compilo**

26 meldte avvik.

I ei stor eining som Stranda distrikt er dette svært få meldte avvik. Vi har dessverre ikkje lukkast i å få til ein kultur for å melde avvik.

- **Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året**

Det er gjennomført vernerundar og etterarbeid etter rutine vedteke i AMU; Årleg vernerunde.

- **Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem**

Compilo er eit godt arbeidsverktøy. Men, det tek tid å sette seg inn i det, og det er ei utfordring å få dei tilsette til å sjå nytta av det. I ein elles hektisk arbeidskvardag vert dette arbeidet nedprioritert.

Vi har no sett fokus på at einingsleiar, konsulent og fagleiarar skal ha fokus på dette arbeidet, for så å overføre kunnskapen til dei tilsette på ein god og enkel måte. Som eit tiltak skal alle PC'ar i Stranda distrikt ha Compilo som startside, og pålogginga til systemet skal gjerast lettare enn det er i dag.

Måloppnåing

- **Få tilsette til å gjennomføre e-læringskurs**

Alle tilsette har fått oppretta brukar, og vi har sett krav til kva kurs som skal gjennomførast i 2017. Mange har tatt kurs, men vi har ein jobb å gjere for at alle tilsette skal sjå verdien og nytta av å ta kursa. Einingssleiar og fagleiarane må ha meir fokus på dette på personalmøter.

- **Alle tilsette skal kunne skrive avvik i Compilo**

Årsmelding 2017

Alle tilsette har fått opplæring, men pga kapasitet og prioritering er vi ikkje god nok på dette. Einingsleiar og fagleiarane må også her ha meir fokus på dette på personalmøter.

- **Redusere korttidsfråværet på sjukeheimen**

Sjukefråværet har gått ned med 1%. Vi vil framleis ha fokus på bruk av eigenmelding, og terskel for fråvær.

- **Budsjett i balanse**

Stranda distrikt gjekk med eit mindreforbruk i 2017.

SUNNYLVEN DISTRIKT - 3020

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Sunnylven distrikt tilbyr heildøgns tenester innan pleie- og omsorg. Vi har eit stort geografisk område med lange avstandar. Brukarane bur frå grensa til Hornindal, gjennom Hellesylt sentrum og til Vollset (Hole). Sunnylven distrikt har omsorgssenter med 18 leilegheite, sjukeheim med 5 langtids plassar og 1 korttids plass. Dei heimebaserte tenestene tilbyr pleieteneste, heimehjelp, tryggleiksalarmar, snømåking etter HOTL og middagsombringning. Tenesta er døgkontinuerleg. I tillegg er her aktivtør 2 daga i veka. Eininga er organisert med 2 mellomleiarar. Ein fagleiar for heile distriktet, og ein teamleiar for ressurskrevjande brukarar. Fagleiar har ikkje personalansvar. Personalet er organisert i 2 ulike arbeidsplanar.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	32	38	39
Antal årsverk	20,3	23,6	26,3

Tall på brukarar :

Sunnylven distrikt, totalt i sjukeheim, omsorgsbustad og heimetenesta: 62 brukarar.

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Sjukepleiar: akuttjukepleie for kommunehelsetjenesta (30 stp)

Hjelpepleiar: vidareutdanning psykiatri

Einingsleiar: Organisering og leiing (15 stp)

Medisinkurs (e-kurs): 18 hjelpepleiarar/assistentar

Ressursinnsats:

3020	SUNNYLVEN DISTRIKT	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	12 424 243	13 928 798	16 035 026	16 219 519	16 060 526
1-4	Drift	2 363 772	2 528 235	2 729 796	2 729 796	2 657 358
5	Finans	39 709	36 000	-	-	14 907
	Driftsutgifter inkl. finans	14 827 725	16 493 034	18 764 822	18 949 315	18 732 790
6	Salsinntekter	-3 470 135	-3 459 769	-3 406 600	-3 406 600	-3 547 632
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-680 054	-1 432 294	-1 420 910	-1 420 910	-2 489 090
	Driftsinntekter	-4 150 189	-4 892 063	-4 827 510	-4 827 510	-6 036 721
	Netto utgifter	10 677 535	11 600 971	13 937 312	14 121 805	12 696 069
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-1 425 736

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Personale: Der er inga ledige heimlar, og vi har fått tilsett personale til ressurskrevjande brukar utan store utfordringar.

Sunnylven distrikt har 400 % i heimel til sjukepleiedekning fordelt på 4 personar. Det er noko knapt ved ferieavvikling og evt sjukdom. Det hadde vært ønskelig med 6 personar, da helst alle i 80-100 % stillingar.

Faglig: På personalmøta tar alle i fellesskap kurs i ulike lover og forskrifter utarbeidet av visma. Dette gir ein felles forståing og god dialog om dilemma vi har i utøving av tenestene.

Det er vanskeleg å utvikle tenestane i takt med krav frå forskrift, lover og andre krav/forventningar. Det er både økonomiske og ressursmessige avgrensingar som er årsaken til det. For eksempel at det blir sett av tid og at det trengs vikarar når andre er på kurs/er på ulike opplæringsarenaer.

Bygningar: Det er bytta golvbelegg i både 2. og 3. etg og branndørene er tette. Vi har flytta medisinerommet og det har fått funksjonell innretning og avsug.

Ventilasjonsanlegget fungerer dårleg. Noko som også fører til at eininga brukar mykje i energi, det blir dårleg inneklima, og at omsorgssenteret opplevast både for varmt og for kaldt. Inntak av friskluft er lagt til same stad som søppel og parkering til tenestebil.

Hage: Sunnylven omsorgssenter har ein forholdsvis stor hage som ikkje går å bruke i sin nåverande tilstand.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar
5 avvik er meldt. Alle er medisinaavvik
- Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovurdering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m
Vernerunde i mars med risikovurdering brann og ergonomi. Ingen revisjon eller brukar/medarbeidarundersøking.
- Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem
Personalet har fått opplæring i bruk av systemet, men bruker det lite.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017

Årsmelding 2017

1. Golvbelegga i 2. og 3. etg er skifta slik at det stette krav til brannsikring jf avvik tilsynsrapport. Dette er gjennomført innan eininga sine egne budsjetterrammer.
2. Personalet skal ha gjennomført ei større brannøving med evakuering. Der er gjennomført brannøving. Evakuering i trapp er ikkje utført.
3. Drifte etter budsjett. Sunnylvn distrikt gikk med mindreforbruk i 2017.

GEIRANGER DISTRIKT - 3030

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Geiranger distrikt består av Geiranger Omsorgssenter og Geiranger HBO. Omsorgssenteret har 9 leiligheter og er døgnbemanna.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	10	10	10
Antal årsverk	7,46	7,46	7,46

Pr 31.12.17 var det 4 vakante helgestillingar og 1 vakant BPA

Tal på brukarar

	2015	2016	2017
Auke			1
Reduksjon			

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Legemiddelkurs

Ressursinnsats:

3030 GEIRANGER DISTRIKT		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	4 900 457	5 045 938	4 941 213	5 014 232	5 383 361
1-4	Drift	448 314	476 119	454 867	454 867	491 315
5	Finans	27 112	1 500	-	-	1 500
	Driftsutgifter inkl. finans	5 375 883	5 523 557	5 396 080	5 469 099	5 876 176
6	Salsinntekter	-919 935	-921 435	-993 500	-993 500	-959 629
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-380 727	-424 219	-	-	-551 389
	Driftsinntekter	-1 300 662	-1 345 654	-993 500	-993 500	-1 511 018
	Netto utgifter	4 075 221	4 177 903	4 402 580	4 475 599	4 365 158
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-110 441

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

I 2017 har me gjennomført eit omfattande prosjekt med branntekniske tiltak, samt noko rehabilitering av Geiranger Omsorgssenter. Det har vore utfordrande, krevjande, lærerikt og positivt for eininga. Personalet har utvist stor vilje til å finne gode løysingar under til tider svært krevjande arbeidsforhald. Også for bebuarane har prosjektet bydd på omveltningar i dagleglivet. Resultatet er at me har fått eit tryggare og meir funksjonelt omsorgssenter.

På personalsida har me hatt utfordringar i form av fleire langtidssjukemeldingar og det har tidvis vore vanskeleg å skaffe vikarar. Kreative løysingar har vore naudsynt for å sikre den daglege drifta.

Sjølv om rekneskapet viser eit mindreforbruk ved eininga, har budsjettet for 2017 også vore i underkant av behovet. Minimal innleige ved sjukdom har gjort at me har klart oss utan overskridingar, men det har mellom anna gitt mindre tid til administrative oppgåver.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar

0 meldte avvik. Ingen tilsette ved eininga har fått opplæring i avvikssystemet.

- Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovurdering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m

Tett oppfølging av sjukemeldte og tilrettelegging.

Vernerunde.

Gjennomført prosjekt med branntekniske tiltak ved Geiranger Omsorgssenter, noko som innebar:

Sprinkleranlegg, direktekobling til 110-sentralen, ny rømningsveg 2. etg, fleire nye vindauger og branndører, nye hovudytterdører, og nytt golvbelegg og himlingsplater på store delar av fellesareal.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

- Tilbakemeldingane frå tilsette er gode iht arbeidsmiljø. Sjukefråværet har vore høgare enn ynskjeleg grunna langtidssjukemeldingar.
- Det er starta gjennomføring av elektroniske Legemiddelkurs for tilsette, denne kursinga fortset inn i 2018.
- Dokumentering av arbeidet ved eininga vert stadig betre, og det er eit arbeid i kontinuerleg forbetring. Opplæringa i avvikssystemet er ikkje gjennomført , men me satsar på å få gjennomført dette i første halvdel av 2018.

EINING FOR HABILITERING/REHABILITERING, - 3040 - 3042

Kort skildring av verksemda:

Ansvar 3040: Møregt./Fjordgården

Ansvar 3041: Nymarkveien

Ansvar 3042: Psykiatrisk dagsenter

Gjeldande lovverk som eining for hab/reh. yter tenester etter:

Lov om kommunale helse-og omsorgstenester.

Lov om helsepersonell

Lov om pasient- og brukarrettigheter

Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker.

Tenester:

Miljøterapeutiske tenester: Rus, psykiatri og psykisk utviklingshemma.

Høg grad av tenester med ambulerande nattevakt: Møregata og Fjordgården.

Heldøgns omsorg: Nymarkvegen

Miljøterapeutiske tenester til heimebuande.

Støttekontakt, avlastning, omsorgstønad til omsorgsgivar der søkjar er under 18 år, og ledsager bevis.

I tillegg til miljøpersonell, er det tilsett:

Fagleiar og sosialkurator, kvar i 100% stillingar.

Koordinerande eining er organisert under Eining for hab./reh.

Individuell plan, med oppretting av IP, opplæring og veiledning av koordinatarar.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	43	43	35
Antal årsverk	32.05	33.35	33.75

Antal tilsette er for 15/16 inklusiv vikarar.

For 2017 er ikkje vikarar medrekna i vakante stillingar. Ambulerande nattevaktteneste vert utført frå Stranda distrikt, men lønsutgiftene vert ført over budsjettet til ansvar 3040.

I tillegg til antall årsverk, har 25 personar kontrakter som støttekontakt og avlastning.

Kompetansehevande tiltak:

Forsvarlegheitskravet krev kvalitetssikring av tenestene, alle faste tilsette får tilbod om kurs innen medikamenthandtering og må ta dette kurset, før delegert mynde vert gitt.

Det er oppretta tverrfagleg gruppe, for å betre kvalitetssikringa av tenestene til personar med diagnosen psykisk utviklingshemma, gruppa har delteket på kompetansehevande opplæring via FMMR.

Årsmelding 2017

Alle fagpersonell har tilgang til verktøyet Veilederen og kan her ta mange e-kurs, innafor aktuelle temaer den enkelte arbeider innafor. I tillegg kan ein nytte veiledere til kompetanseheving via nyttig faglitteratur.

Det vert også lagt stor vekt på kvalitetssystemet Compilo og bruken av verktøyet.

Einingen for hab/reh. har opprettet gruppe for HMT, med aktuelle fagpersoner.

Ressursinnsats:

3040-3042 HABILITERING/REHABILITERING		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	17 582 851	21 148 732	23 687 658	23 952 657	22 399 851
1-4	Drift	552 437	565 715	623 362	623 362	610 636
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	18 135 288	21 714 447	24 311 020	24 576 019	23 010 487
6	Salsinntekter	-359 449	-359 717	-395 568	-395 568	-382 286
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-8 891 688	-9 258 260	-11 060 048	-11 060 048	-8 514 306
	Driftsinntekter	-9 251 137	-9 617 977	-11 455 616	-11 455 616	-8 896 592
	Netto utgifter	8 884 151	12 096 470	12 855 404	13 120 403	14 113 895
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					993 492

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Eining for hab/reh. hadde på vårparten tilsyn frå Arbeidstilsynet, fokuset var åleinearbeid og sikring av tenestene den enkelte utfører. Tenesta fekk varsel om pålegg, men vi klarte å rette opp desse innan førsteferien var ute. I ettertid har vi hatt auka fokus på åleinearbeid og bruken av risikovurdering/handlingsplanar.

Utfordringa i Eining for hab/reh. er å kvalitetssikre gode tenester til brukarane. Dei fleste av våre brukarar har låg grad av buevne og dermed behov for høg grad av tenester og eininga har ikkje nok personale til å stette behova. Det meste av tenestene er bygd opp rundt brukara med høg grad av tenester, som utløyser tilskot. Personalet skal også ha tid og rom for tverrfagleg samarbeid med eksterne partnara.

Dei tilsette er kreativ, har høg grad av fagleg kompetanse og strekkjer seg lang for å utøve dei beste tenestene.

Bustadane som vert tildelt via Tildelingsnemnda, for målgruppa Eining for hab/reh. server, viser seg å være vanskelig å leie ut. Kostnaden på bustadane er til dels høge, i tillegg må dei betale eigenandel for praktisk bistand og opplæring.

Bustadane er ikkje egna for geriatri.

Søknadar om støttekontakt og avlastning er jamn, det er til tider vanskeleg å rekruttere enkeltpersonar og familiar til å ta på seg oppdraga. Dette medfører at det kan ta noko tid, før oppdraget vert sett i verk.

Som leiar for Koordinerande eining (KE), er det svært nyttig å vere i eit nettverk med dei andre kommunane. Nettverket vert organisert og leia av leiar for Koordinerande eining i Helseforetaket. Handlingsplanar som vert utarbeid vert sendt til Overordna samhandlingsutval for høyring og godkjenning. Den siste handlingsplanen vart godkjent for 2017-2019.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

Kvalitetssystemet i Compilo er aktivt nytta. Både i forhold til prosedyrar / retningsliner og meldte avvik. Alle våre tilsette nyttar verktøyet.

Avvik som er meldt i 2017 er 48 stk. Dei fleste er reg. som middels el. høg alvorlighetsgrad. Avvika vert lukka innan fristen, der avvika er relatert til brukarane, vert tiltakane ført i den enkelte sin journal. Risikovurdering vert også nytta, der avvika er av høg alvorleghetsgrad.

Det er faste møte i HMT-gruppa.

Alle våre tilsette vert delt inn i grupper og deltek i etisk refleksjons-gruppe.

Vernerundar med utarbeiding av handlingsplanar vert gjennomført årleg, desse følgjer også prosedyrar og vert meldt til AMU. Risikovurderingar vert som tidligare sagt, nytta aktivt. Eininga har årleg revisjon på tenestene/ gyldige vedtak pr. 1.jan.kvart år, til dei med diagnosen psykisk utviklingshemming, då desse tenestene utløyser tilskot til kommunen. Tilskotet vert utbetalt gjennom ramma til kommunen. Eininga har ikkje hatt brukarundersøking eller medarbeiderundersøking i 2017. Den neste er planlagt 2019. Medarbeidersamtaler vert årleg utført.

Måloppnåing.

Eining for hab/reh har målgruppa: Fagleiar, sosialkurator og miljøterapeuter og einingsleiar, der mål for kvart år vert utarbeid.

For 2017 har måla vore med spesiell fokus på kvalitetssikring av tenestene til psykisk utviklingshemma, bruken og nytten av fagsystemet Compilo, arbeidsmiljø og økonomi. Dette er mål ein ikkje kan seie seg ferdig med, men er mål ein arbeider kontinuerleg med.

Rekneskapet viste meirforbruk for 2017, og orsaka ligg til for høge budsjetterte inntekter gjennom ressurskrevjande brukarar. Det er då ikkje teke med tilskotet kommunen mottek, på bakgrunn av tenestene som Eining for hab/reh. utfører til målgruppen psykisk utviklingshemma.

HELSETENESTA – 3050

Kort skildring av verksemda:

Helsetenesta skal gje innbyggjarane i kommunen naudsynt helsehjelp, både førebyggjande og kurativt.

Eininga omfattar:

- Helsestasjons- og skulehelseteneste
- Jordmorteneste
- Offentlig legeteneste, -miljøretta helsevern og administrasjon
- Legetenesta, fastlege-, tilsynslege- og legevaktsteneste.
- Fysioterapiteneste
- Folkehelsekoordinator

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	18	18	17
Antal årsverk	15,09	15,49	15,46

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Legane gjennomfører godkjente kurs i regi av legeforeninga for å behalde spesialisering / få spesialisering.

Sårkurs og akuttkurs for tilsette på legekantoret samt laboratoriekurs.

1 helsesøster tatt cos-sertifisering elles har helsesøstrene og jordmor følgd fylkesmannen sine fagdager.

Ressursinnsats:

3050 HELSETENESTA		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	13 599 702	13 153 553	13 608 649	13 920 773	14 825 353
1-4	Drift	5 055 444	4 869 974	4 784 728	4 784 728	5 218 950
5	Finans	-	-	-	-	300 000
	Driftsutgifter inkl. finans	18 655 146	18 023 528	18 393 377	18 705 501	20 344 303
6	Salsinntekter	-5 371 478	-5 131 014	-4 892 995	-4 892 995	-5 798 732
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-1 706 282	-1 224 028	-1 045 288	-1 045 288	-1 915 001
	Driftsinntekter	-7 077 760	-6 355 042	-5 938 283	-5 938 283	-7 713 732
	Netto utgifter	11 577 386	11 668 485	12 455 094	12 767 218	12 630 571
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-136 647

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Ein lege har gått av med pensjon i juni og vi fekk tilsett ny fastlege i denne stillinga oktober . Det har også i år vore naudsynt å ha tilsett vikarar i kortare periodar både for å dekke bemanning på dagtid og på legevakt. Konstituert overlege gjekk av i løpet av året og vi fekk tilsett overlege i 20 % konsulentstilling for ei kort periode.

Vi fekk auka kommunal fysioterapeut frå 50% 100 % fast stilling. 50% stilling som helsekoordinator er vakant pr. i dag.

Vi har søkt etter helsesøster i prosjektstilling, men det har ikkje vore søkjarar. Vi har difor brukt noko av prosjektmidlane til jordmor, som har tatt over helsestasjon for ungdom. Helsestasjon for ungdom har også frå hausten av auka legetilbodet frå annankvar til kvar måndag. Helsestasjonen har hatt ein del utfordringar med sjukefråvær hausten, som gjekk ut over skulehelsetenesta med mindre tilgjengeleg helsesøster på skulane og klarer fortsatt ikkje å oppfylle helsedirektoratet si minstenorm for tilgjengelege helsesystemer i skulen. Stor pågang av elevar både i barne- og ungdomsskule som treng oppfølging av helsesøster. I 2017 har vi også hatt mange elevar i vidaregåande skule som treng oppfølging relatert til psykisk helse. Det meste av helsesøster si tid i skulen går til oppfølging av enkeltelevar, og det blir lita tid til helsefremmande og førebyggjande arbeid som er for alle elevar. Anbefalt program for kontrollar av spedbarn og småbarn er fulgt. Helsestasjonen har slutta med reisevaksinering pga lite bemanning. Det vart oppretta ei ny 100 % helsesøsterstilling frå 01.01.2018.

Det har vore arbeidd med ny legevaktordning og vi håper på ei løysing i løpet av våren 2018.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

Vi har 6 avvik i Compilo, det meste går på problem med dørlåsar.

Har tatt i bruk Compilo. Lagt inn årshjul og har starta arbeidet med prosedyrar. Vi har gjennomført vernerunde, risikovurdering og brannøving med alle tilsette på avdelinga. Ytterdøra ved inngang B fungera ikkje slik den skal. Vi opplever ofte at den ikkje går i lås og/eller i «vranglås» dette har vore eit stort problem og må løyast snarast.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017

Har fått auke sjukepleiestilling frå 80% til 100%.

Har fått rekruttert ny lege og medarbeidar som går av med pensjonen vår 2017.

Har fått auka stillinga som kommunal fysioterapeut frå 50% til 100%.

SOSIALTENESTA – 3060 - 3065

Kort skildring av verksemda:

Barnevern: Sikre at barn og unge får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Drive førebyggjande og tverrfagleg arbeid. Gi råd og rettleiing, undersøkingar, iverksette nødvendige tiltak og følgje opp. Råd, rettleiing og oppfølging av fosterheimar.

Psykiatri og Rusomsorg: Sikre eit lokalt terapitilbod til mennesker med alvorleg/påbegynnande psykiatri/rus lidingar.

Innvandrar og flyktingtenesta: Mottak, etablering og oppfølging av flyktingar for ei best mogleg integrering i lokalsamfunnet. Rådgjeving av flyktingar og innvandarar. Koordinerande instans i kommunen.

Husbank: Behandling av og rådgjeving av søknad av Startlån, utbetringstilskot, etableringstilskot og bustøtte.

Frivilligsentral: Frivilligsentralen skal fungere som møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige organisasjonar, samanslutningar og det offentlege.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	10	11	11
Antal årsverk	8,55	9,20	10

Antal årsverk i 2017 er fordelt som følgjer:

Psykiatri/Rus: 1,6 besatt delar av 2017 (2 stilling)

Flykting/innvandrartenesta: 1,5 besatt (1,5 stilling)

Frivilligsentral: 1 besatt (1 stilling)

Sosialtenesta (0,5 leiar, 0,2 merkantil, 0,3 reinhald): 1 stilling (1 stilling)

Barnevern (0,5 leiar, 0,3 merkantil, 3,0 saksbehandlar, 0,5 tiltak): 4,3 besatt (4,5 stilling)

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

- Kompetansesatsing Kommunalt barnevern – alle ansatte i barnevernet. Stranda kommune var ein av dei første kommunane i landet som fekk tilbodet som ein del av regjeringa si satsing for det kommunale barnevernet 2017-2024.
- Delteke på Barnevernkonferansen i regi av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Delteke på Husbanken sitt kurs i Startlån.
- Delteke på Betre tverrfagleg innsats (BTI) satsing lokalt i Stranda.
- Barnevernsrett kurs – kommuneadvokat.

Årsmelding 2017

- 2 ansatte har vore på opplæring i COS (veileder metode)
- Ein ansatt har vorte godkjent PMTO veiledar.
- Alle ansatte i barnevernet har delteke på Familieråd opplæring i regi av Bufetat.
- To ansatte har vore på PMTO landskonferanse – pliktig deltagelse for å behalde autorisasjon som PMTO terapeut.
- Flyktning og innvandrartenesta har delteke på konferanse retta mot integrering og opplæring (IMDI).
- To ansatte har delteke på saksbehandlingskurs for vurdering av bruk av tvang ved rus.
- Pågåande arbeid for å etablere Barnevernvakt i samarbeid med Giske, Sula, Sykkylven og Stranda.

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
3060-3065	SOSIALTENESTA					
0	Lønn	6 672 053	8 027 000	12 518 851	12 529 276	8 812 534
1-4	Drift	2 653 864	2 875 113	4 982 557	4 982 557	5 084 440
5	Finans	478 000	300 568	150 000	150 000	1 362 211
	Driftsutgifter inkl. finans	9 803 917	11 202 682	17 651 408	17 661 833	15 259 185
6	Salsinntekter	675	-60 500	-192 000	-192 000	-206 500
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-2 536 128	-6 034 756	-8 359 218	-8 359 218	-9 503 576
	Driftsinntekter	-2 535 453	-6 095 256	-8 551 218	-8 551 218	-9 710 076
	Netto utgifter	7 268 464	5 107 425	9 100 190	9 110 615	5 549 110
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-3 561 505

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

- Vi ser no at har eit svært redusert tilbod innan psykiatri/rus. Rekruttering av personell som innehar nødvendig kompetanse er vanskeleg. Vi klarer ikkje å stette oppfølgings behovet og har i dag venteliste. Vi har ikkje klart å rekruttere psykolog sjølv etter 3 gongs utlysing.
- Flyktning og innvandrartenesta har store arbeidsmengder som skaper utfordringar. Bu situasjonen med mangel på eigna bustadar er utfordrande. I 2017 tok vi imot 10 nye flyktningar. Til saman har vi no 19 vaksne på introduksjonsordninga og 10 born i barnehage, barneskule og ungdomsskule til saman.

Årsmelding 2017

- Manglande barnevernsvakt etter kl.16.00 og i helgar og høgtider. Gir eit mangelfullt tilbod til befolkninga. Kommunestyra i Giske, Sula, Sykkylven og Stranda har vedteke i 2017 i dei respektive kommunestyra eit samarbeid om barnevernsvakt.
- Barnevernet har hatt tilsyn i ei sak frå Fylkesmannen. Konklusjonen til Fylkesmannen var at barnevernet i Stranda hadde gode barnevern faglege vurderingar og hadde utført sitt arbeid etter lova.
- Kompleksiteten i sakene i barnevernet aukar, reduksjon av statlige hjelpetiltak har ført til at kravet overfor det kommunale barnevernet har auka. Vi må både undersøke og utføre tiltak - dette er ressurskrevjande personellmessig.
- Husbank – sårbart når det er kun ein ansatt som har kjenskap til og kan systemet.

HMT:

- I 2017 har eininga hatt tilsyn frå arbeidstilsynet vedr. Vold og truslar. Eininga fekk etter tilsynet pålegg om yttlegare kartlegging, risikovurdering, tiltak, plan og informasjon. Ein har gjennomført ny kartlegging og risikovurdering og pålegga er lukka.
- Vernerunde er gjennomført.
- Medarbeidersamtalar er gjennomført.
- Gjennomgang av Vold og trusselplan er gjennomført.
- Arbeid i Compilo/kvalitatssystem er eit pågåande arbeid.
- Det er meldt to avvik i Compilo i 2017 – desse er vidaresendt til rette instans og lukka.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017:

MÅL 1. Utarbeide opplæring og kompetanseplan for alle område avdelinga femnar om, for å møte statlege krav i tida som kjem.

I felleskap med personalet er det utarbeidd oppdatert kompetanseplan i barnevernet som viser til statlege krav. Det må arbeidast vidare med planar for dei andre fagområda i sosialtenesta.

MÅL 2. Veiledning av personell gjennom eksterne og interne tiltak.

Alle ansatte har delteke på opplæring og kurs innan sine fagområde. Enkelte ansatte har delteke på veiledning innan enkelt område.

3. BTI – Betre tverrfagleg innsats. Deltagelse i prosjektet, opplæring og innføring av gode tverrfaglege rutiner på tvers i kommunen.

NAV-STRANDA - 3070

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

NAV Stranda har 3 statleg tilsette og 1,5 kommunalt tilsette. I tillegg kjem leiar som er statleg tilsett og har delt leiarrolle med NAV Sykkylven. Det kommunale tenesteperspektivet i NAV Stranda inneheld minimumsløysing etter Lov om sosiale tenester i NAV. Dette inkluderer: økonomisk sosialhjelp, midlertidig bustad, Kvalifiseringsprogrammet, individuell plan og opplysning, råd og veiledning.

NAV jobbar med oppfølging av personar som treng bistand til å behalde jobb, eller til å skaffe seg jobb. Fokus er på dei brukarane som reng mest bistand for å kunne vere i arbeidslivet.

Prioriterte målgrupper er ungdom, langtidsledige og flyktningar.

NAV Stranda jobbar heilskapleg og på tvers av kommunale og statlege skilje og oppgåver. Kontoret har 4 veiledarar som følgjer opp sine brukarar heilskapleg, uavhengig av hjelpebehov. I tillegg har kontoret ei 0,5 stilling som gjeldsrådgjevar.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	2 kommunale 4 statlege	2 kommunale 4 statlege	2 kommunale 4 statlege
Antal årsverk	1,5 kommunale 3,5 statlege inkl delt leder med NAV Sykkylven	1,5 kommunale 3,5 statlege inkl delt leder med NAV Sykkylven	1,5 kommunale 3,5 statlege inkl delt leder med NAV Sykkylven

Tal på enkeltvedtak/saker *

	2015	2016	2017
Auke	138 (+35)		
Reduksjon		124 (-14)	98 (-26)

*Gjelds vedtak om sosialhjelp

Tal på brukarar **

	2015	2016	2017
Auke		29 (+2)	
Reduksjon	31 (-4)		33 (-4)

Årsmelding 2017

****Gjeld brukar med sosialhjelp**

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

NAV hatt ein person i etterutdanning i veiledningskompetanse.

Vi har vore på kurs i Sosialtenestelova og Ringar i Vatn.

Vi har dreve aktiv internopplæring innan alle NAV sine fagområder, knytt til omlegging av oppgåvefordelinga internt

Ressursinnsats:

3070 NAV		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	561 712	563 191	618 673	646 554	619 315
1-4	Drift	683 103	611 236	534 893	534 893	604 386
5	Finans	-	-	25 825	25 825	-
	Driftsutgifter inkl. finans	1 244 814	1 174 427	1 179 391	1 207 272	1 223 701
6	Salsinntekter	-	-	-	-	-13 571
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-11 528	-37 121	-	-	-35 360
	Driftsinntekter	-11 528	-37 121	-	-	-48 930
	Netto utgifter	1 233 286	1 137 305	1 179 391	1 207 272	1 174 771
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-32 501

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Vi har ei utfordring knytt til at vi har eit lite kontor med få tilsette. Dette gjer oss sårbare. Vi er sårbare ift kontinuitet, sjukefråvær, anna fråvær.

Vi ser ei utfordring i form av ein opplevd auke av brukarar med samansette behov og utfordringar innan rus/psykiatri.

Vi ser at mottak av flyktningar genererer auka ressursbruk. Vi samarbeider tette med flyktningtenesta, og vi ser at mange av flyktningane treng/vil trenge mykje bistand frå NAV for å kome i jobb og bli økonomisk sjølvstendige. Det er og ein naturleg utvikling at mottak av flyktningar vil gi ein auke i sosialhjelpsutgifter, men til no har vi ikkje sett ei stor utvikling som følgje av dette..

Kommunereform og forventningar om endringar knytt til NAV kontorstruktur (færre og større einingar) vil utfordre NAV lokalt. Det er signalisert at fleire oppgåver skal tilbake til

NAV kontora, men dette fordrar at kommunane og NAV organiserer seg med større NAV kontor.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar

NAV har ikkje hatt avvik i Compilo i 2017. Etter avtale har NAV Stranda nytta NAV sitt avvikssystem. Etter revurdering vil NAV Stranda ta i bruk Compilo i 2017.

- Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovurdering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m

NAV har gjennomført vernerune og riskikovurdering av lokale ift mottak av brukarar i 2017

- Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem

Etter avtale har NAV Stranda nytta NAV sitt avvikssystem. Etter revurdering vil NAV Stranda ta i bruk Compilo i 2017.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

NAV hatt eit lite mindreforbruk i 2017. Dette kjem av at vi har redusert sosialhjelpsutgiftene. Det har vi greidd gjennom tett og tidleg oppfølging av brukarane, som har ført til at brukarane har korte opphold der dei lever av sosialhjelp. Dei blir raskt veilede over i arbeid, utdanning eller til andre ytingar. Vi har jobbe med å krevje refusjon av utbetalt sosialhjelp der brukarane fått sosialhjelp i påvente av andre ytingar.

NAV Stranda har ein god gjeldsrådgjevingsteneste. Dette har vore eit viktig bidrag til både å halde sosialhjelpsutgiftene nede, og eit viktig bidrag ift å gjere brukarane i stand til å kome i lønna arbeid.

KULTUR OG FRITID – 4010 - 4014

Kort skildring av verksemda: (geografi, formål med drifta,)

Eininga omfattar Stranda folkebibliotek m/filial i Geiranger, Stranda kulturskule, Stranda ungdomsråd, allmenn kultur og idrett, kultur- og idrettsbygg, idrettsanlegg.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	12	14	14
Årsverk	6,0	6,6	6,5

Tal på utlån i bibliotek:

	2015	2016	2017
Stranda	8 867	9 535	9 800
Hellesylt	1 875	1 706	1 854
Geiranger	826	702	668

Tala for utlån Stranda 2017 er ikkje heilt klare endå, men vil lande ca. slik!

Tal på elevar og timar (60min) i kulturskulen (tal frå GSI). (Tal pr. skuleår).

	2015-16	2016-17	2017-18
Registrerte elevar i Kulturskulen	232	301	303
Elevar på venteliste	28	48	29
Musikk	1433	1604	1713
Dans	166	336	436
Andre kulturuttrykk	75	75	40
Sal til korps, skular og andre,	589	639	633

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

- Kulturleiar: Arbeidsgivers styringsrett – heildagskurs
- Kulturleiar: Risikovurdering – heildagskurs
- Rektor: Fullført 30stp «Ledelse av prosesser», Modulbasert Rektorskule
- Alle tilsette: Prosjektarbeid: Innføring av Rammeplan for Kulturskulen. Endra arbeidsmåtar og samhandlingsmønster. Prosjektet er ikkje avslutta.
- Alle tilsette kulturskulen: Deltatt på felles kommunal studiedag: Relasjonskompetanse v/Jan Spurkeland

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
4010-4014	KULTUR OG FRITID					
0	Lønn	3 082 531	3 608 087	3 820 805	3 911 523	3 902 205
1-4	Drift	2 838 946	3 717 235	2 350 399	2 350 399	2 824 184
5	Finans	117 430	62 152	-	-	73 873
	Driftsutgifter inkl. finans	6 038 907	7 387 474	6 171 204	6 261 922	6 800 262
6	Salsinntekter	-1 108 156	-1 434 650	-1 679 990	-1 679 990	-1 555 569
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-944 037	-1 524 597	-238 850	-238 850	-911 286
	Driftsinntekter	-2 052 193	-2 959 247	-1 918 840	-1 918 840	-2 466 855
	Netto utgifter	3 986 714	4 428 227	4 252 364	4 343 082	4 333 407
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-9 675

Kommentar til drifta frå einingsleiar: (kva har vore utfordringane i løpet av året positivt og negativt)

Kulturskulen: har langtidssjukemeldingar frå nøkkelpersonell. Påverkar drifta i svært stor grad, fører til sviktande inntekter og skuldast private tilhøve utanfor skulen. Svært gode og kompetente medarbeidarar som i dei fleste tilfelle yt meir enn forventa. Mange motiverte elevar. Godt samarbeidsklima mellom kulturskulen og andre skular i kommunen. Manglar tilrettelagt øvingslokale for dansefaget pga utvida tilbod og stor søknadsmasse.

Idrett: utfordringar ved idrettshallen med gammalt og slite utstyr, fleire feil på varme- og ventilasjonsanlegg, dårleg orden og åtferd av enkelte brukarar. Positivt for drifta med gode utleigeinntekter gjennom året.

Bibliotek: Fin auke i utlån og besøk jamt over, og gode tilbakemeldingar frå lånarar vedkomande service og tilbod. Utfordringa er 30% biblioteksjefstilling med å rekke alt pålagt administrativt arbeid.

Ressurssituasjonen både på økonomi- og personalsida er svært utfordrande for eininga. Det er lite eller ingen ting ein kan få gjort ifht det mangfaldet av kulturaktivitetar som trengst for å vere ei god kommune å bo i.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- Avvik i Compilo (antal) m/ kommentar:
- 4 avvik frå idrettshallen der 2=røymingsvegar blokkert av feilplassert utstyr, 1= feil temp. på vatn i dusjar, 1=mld. om bom som datt ned frå vegg
- Kva er gjennomført av HMT tiltak gjennom året t.d vernerunde, risikovudering, revisjon, medarbeidar og/ eller brukarundersøking m.m

Årsmelding 2017

- Det er utført medarbeidersamtaler med alle tilsette i eininga, vernerunde i idrettshallen og risikovurdering arbeidsmiljø
- Status arbeid i Compilo/ kvalitetssystem
- Står att å legge inn ein del dokument for eininga

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

Mål for eininga skissert i budsjettet er oppnådd, kulturpris er på vent pga økonomi.

PLAN/MILJØ/NÆRING - 5010

Kort skildring av verksemda:

Eininga omfattar sakshandsaming innan næring, landbruk, skogbruk, plan, kart, oppmåling og byggesak.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	6	6	8
Antal årsverk	6	5,45	7,2

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Stort utskifte av personale har ført til at mykje av midlane til kursing har gått til naudsynt opplæring og kursing av nytilsette.

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
5010	PLAN/MILJØ/NÆRING					
0	Lønn	3 696 577	3 832 439	3 954 236	4 078 819	4 144 631
1-4	Drift	5 176 874	4 789 566	4 623 827	4 623 827	4 998 509
5	Finans	1 302 483	809 271	821 396	821 396	810 779
	Driftsutgifter inkl. finans	10 175 935	9 431 276	9 399 459	9 524 042	9 953 919
6	Salsinntekter	-1 602 119	-2 150 144	-1 926 972	-1 926 972	-2 601 383
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-4 590 285	-4 173 654	-3 068 873	-3 068 873	-4 545 087
	Driftsinntekter	-6 192 404	-6 323 798	-4 995 845	-4 995 845	-7 146 470
	Netto utgifter	3 983 531	3 107 478	4 403 614	4 528 197	2 807 449
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-1 720 748

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Næring: Stor pågang av sakar innan landbruk og næring. Behovet for strategisk næringsplan, og politiske føringar for næringsutvikling, har vist seg gjeldande.

Skogbruk: Framleis stor arbeidsmengde i alle fagfelt innan skogbruk og viltsaker.

Plan: Stor saksmengde og aukande arbeidsmengde i 2017. Ein tilsett har arbeida med desse sakene, i tillegg til plansjef. Skifte av sakshandsamar i midten av 2017.

Kart/oppmåling: Stor saksmengde i 2017. To tilsette arbeidar med desse sakene. Skifte av sakshandsamar oppmåling i midten av 2017.

Byggesak: Stor saksmengde på byggesak i 2017. Ei ny sakshandsamar frå midten av 2017, og det er no to tilsette som arbeidar med byggesakar. I stor grad klart å halde sakshandsamingsfristar.

Generelt: Ei stor utskifting av personalet i 2017, førte til at det første halvår 2017 vart mykje jobb på få tilsette. Ein har fått inn kvalifisert personale på alle utlyste stillingar, og eininga fekk gjort mykje i løpet av 2. halvår 2017.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- Avvik i Compilo: 2 melde avvik.
- Må jobbe med å aktivt bruke Compilo som eit verktøy i HMT-arbeidet. Her har eininga eit stykke å gå.

Måloppnåing

Eininga har utover i 2017 greitt å levere gode tenester til innbyggjarane, og stort sett halde seg til gjeldande fristar for sakshandsaming.

KOMMUNALTEKNIKK - 6010

Kort skildring av verksemda:

Drift og vedlikehald av kommunale vassverk og reinseanlegg for avløp, samt tilhøyrande infrastruktur. Drift og vedlikehald av kommunale vegar, grøntanlegg og parkar.

Brannførebygging og brannberedskap.

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	13	14	14(52*)
Antal årsverk	13	13	13,94

(*dersom ein inkluderar brannmannskap)

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Ressursinnsats:

		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
6010	KOMMUNALTEKNIKK/BRANNVERN					
0	Lønn	11 459 772	14 744 754	14 823 910	14 967 879	16 160 914
1-4	Drift	33 128 339	23 274 246	31 072 023	31 072 023	24 146 114
5	Finans	11 496	4 380 923	3 883 247	3 883 247	2 607 096
	Driftsutgifter inkl. finans	44 599 608	42 399 924	49 779 180	49 923 149	42 914 123
6	Salsinntekter	-24 793 481	-24 508 371	-34 451 989	-34 451 989	-26 544 890
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-5 970 298	-4 767 586	-2 823 106	-2 823 106	-3 844 320
	Driftsinntekter	-30 763 779	-29 275 957	-37 275 095	-37 275 095	-30 389 210
	Netto utgifter	13 835 828	13 123 967	12 504 085	12 648 054	12 524 913
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					-123 141

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Brann/feing: Det vart krav til feing av hytter frå 2017. Vidare er utdanning av brannmannskap godt i gang, men det er kostbart å gi alle tilsette den lovkravde utdanninga.

Veg: Mykje ressursar i samband med reasfaltering av kommunale vegar har ført til at ein har fått tatt igjen mykje veg som har vore naudsynt å rehabilitere. Særs positive tilbakemeldingar på dei områda som har vorte tatt. Mykje står att, men ein vonar at med fortstatt fokus på asfaltering i investeringsbudsjett, så vil ein kunne gjere mykje kvart år. Utfordring at det berre er ein tilsett som arbeidar med veg. Ein snørik vinter har gitt høge kostnader på brøyting.

Vatn: Ein har hatt 11 brudd på vassledingar i 2017. Utanom vanleg drift og vedlikehald, har det i 2017 vært mykje arbeid med prosjektet Sve-Berge-Lien.

Avløp: Også her har det gått mye tid på prosjektet Sve-Berge-Lien. Rehabilitering av ledninger i flere områder, deriblant Småbåthavna og Storgjerde.

Park: Vanlig drift igjennom året. Sesongen til parkavdelinga blir lenger pga. forlenga turistsesong.

Teknisk generelt: Det er i 2017 tilsett ein ingeniør på veg, vatn og avløp. Dette er svært viktig for drifta, særskilt med tanke på vedlikehaldsplanar og anbodsarbeid.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- Avvik i Compilo: 2 melde avvik.
- Eininga må jobbe for å bruke Compilo aktivt i sitt HMT-arbeid. Her har eininga eit stykke å gå.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017)

Ein har starta utskifting av eternittledningar, men arbeidet vart ikkje ferdig i 2017. Men ein har starta et arbeid etter ei langsiktig plan, og ligg i rute i høve planen.

Eininga har fått heva kompetanse på regler innan vatn og avløp, og offentlege anskaffingar.

Eininga fikk mykje midlar til asfaltering av kommunale veger, og dette har gjort at kommunen har hatt god framdrift på vedlikehaldet på vegane.

BRANNVERN - 6010

Personell:

Mannskap Brannvernet pr. 31.12.2017:

Stranda 20 pers
Hellesylt 10 pers
Geiranger 10 pers (2 ledige stillingar)
Tilsette feiervesenet 2 stk.
Brannsjef 1 stk. (leiar forebyggande og beredskap)

Utrykningar og oppdrag:

Antall oppdrag reg. hos 110-sentralen: 72 stk.

Utrykning på 52 av desse er fordelt slik:

- 17 unødige alarmer
- 7 trafikkulukker
- 6 brannar/tilløp til brann i bygning
- 2 bilbrannar
- 1 skogbrann
- 4 helseoppdrag
- 7 bistand helse/ambulanse
- 2 bistand politi
- 1 akutt forureining
- 1 restverdioppdrag
- 4 annen assistanse

Øvingar:

- Hellesylt 10
- Geiranger 10
- Stranda 14

Øvingsaktiviteten er høg, men kvalitet og evaluering ber preg av for liten bemanning til å kunne planlegge og gjennomføre øvingar på ein tilfredstillande måte.

Kurs og opplæring

Kjemikalievern 4 dager:	2 stk
Grunnkurs brannvern 208 timer:	11 stk
Nettbasert brevkurs:	3 stk.
Køyrekurs (blålyssertifikat) 10 dagar:	3 stk.
Tunnelkurs Åndalsnes 2 dagar:	1 stk.
Sertifikat kl. C:	2 stk.

Årsmelding 2017

Kursaktiviteten i 2017 er den høgste brannvernet har hatt noko tid. Dette viser att i rekneskapen. Brannvernet har hatt eit stor etterslep av lovpålagd utdanning av mannskapet, noko ein har tenkt å ta att dei neste åra.

Oversikt over manglande kompetanse (krav ihht. Dimensjoneringsforskriften)

<u>Kurs</u>	<u>Antall som manglar</u>	<u>pris pr stk.</u>
Grunnkurs:	18-19	ca. kr.85.000.-
Beredskapskurs 1:	5	ca. kr.80.000.-
Beredskapskurs 2:	7	ca. kr.80.000.-
Beredskapskurs 3:	3	ca. kr.70.000.-
Sertifikat kl. C:	3	ca. kr.80.000.-
Kode 160 (blålyssertifikat):	11	ca. kr.55.000.-

Forebyggande tilsyn og feiing

Særskilde brannobjekt (§13 – bygg)

A-Objekt: 34 5 stk gjennomførte tilsyn

Mål for gjennomføring av lovpålagde tilsyn ikkje oppnådd. Dette pga. manglande bemanning.

B-Objekt: 20 0 stk. gjennomførte tilsyn

C-Objekt: 0

Antall piper feia:

1170 av 2616.

Mål for gjennomført arbeid er oppnådd.

Antall tilsyn bustad og hytter:

299 stk.

Mål for gjennomført arbeid er oppnådd. Tilsyn må prioriterast for å kunne gjennomføre lovpålagde tilsyn også i fritidsbustadar.

Deltaking i brannforebyggande kampanjar m.m.

Komfyrvaktkampanjen

Røykvarslerens dag

Open brannstasjon

Brannvernveka

Aksjon boligbrann

Ulike fagdagar innan forebyggande o beredskapsarbeid.

Mål for brannforebyggande aktivitetar som myndigheitene (DSB) legg rette for er oppnådd.

Brannsjef har 15% av si stilling som beredskapskoordinator i kommunen.

Redningsverktøy Hellesylt	160 000.-
Vaske/tørkevogner	25 000.-
Brannslangar	35 000.-
Vaskemaskin Geiranger	30 000.-
Redningsvestar	7 500.-

HMT-arbeid

Brannvernet har eit stort fokus på HMT i det daglege arbeidet. Fokus på rein og skitten sone på brannstasjonar og brannbilar er høg.

Vernetiltak og rutinar for feiarpersonell mtp. støv og sot er også i fokus.

Alle mannskap har tilgang til avvikssystemet/kvalitetssystemet Compilo.

Det har ikkje vore skadar eller ulukker blant dei tilsette i brannvernet i 2017.

Verneombod er Øyvind Lyngstad.

Brannvernet hadde tilsyn av Arbeidstilsynet i 2016.

Ein har etter dette tilsynet brukt ca. kr.100.000.- på å rette avvika.

Alle avvik, unntatt arbeidsforhold på Geiranger brannstasjon er lukka. Målet er å kunne bygge ny brannstasjon.

VAKTMEISTERTENESTA - 7010

Kort skildring av verksemda:

Drift og vedlikehald av kommunale skular, barnehagar, omsorgssenter og idrettshallar. Dagleg vedlikehald og dels tilpassing av hjelpemiddel ligg også til vaktmeistertenesta (50%).

Bemanning:

	2015	2016	2017
Antal tilsette	4	4	5
Antal årsverk	4	4	4,2

Kompetansehevande tiltak: (prosjektarbeid, etterutdanning)

Ikkje prioritert i 2017. Berre mindre kurs som har vore naudsynt for drifta.

Ressursinnsats:

7010 VAKTMESTERTENESTA		Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Budsjett 2017 Opprinneleg	Budsjett 2017 Justert	Rekneskap 2017
0	Lønn	2 090 002	2 314 683	2 383 103	2 414 610	2 483 783
1-4	Drift	758 588	1 178 883	727 589	727 589	821 134
5	Finans	-	-	-	-	-
	Driftsutgifter inkl. finans	2 848 590	3 493 566	3 110 692	3 142 199	3 304 917
6	Salsinntekter	-	-	-	-	-
7-9	Overføringar til eininga(ne)	-377 822	-240 263	-	-	-41 645
	Driftsinntekter	-377 822	-240 263	-	-	-41 645
	Netto utgifter	2 470 768	3 253 304	3 110 692	3 142 199	3 263 272
	Meirforbruk(+)/Mindreforbruk(-)					121 073

Kommentar til drifta frå einingsleiar:

Det var ved starten av 2017 naudsynt å gå til innkjøp av diverse verktøy og utstyr til felles bruk for heile eininga, då det ikkje har vore prioritert ved tidlegare høve.

Dei tilsette vaktmeistrane har arbeida hardt med å få dei løyvde midlane til å strekke til mest mogleg, men vedlikeholdsetterslepet på fleire kommunale bygg er stort, og vaktmeistertenesta har ikkje hatt ressursar nok til å dekke alle einingars ynskjer og behov. Dette gjev eit stort press og belastning på vaktmeistrane, og ein er nær ved å slite ut dei tilsette om ein ikkje sett inn tiltak. Det er viktig at eininga strukturerast og organiserast på ei slik måte at dei ansatte til ei kvar tid har kontroll og oversikt over kva oppgåver som skal prioriterast.

Det er si stor utfordring at vaktmestertenesta ikkje har eige verkstad og lager. Dei områda som tenesta disponerer i dei forskjellige bygga, er ikkje tilrettelagt for ei samordna vaktmeisterteneste, og er stort sett ikkje egna for det behovet ein har i dag i tenesta.

I tillegg er det store oppgåver, særskild innan utandørs måling, som står for tur. Dette er ikkje mogleg å ta som investeringprosjekt, men vil i all hovudsak måtte dekkast over driftsbudsjettet. Med dagens løyvingar vil ein ikkje kunne male nokre av dei aktuelle bygga, då det er snakk om summar på mellom 0,5 og 2 millioner kroner i kostnad per bygg.

HMT: Helse- miljø- tryggleik

- Avvik i Compilo: 19 meldte avvik til Vaktmeistertenesta. Hovudsakleg vedrørande manglande vedlikehald og akutte problemer ved einingane. Nokre avviksmeldingar på for høg arbeidsbelastning.
- Eininga har utover 2017 blit flinkare til aktivt bruke Compilo i høve HM-arbeidet.
- Fokus på tiltak for få ned arbeidsbelastninga.

Måloppnåing jfr. mål skissert i budsjett for 2017

Ikkje definerte mål for 2017 utover det å halde bygga ved like. Det er gjort eit godt arbeid med dei midlane ein har fått tildelt, men ein ser at det ikkje er tilstrekkeleg for naudsynt vedlikehald.

VEDLEGG 2 – ÅRSMELDING FRÅ UTVAL

PAU – PARTSSAMANSETT UTVAL

7 medlemmar

2 medlemmar frå organisasjonane

Medlem	Funksjon	Varamedlem
Jan Ove Tryggestad Ann Kristin Langeland Randi Sæter Arild Ringdal Frank Sve Svein Erik Rimstad Elisabeth Opsvik	Leiar Nestleiar	1. Svein Lunde 2. Jostein Dalen 3. Amalie Birkhol 4. Inger Abelsen
Organisasjonane (2) HTV for UDF Jens Vik HTV for Fagforbundet Øyvind Lyngstad		Organisasjonane: UDF Trude Rolfsen Skogly Fagforbundet Annbjørg Øye

Saksbehandlarar er rådmannen og personalstab. Personalsjef er sekretær for utvalet.

MØTEAKTIVITET:

- 3 møter
- 12 saker

VIKTIGE SAKER M.A:

- Tilsetting kommunalsjef
- Retningsliner konflikthandtering
- Revidering diverse reglement

FHU – FORHANDLINGSUTVALET

Parti	Medlem	Funksjon	Varamedlem
SP	Jan ove Tryggestad	Leiar	
AP	Arild Ringdal		
FRP	Gro Anita Loen Sve		

Årsmelding 2017

			1. Ann Kristin Langeland 2. Eliabeth Opsvik

Personalsjef er saksbehandlar og sekretær for utvalet.

MØTEAKTIVITET

- 3 møter
- 12 saker

VIKTIGE SAKER M.A:

- Gjennomført årleg lønsregulering kap. 3.4.1
- Særavtale brann SFS 2404
- Fastsetting løn kommunalsjef

MERKNAD

Det er utarbeidd reglement for forhandlingsutvalet (FHU).

FHU legg føringar på dei lokale lønsforhandlingane som er delegert til administrativt løns- og forhandlingsutval (ALF).

ALF – ADMINISTRATIVT LØNS- OG FORHANDLINGSUTVAL

MEDLEMMER

VARA (ikkje personleg)

Rådmannen – leiar

1. Ass. rådmann

Personalsjef

2. Kommunalsjef plan og utvikling

Kommunalsjef oppvekst

Saksbehandlar og sekretær: Personalsjef

MØTEAKTIVITET

- 8 møter
- 11 saker

VIKTIGE SAKER

- Gjennomført årleg lønsregulering kap. 3.4.2 og 5.2
- Diverse lønsvurderingar etter HTA kap. 4.2.2 Særskilte forhandlingar, 4.2.3 Behalde og rekruttere og 4.2.4 Kompetanse
- Drøftingsmøte med organisasjonane/ hovudtillitsvalde
- Hovudoppgjer- Lokale lønsforhandlingar kap. 5 og kap. 3 pr. 1.5.2015.

MERKNAD

Lønnsfastsetting ved nyttilsetting er delegert til ATU- administrativt tilsettingsutval. Sakene i ALF som gjeld lønsvurderingar/ lønsfastsettingar/ stillingstittelendring krev forarbeid i samband med saksbehandlinga.

Årsmelding 2017

Forhandlingar med alle prosedyrar og tidsfristar krev tid til førebuing, gjennomføring og evaluering/etterarbeid.

Det er utarbeidd retningslinjer for administrativt løns- og forhandlingsutval (ALF).

AMU – ARBEIDSMILJØUTVAL

MEDLEMAR FRÅ ARBEIDSGJEVARSIDA

Tone M. Lillebø
Venke Kleppe (leiar)
Julianne Søvik
Lill Gullbekkhei

VARAMEDLEMAR

1. Aina Holmberg
2. Hilde Brekke

MEDLEMAR FRÅ ARBEIDSTAKARSIDA

Bodil Lie – UDF
Øyvind Lyngstad – FFB
Trond Otto Berg- Skolelederne
Lars Terje Myklebust

VARAMEDLEMAR

1. Steinar Årberg
2. Roald Rekdal

Bedriftshelsetenesta Stamina Helse vert innkalla til alle møta i utvalet, rådgjevande rolle.

Personalsjef er sekretær og saksbehandlar for utvalet - Ingen vara.

MØTEAKTIVITET

- 4 møter
- 31 saker

VIKTIGE SAKER

- Årsmelding AMU 2015
- Årsrapport Stamina helse 2015
- Stamina Helse– handlingsplan for systematisk HMT arbeid. Utarbeidd handlingsplanar for alle einingane.
- Diverse rapportar (referatsaker) frå Stamina Helse vedkomande arbeidsplassvurdering, kartlegging ergonomi/ psykososialt arbeidsmiljø etc.
- Rapportar etter gjennomført vernerunde (innan 15.mai kvart år).
- Tiltaksplan i samband med vernerunde.
- Orientering om budsjett 2017 og økonomiplan 2017 -2020
- Sjukefråværsstatistikk (fast sak)
- Bruk av overtid (fast sak)

MERKNADER

- AMU har som mål å ha minimum 4 møter pr. år.

ATU – ADMINISTRATIVT TILSETTINGSUTVAL

TILSETTINGSUTVALET HAR SLIK SAMANSETTING

- Personalsjef – leiar
- Einingsleiarar – medlem for eiga eining
- Konsulent løn/ personal- medlem alle saker
- Konsulent Stranda distrikt (medlem i saker som gjeld Stranda distrikt)

Varamedlem – rådmannen/ kommunalsjef

Ved tilsetting av einingsleiarar

- Rådmann – leiar
- Ass. rådmann
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef plan- og utvikling
- Personalsjef

Saksbehandlar: Personalsjef (Janet Alme), konsulent lønn/ personal (Sølvi Ringset), konsulent Stranda distrikt (Kathrine E. Sanchez)

MØTEAKTIVITET

- 14 møter
- 65 saker

Kvar sak krev sin behandlingmåte, frå kunngjering, annonsering og søknadsprosess til tilsetting med intervju, innhenting av referansar og saksbehandling. Tidsaspektet er viktig og vi legg vekt på å få ei tilsettingssak behandla riktig, raskt og formelt.

MERKNAD

Ved annonsering brukar vi kommunen si heimeside, nav.no og henvisningsannonse i aviser. Det vert nytta elektronisk søknadsskjema. Med bakgrunn i stadige endringar av lovverk, føresegner og avtaleverk, er vi bevisst på å ha den formelle sida i orden ved utlysing og tilsetting.

Vi har ein god dialog med einingsleiarane i tilsettingssakene og nyttar oss av intervju i dei aller fleste tilsettingar. ATU fastset løn ved ny- tilsetting dersom dette ikkje er heimla i hovudtariffavtalen.

Det er utarbeidd retningsliner for administrativt tilsettingsutval (ATU).

